

GARDEN SØLVBERG
OG
FOLK SOM HAR RØTER DER

Øens Prenteverk
Førde 1952.

GARDEN
SØLVBERG

OG

FOLK SOM HAR RØTER DER

VED

ARNE SØLVBERG

Føreord.

Kva tid det først vart busetnad på Sølvsberg, veit ein ikkje, og den eldste gards- og folkesoga er difor ukjend. Det er i dette skriftet gjort ein freistnad på å samle det meste ein veit no om garden og folket der. Det som J a k o b Å l a n d har skreve om garden, er ikkje teke med her, då det er tilgjengeleg annanstad. Sjå Gards- og Ættesoga hans om Innvik og Stryn side 347. Derimot er teke etter J. A. namn på brukarane på dei ymse bruk — i nommerrekke for skuld tilvisingar med omsyn på utflyttarar. Ein er klår over at skriftet ikkje gjev fullnøyande opplysningar. Som ein vil sjå er det nemnd mange personar som har flytt ut, og etterkomarane deira er ikkje komne med. Dei b u r d e vore med «til siste skudd av stammen». Men vonleg kjem det tillegg som bøter på dette. Skulle det finnast feil, kan desse ha ymse årsak, feil opplysningar, feilskrift eller korrekturfeil. Skjønsame lesarar vil sikkert årsake. Trass det ufullkomne har ein likevel von om at skriftet vil ha noko verd ved å gje nøring til ættekjensle og samkjensle.

Det har vore ein hugnad å arbeide med samling av stoffet, då ein frå alle kantar er møtt med interesse og velvilje. Difor mi vyrdsame takk til alle som gav opplysningar og kom med bilete. Dessutan takk for økonomisk studna ved utlegg for klijear og førehandstinging av skriftet. Utan slik moralsk og økonomisk studna, ville tiltaket ikkje ha lukkast.

Naustdal, Sunnfj., 1. okt. 1951.

A r n e S ø l v b e r g.

Underskrivarane her, vi som f.t. sit med styret på dei ymse bruk på Sølvsberg, ser dette skriftet som eit verdfullt tiltak — og vil så godt vi kan hjelpe til med utgjevinga. Og vi er glade for at vi på denne måten kan vere med å reise dei gamle eit minne, sende slekt og frendar ei helsing og byggje bru frå fortid over notid til framtid. Vi vonar at skriftet i nokon mun vil kunne tene som samlingsmerke for folk av Sølvsbergsætt, dei, som no lever og dei som kjem etter.

Sølvsberg i okt. 1951.

Anders Isakson. Jon Matiasson. Bent. Bentson. Anders Matiasson,
Ola Andersson. Anders Nilsson. Matias Nilsson. Steffen Støve.
Kornelius Matiasson. Marius Matiasson. Anders Matiasson (Fjellvang).

I.

Garden — folk og arbeid.

Garden Sølvsberg ligg i Innvik herad, Nordfjord — på nord-sida av fjorden omlag 300 m. over sjøen. Frå sjøen og opp over til der husa står er stupbratt og vert nemnd Berjet. Omlag i same høgd ligg Ulvedal, Bergset, Jevnlid, Fjellkårstad, Gald og Nos. Dei tre siste vert nemnd Ytrefjella og ligg noko høgre. Jevnlid, Bergset og Sølvsberg er nemnd Indrefjella. Til saman er det ein skulekrins og det offisielle namnet på grenda er Fjelli.

Når framande reiser inn fjorden med båt og ser mest berre bratte berg, ur og hamrar, så får ein gjerne ein tokke av «uren, luren, himmelturen, steinrøys, steinrøys, sveltihel». Men får ein auge på dei svære husebygningane, så tek ein til å tenkje på at der kanskje likevel må vere noko å leve av. Og tek ein turen opp på garden, så får ein vissa. Er det sommardag, får ein høyra knitring av slåmaskina på kvar gard, og er det vinterdag, får ein høyre taktfaste øksehogg i skogane. Sølvsberg er største garden i grenda —og skal vere den neststørste i heradet.

Jakob Aland har i bygdeboka om Innvik og Stryn kalla garden *S e l b e r g* og meiner at namnet kjem av sel (tæterhus) og berg. Etter dette har garden først vore ei sæter. Det er truleg, men ikkje sikkert. Skal ein halde seg til denne teorien, så må ein sjå seg om etter dei som brukte denne sætra. Det måtte vel helst vere nokon frå grannebygdene, Blaksetbygda eller Randabygda. Dette er lite truleg, for så langt attende i tida var det truleg ikkje større bølingar i desse bygdene enn at det var meir enn nok beite åt dei. Skulle nokon ha bruk for sæter her, så er det lettare å tru at vi finn dei ved sjøen. Segna seier at første mannen som budde på Sølvsberg heitte Rolv. Det går an

å tru at han budde ved sjøen — både på Sølbergseigna og Bergseteigna der. Mykje foring til beist kunne ein ikkje samle der nede. Når folkelyden auka, så måtte det fleire beist til og. Så måtte dei tilfjells og samle foring. Og der oppe var gode sommarbeite. Så jagde dei krøtera dit og bygde fjøs og sel. I lengda vart det tungvinnt å transportere høyet til heimen ned med sjøen. Så bygde dei hus til vinterbruk der oppe, og så vart sætra gard med namnet Selberg.

Presten Solheim, som ofra mykje tid på gransking av namn hadde ei onnor tyding. Det skal vere Sølberg, Sølberg eller Avsølberg, for der må vere avsølt — sola kjem seint om morgonen eller går tidleg ned om kvelden. Denne tydinga har lite for seg. Det kan vera rett nok at sola gladar noko tidleg om kvelden, men ikkje tidlegare enn flestalle stader som ligg i sudhall med fjell eller høgdedrag bak. Trass i alt har garden høg solgang om sommaren og meir vintersol enn dei fleste stader i vid omkrins. Solberg skulle difor høve betre. Men namnet kan likevel ha noko med sola å gjere. Ligg ein stad slik til at der er mykje sol, så vert det sagt at der er sølt, og ein lyt vel medgi at her er sølt. No er det ein annan gard i sokna som heiter Berge og for å skilje han frå denne, vart det Søltberge og seinare Sølberg — på same måten som Kårstad fekk Fjell som førestaving for å skilje frå Kårstad i Utvik. Men kvar er så v-en komen frå? Han har ikkje heime korkje i sel eller sol. I bygdemålet heiter det Søllberje. Ein eller annan «samvitsfull» embetsmann kjende seg truleg kalla til å rette på «ålmugemålet», så det vart meining i namnet og sette inn v-en. No har namnet vore skrive Sølberg i om lag 200 år, så det er vel ikkje mange som vil brigde skrivemåten til Sølberg eller Selberg, serleg då ein ikkje er stød på kva som er rett.

Dei frå garden som har busett seg i Amerika har brigda skrivemåten til Solberg — likeins som dei frå Kårstad har brigda til Korstad — av praktiske grunnar. Det engelske alfabetet har nemleg ikkje bokstavane å og ø.

Husa var bygde under og langs ein hammar, og kjem namnet av sel, så var det vel hammaren som hadde namnet Selberget og så gjekk dette over på garden.

Ein kan gisse vidare, men desse gissingane har interesse berre for dei som er knytte til garden. Etter segna skal Fomyra ha namn etter fru Fo, kona til Rolv. Ho skulle vera gravlagd der. På øvste delen av myra låg Laåkren. Der må ha vore ei lade. Sanka dei som budde ned med sjøen for oppe på høgda, så låg dette lagleg til og det var vonleg dei som hadde lade der og kanskje myra heitte Fõrmyra og fru Fo kom inn seinare som segn.

Etter Rolv har ein namna Rolvhellaren og Rolvsura. Segna seier at Rolv var gravlagd i denne ura. Men då er det truleg han budde ved sjøen, for ura ligg ikkje langt frå bustaden der.

Etter kvart det auka med folk, auka også interessene oppe på høgda og bustaden ved sjøen kom attom og vart to plassar, ein innafor og ein utafor elva. Det var dessutan to andre plassar, ein på Kleiva og ein på Fohaugen. Siste brukaren der heitte Amund. Han kom på legd. Amondebrua har namn etter han. Plassen ved sjøen vart øyde ei tid. Ingen og alle oppe gå garden åtte han, til han vart skift for nokre år sidan.

Det vart fleire huslydar, der vart trong for meir åker og slåttemark. Bøgarden laut flyttast gong etter gong. Ymse namn fortel om dette. Namn som Berkviåkren, Dakvihaugen, Torekvia og Haugekvia, fortel at det var kvier der og låg då i utmarka. Når bøgjerdet vart flytt, kom både desse og andre kvier innom. Namnet Nygrinda fortel at ein gong gjekk bøgjerdet der. Staden der ho stod heiter endå Nygrinda, men der er inga grind og bøgjerdet er kome fleire hundra m. lenger vest. Når gjerdet vart flytt, så måtte gardfjøsane kome etter. Fjõstufthaugen fortel at det ein gong stod gardfjõs der.

Om framgangen fortel elles dei offisielle oppgåver over fodna og avling.

I 1723 hadde garden 6 hestar, 57 naut, 50 sauer og 30 geiter og avlinga var 62 og ei halv tunne havre.

I 1868 10 hestar, 79 naut, 266 sauer og 8 griser, og avlinga hadde auka til 79 t. havre, 78 t. bygg, 62 t. poteter og 3645 våger høy. (Ei våg = 24 kg.)

Nye beite måtte ein og ha. Skårane som ligg lågast høvde godt for beiting vår og haust, men var stengd av naturen. Så la dei mur og bygde veg — Skårakleiva. Neste stenge var Inste-Liaelva. Så vart det bygd bru ved Nerevadet og Midvadet.

J. Å. gissar på at Bakketunet er det som i gamle skrifter er nemnd Øvretun. Mot dette protesterar eldre folk, m. a. den 86 årige Peder J. Solberg (Amerika). Mangt tyder på at Øvretun låg ovafor Inntunshaugen. Under jordbryting der fann dei tunheller og visn etter tufter, ein «slettestein», (vart brukt som persejarn) og ein halv handkvernstein. Ymse namn tyder og på bustad der — Stoveåkren, Stoveåkerbakken, Stabburvollhesa, Smieåkren og Oppigardsmyrane. Det var høveleg med tun der, for der var vatn, Fingsgrova. Vatnet til «Stortunet», under hammaren er grøfta fram over Hjellmyra frå Fingsgrova. Før det vart gjort hadde dei vatn berre frå kjelda i Sålebota. («Lyftingguten», K. M. S. har hjelpt til med desse gissingane.)

Det gamle tunet var som ei røys av hus. Mange stod vegg i vegg med smale smog imellom. Frå langt attende var det 6 bruk — eit hadde husa på Bakken som no og dei andre i «tunet» under hammaren — frå elva i vest og innerter. Ein vil skjønna at det vart trongt, når kvar brukar hadde 8 — 10 hus med smått og stort. Det var stova, nystova eller buda, masstova, stabbur, kyrafjõs, sauefjõs, grisehus, hestestall, løde og ymse småhus. Vedahuset var helst eit tilbygg til eit av dei andre. Men trass

i at det var trongt, var det hugnaleg grannane imellom. J. Å. som har granska dokument frå farne tider, har ikkje funne noko som tyder på grannestrid her, heller ikkje strid med grannegardane. Skillelinene der var elles greide — mot Bergset Storelva og mot Fjellkårsstad ytste Liaelva. «Av beste ting som himlen gav er godt og roligt grannelag», song Frimann i si tid, og det ser ut som denne himmelgåva var høgt vyrd mellom grannane her. Det er ikkje langt frå ein kan likne det med ein stor huslyd. Alle visste om alle. Om ein ynskte det, så var det ikkje råd å leve i duldo. Ein steig inn til kvarandre utan å banke på og venta på «kom inn». Ein «slapp inn kvar ein vilde, om endå folket kvilde», som Åsen seier det, og «ungane» leika seg eller «stya» seg snart i eine og snart i andre stova, og dei vaksne «var like milde». Dei hadde så mykje hopehav, i sorg eller glede i yrkje og arbeid. «Og var det nokon som der leid vondt og vart for tap og spille», så var det berre ei glede å hjelpe. Var det nokon som skulle ha eit større arbeid føre t.d. taktekkjing, så var det opplagt at grannane var med. Ei slik handsrekkjing vart ikkje rekna betaling for. Det var så sjølv sagt, og neste gong var det ein annan som trong.

Dei gamle Perhusa stod for det meste der dei nye vart bygde. Stabburet nærast elva, så nystova, dei andre uthusa og fjøsane noko lenger nede. Stova innst — i rad med Bentstova og Andersstova. Dei stod alle tre med døra opp mot vegen. Smoga i mellom heitte Bentsmottet og Anderssmottet. Isakhusa stod delvis der våningen står no — nokre av dei noko lenger inne. Og så Inntunshusa innafor. Fjøsane og ymse andre uthus nedafor vegen. Bentnystova, eller buda og stabburet nedafor stovene — på Fjøsadvadet. Anderskyrafjøset stod og der. Men elles har truleg Fjøsadvadet namnet sitt frå fjøsar der i endå eldre tid. Bentløda og Mass-stova og fleire småhus under hammaren mellom elva og Isakhusa. Kvart bruk hadde smie. For skuld eldsfåren stod desse i god fråstand. Persmia og Bentsmia stod utafør Langåkrane — ei på kvar side av vegen der, Inntunsmia oppe i bakken ovafor der våningen står no, og Isaksmia lenger ute i bakken.

Vegen gjennom tunet gjekk omlag som no, men svinga opp tett ved elva, kroka seg opp til og mellom Bakkehusa. Over elva

var klopp av digre heller. Vegen som no ligg skrålagd frå elva og ut opp over var bygd i 1890. To breimningar stod føre — elles vart arbeidet gjort i felagskap av brukarane.

Under stova var kjellar utan glas. Inngangen eller nedgangen til denne var ei luke i golvet med trapp ned og ein jarnring i lukelemmen å lyfte han av etter. Stova var stor, og det trongst, for serleg om vinterkveldane skulle både karane og kvinnene ha arbeidsplass der. Husmora med to tre ternar eller vaksne døtre skulle ha rom for kvar sin rokk, og stundom også for rennebommen og vevstolen. Og i myrkninga kom karane med bandekrakken og hatlestakar som skulle kløyvast og smiast. Bandekrakken var husbonden sin plass frå mørkninga til sengetid, og frå otta om morgonen til det ljosna. Og dei andre karane var heller ikkje gjerandlause. Det var så mange slag arbeid, så mangt å bøte og halda istand. Det var bytter, koppar og stampar til fjøs og stall — som skulle ha nye band — eller nye kjerald skulle laggast, sko skulle vølast, ein slede skulle ha nytt drag, ei øks nytt skaft osb. Frå skogen hadde dei kanskje med eit godt tvore-emne, eller ein hadde råka på ein bjørkestuv med kraftige renningar. Alt måtte nyttast. Av renningane vart det vidjar. Det var bruk for mange slike, serleg når banda skulle buntast — tre vidjar til kvar bunt (40 halvband). Slike småting frå skogen var elles godt å ha med når ein skulle «til havs». Der var avsetnad. Fiskarane hadde bruk for hamlevidjar til båtane. Det skulle både vit, omtanke og framsyn til, skulle ein fylle romet som husbond eller husmor. Ein hadde ikkje krambuda å springe til, om ein stod i beit for noko. Ein laut sjå minst eit år fram over og ha ferdigt det ein til kvar tid kunne få bruk for. Og slikt førebuingsarbeid var gjerne kveldsarbeid om vinteren. Stabben var fast møbel i eine kråa. På eine sida av denne var bora eit hol. Der vart akslingen til togkjegla driven inn, og ved kjegla var kårmannen sin plass. Det var han som spann trådane til bastetoga. Så var det eit massivt langbord med veggfaste benker langs tverrveggen og halve langveggen. Framfor bordet ein lausbenk. Så var det seng åt sjølfolket og kanskje og ei barneseng. Elles låg tenarane og dei større borna i fjøs om vinteren og på eitt eller anna loft om sommaren. Grua eller peisen i eine kråa tok og stort rom. Eldstaden var utan

skorstein. Røyken gjekk opp gjennom ljoren. Skjåen eller ljoreluka kunne lyftast av med ei stong, ljorestonga. Når det skulle bli varmt, la dei skjåen på og la svære fang med ved på grua. Røyken steig då opp under taket. Når han vart så tett eller avkjøld at han seig ned i mannshøgda, så letta ein på skjåen, så heldt han seg i passe høgda. Det vart snart lunt og godt i stova. Som regel var det fyring berre to gonger i døgret — om morgonen og i mørkinga om kvelden. Den svære glohaugen heldt stova varm mellom fyringane.

Stovehuset hadde to rom, stova og koven, og gang ved sida av koven. Koven høyrde kårfolket til. Stova hadde tre glas, to på tverrveggen og eit på eine langveggen. Til glasa var treluker utvendt — som kunne heisast opp innafå med ei snor gjennom veggen.

Laurdags kvelden var det helg. Golvet kvitskura og strødd med hakka einebar. Ein hadde vaska og flidd seg, men nett gjerandlause sat ein ikkje. Kvinnene spøta, hekla eller broder-te, og karane sat med eit eller anna småarbeid. Var det førejuls-vinter, emna dei gjerne på julegåver. Gutar med handelag kunne lage ymse småting som gjentene sette pris på, ein heklekrok av hardt bein, eit nålehus, ei rund øskje, eit bitte lite skrin osv. og gjentene — ja dei kunne finne på så mangt. Kven som skulle ha det dei arbeidde med? Løyndom og smil: Du skulle berre vite!

Eit av viktugaste husa på garden var stabburet, og det einaste med lås og løkjel. Der var lem på. I første høgda var bingar for korn og kar for mjøl — i andre høgda stenger til opphenging av kjøt, fleisk, pølse m.m. Stabburet skulle vere godt forsynt. Det var merke på velstand. Der skulle vere både mjøl og kjøtmat for minst eit år, så slapp ein gå på borkebrødet om det kom eit uår. Men ofte vart nok både kjøtlår og skinker fleire år gamle.

Nystova eller buda var tohøgda. Der stod oppreidde gjestesenger, der stod kistene med ymse innhald, dragskåpet eller dragkista med lås for, på stenger langs eine veggen nye ubruk-te sengklæde, kvitlar, ryer og åklæde. Det var med stolt glede husmora kunne syne gjestane sine ikring på stabburet og i buda — og kunne fortelje kor mange plagg av kvart slag som var etla

døtrene i heimafylgje. Reklame? Å, ja, — ho hadde vel kanskje stundom ein mistanke, eller ei von om at gjesten var der i ei viss ærend.

Masstova var einhøgda bjelkehus. Dit flutte dei gjerne med matstellet om sommaren.

Fjøsane, lødene og dei andre uthusa stod der det fall. Fjøsset var bygd av tre, kyrafjøsset med lem over med stige frå fjøsset. På lemmen var legeplass til vinterbruk. Der var godt og varmt, men helsesamt var det vel ikkje. Mange av husa var små, men likevel kosta det mykje arbeid å få dei opp. Ein hadde ikkje spikar å feste med. Alt måtte naglast, golv og bordkledning. No kan ein slå inn mange spikar i den tid dei då trong å bora eit hol og lage nagle til. (I gamle skøyter står alltid nemnd «naglefaste indretninger»).

I tidbolken 1879 — 1891 skifte garden heilt andlit. Det vart byggjefarang. Alle i «Tuna» fekk sotta. Dei gamle husa vart revne og nye svære våningar kom istaden. Først Perstova i 1879, så Isakstova på dei gamle tomtane, så Bentstova som vart sett ut om gamletunet, så Inntunsstova som vart sett inn om gamletunet og til sist Andersstova rett nedafor Isakstova på gamle tomtar i 1891. Andershusa vart flytt ved utskiftinga. Dei svære gråsteinsmura fjøsane med lada over vart også oppsette i denne tolvårsbolken med undantak Inntunsuthuset og Peruthuset som var det eldste og difor først avlegs. Desse var bygde nokre år før. Det gamle Peruthuset var ein gong det mest moderne. Det var det første som vart umoderne — og måtte dessutan falle for aldersgrensa.

Garden fekk nytt andlit, men dette andlitet kosta sveitte, mod, manndom — og gode krefter. Lat oss stogge litt og tenkje på alt som skulde til, før desse svære bygningane reiste seg. Rett nok hadde dei skogen sjølve, men han spaserte ikkje heim og la seg til rette i bygget sjølvbedd. Og alt som skulle opp Berget, takstein, murstein, kalk, sement osb., osb., krov sterke ryggar og støde bein anten det galdt hest eller mann. Ja dei var nok med og bar takheller kvinnene og. Men dei var modige og mandige. Eit ord av Isak Andersson frå den vinteren han kørde heim tilfang til uthuset: «Det verste er å ligge om morgongen å vente på klokka.»

Minne frå gamlestova.

Velsigna gamlestova
og minna som ho gav!
No er ho skakk i nova,
og taket det er av.

Velsigna gamlestova!
Ho lya mang ein gong.
Det var so godt å sova
når storm om natta song.

Velsigna gamlestova
for vakre draumeblund
vi fekk der ut i kova
so mang ei nattestund!

Kvar gong vi alle borna små
sat ved ditt bord i krå,
små fingrar millom fingrar sat;
bad takk for det var mat.

Ei signe-ykt til han på kross
før vi åt mat av bord.
Den maten signa ogso mor
og far i lag med oss.

Små hender knept i bøn
i andakt nakken byøgd.
I stilla sa ho fram ho mor:
«Du signe maten på vårt bord».

Over far sitt klåre syn
stod hans alvors-fulle bryn.
Under låg vangiljets ord
på duka julebord.

Oh hans munn sa ord om fødsel,
om ein nåde som var ødsel
mot kvar sjel som «higet
etter himmeriget».

So til slutt han hender kneppe.
Endå ser eg slita hand i hi.
Ser når grepet atter sleppe,
langstong-knoken tåre gni.

Aldri får vi julehelgar slike
at vi so skilleg ser i himmelrike
Jesu sitja høgrehendt,
med englevengjer overspent.

Oskar Rimstad.

Med helsa var det truleg ikkje betre enn det turvtest. Ikkje sjeldan rasa det smittefårlege sjukdomar, og dei sjuke måtte avstengjast. Ser ein på levealderen, så finn ein at mange, mange fleire då enn no døydde i sin beste alder. Difor så mange enkjer og enkjemenn som gifte seg att. Enkjer var elles ei kurant vare. Det var berre gardgjenter som kunne tevla med dei. Dei hadde hus og heim, jord og buskap. Dei kunne velje og vrake. Ein treng elles ikkje undre seg over dette. Det var ikkje så mange utveggar for lauskarar, før amerikaferdene tok til. Framtidsutsiktene var oftast ein skral bygselplass, dagarbeid var vanskeleg å få og daglønene små. Ei enkje med gard var reine herlegdomen og framtida var trygda.

Som nemnt hadde kvart bruk mange hus. Det vart mykje vedlikehald, serleg måtte ein vøle taka av og til. Taka var nevr og torv. Attåt heimehusa hadde dei to gardfjøs, eit for sauer og eit for kyr og så sel og fjøs på støylen. Og så var det kvernhusa ved elva og nausta ved sjøen — og ymse utløder på bøen eller i

kvier i utmarka. Nausta var tohøgda med rom for båtane under og eit timbra rom over med omn, bord og seng — eit godt arbeidsrom. Serleg om våren var det mykje arbeid ved sjøen, og dei eldre såg seg mun i å sleppe å gå heim kvar kveld. Det var nok av arbeid og dei streva frå tidleg morgon til seine kveld. Men så hadde dei også bra med arbeidshjelp. Var det ikkje vaksne born på garden, så hadde dei alltid ein eller to drengjer og to, tre ternar. Og tenarane treivst som regel godt på garden. Rett nok var det avsides, men ikkje einsamt. Når ungdomen på garden møtttest til leik og gaman, vart det ikkje stusleg. Og så fekk dei nok m a t — det var ikkje alle stader dei fekk det. Etter høva var det gode gardar. Dei var årvisse, og dei avla på garden alt dei trong til mat, klæde og sko. Dei kjøpte lite og selde mest ingen ting, når ein tek undan skogvyrkje. Men til så stort hushald skulle det også mykje til. Men dei hadde oftast ti — femten saueslakt og to — tre ungbeist, to — tre griser og så spikesild og saltfisk. Det hende nok når brødsetningane på stabburet minka, at flatbrødet vart rasjonert, men stort sett fekk ein den mat ein trong. Mange av tenarane kom frå Hornindal og Breim. Serleg på Breim skulle det vera mykje fatigdom i eldre tid, så mange måtte ut å be seg (tigge). Ein har endå herming etter breimskonar som var ute i det ærend: «Eg er frå Breim, eg gu beire».

Pengeløna var ikkje stor. Ikring 80 åra var drengeløna 25 — 35 kr. og gjenteløna 16 — 24 for året, men så hadde dei sko, to par — eit par høge og eit par låge — og klæde, eit sett over og eit sett underklæde, sokkar og skjorter — omlag alt dei trong. Dei hadde mest ikkje pengeutlegg, så trass i lita pengeløn la dei seg penger til gode. Serleg synte gjentene stor sparsemd. Dei sleit ikkje så mykje korkje klæde eller sko. Om sommaren gjekk dei oftast berrføtt og om vinteren sat dei meste tida og trødde rokken. Hadde dei nokre tenarår bak seg, så hadde dei gjerne eit heilt opplag med både sko og klæde.

Karane sleit mykje meir. Gjennom heile vinteren var det arbeid i skogen. På førejulsvinteren mest i dei øvre skogane — Skårane, Gjeilane og Hogane. Først var det veden til husbruk og så framdriving av famneved og stokk til løypeplassane, på etterjulsvinteren løyping og firing til sjøen og hogst i Stranda.

Mykje av skogen stod der. Så var det floting av timber og føring av ved til nausta. Om våren hadde ein så eit bra opplag der. Og så når vårdagane kom, vart det liv og rørsle med sjøen. Veden skulle kappast og kløyvast og stokkane skjerast på saga. Tunnebanda skulle buntast, bastegrava skulle ordnast osb. (Bast til tog fekk ein av lind. Lindetrover vart lagd i ei grav i fjøra, nedlest med stein. Når dei hadde lege ei tid, slepte bastet.) For den yngre generasjonen, smågutane, var dette ei herleg tid. Dei fekk vera med til sjøen, fekk fisketrover og stod på bryggja og lokka på morten eller lånte båt, rodde og rak og stelte seg som dei ville.

Kvinnene sat heime, spann og vov. Det skulle ein dugeleg lang vadmålsvev til alle karaklæda og ein like lang einskjeftvev til underklæde og sjubrauta stakkar (braut — breidd). Og så hadde dei krøtera. Vassberinga kvar dag var ein strid tørn — med trebytter som i seg sjølve var tunge på unge veike herdar.

Eit avbrot i skogsarbeidet var turen til havs. Ein mann frå kvar stove laut avstad å få tak i fisk og sild. Over jul rusta dei ut ein femkeiping og rodde eller sigde ut til havet. Der hadde dei ei sameigestove. Ho stod der til 70 — 80 åra. Der hadde dei natteherbyrge og der stelte dei fangsten, salta i tunner. Når dei hadde last til femkeipinga, så for dei heim. Var fisket godt og dei hadde tunner til det, fiska og salta dei meir enn båten bar, og det dei ikkje fekk med, vart henta seinare.

Dei som var att heime hadde i denne tida arbeidt med byføringa. No skulle jekta ut og mastra reisast. Det var eit stortak som alle vaksne mannfolk laut vera med på. Så tok skipinga til. Famneveden skulle liggje underst. Så lenge vedskipinga stod på, var det og kvinner med. Dette likte dei, det var ombrøyte, dei fekk kome ut — og ilag med granneungdomen.

Jektepart hadde dei fleste bruk. Det var stormaga skuter med råsegl. Dei slanke linene var endå ikkje på moden. (Sjå elles Holevika på museet i Gloppen.) Dei tolde svær seglføring. Omframt det store råseglet førde dei toppsegl og under storseglet var tre «bonetter». Desse kunne løysast frå og dermed kunne ein regulere seglføringa. Toppseglet vart og fira, når

børen var i sterkaste laget. Ei jekt med alle segl oppe og vimpel på toppen var eit vakkert syn.

I 1895 forliste «Sølvberja» på Lågøyfjorden på tur til Bergen. Ho tok ut frå Flotøyna (Bryggja) om morgonen for full seglføring. Vinden auka på etter kvart. Ei blokk i mastra hadde slege seg vrang, så det vart uråd å minke seglføringa. Over Frøysjøen gjekk ho jamnsides fylkesbåten Hornelen. Kapteinen skulle ha sagt: Ja kan ho der greide seg idag med så uvettig seglføring, så er det under. Men ho greidde det ikkje. Dei skilde lag med di Hornelen gjekk inn til Florø og jekta måtte halde fram sør etter leida. På Lågøyfjorden gjekk det gale. Mannskapet kom seg opp på ei øy og det høvde så vel til at både jekta og det meste av lasta dreiv opp i ei vik med sandbotn og vart berga. Mannskapet var Anders Jellhaugen (styrmann), Kolbein Teigen, Bent E. Sølvberg, Johan Dokset og yngstemann Arne E. Sølvberg.

Ein tur til Bergen tok som regel tre — fire viker. Det var bør og avsetnadstilhøve som avgjorde tida. Oftast gjorde jekta tre turar, dei to siste leigeturar. Føringa heim over var ikkje stor, litt finmjøl, litt kaffe og gryn. Noko av det viktigaste var brennevinsankeret som skulle delast når ein kom heim.

Ein var kanskje alt i gang med ploget når jekta kom heim etter første tur. Reidskapa var ikkje førsteklasses. Ploget var av tre, hardved, bjørk eller hegg med ymse jarnbeslag, harva ei treråme med tindar av tre, møkgreipa var og av tre med 3 tindar. Desse reidskapa var i bruk fram til 1870 — 80. Sidan fekk ploget understell av jarn og horva og greipa fekk jarntindar. Under pløginga var heile huslyden med på åkren. Ein styrde hesten og ploget, og alle dei andre stod i rad langs fora med grev, jamna og plukka ugrasrot. Ugraset var då som seinare fienden. Dei hadde ikkje ugrasdrepande sprøyteveske å hjelpe seg med. Hesten hadde det tungt. Arbeidstida var difor delt i sveiter (av svette). Kvart målimellom var delt i to sveiter — med ei lita kvilestund mellom kvar. Hesten fekk mat og folket ein ølsup. (Det vart oftast bryggja til vårvinna.) Var veret godt, så åt dei måltida ute. Åkrane var små, men mange, og låg spreidd over heile innmarka. Det var tidhefte å flytte frå den eine til hin. For å nemne åkrane på eit einskilt bruk, Perbruket:

Nedafor tunet — Duteigen, Ingeråkren, Langeflata og Moråkren, Innafor tunet, ved elva Laåkren. Utafor: Langåkren, Hondihammaren, Innste nybrotet og Ytste nybrotet. Ovafor: Torvgrefta, Berkviåkren, Gåsebakken og Nylenda.

Når korn og poteter var i jord kom det ein rolegare bolk til slåtten tok til. Men gjerandlause var dei ikkje. Kvinnene hadde då ein tårn med å baka alt det flatbrød som skulle til gjennom heile året og karane hadde alle gjerda å vøle for bø og kvier. Og så måtte alle hesjane vera istand. Det var berre faste hesjar som stod år etter år og trong vøling med nye staurar og nye tverrtroder og bindsel. Til tverrtroder vart mest brukt avbasta lindetroder. Dei var lette å transportere og etter måten bra varige.

Så måtte det hoggast kubb til tjøre og smiekol. Kolbrenninga og tjørebrenninga var elles haustarbeid, men råvyrkjet måtte hoggast så tidleg at det fekk tid å turke.

Det trongst mykje tjøre til breeding av jekt og båtar. Tjørehjellen heiter ein stad om lag der Samvirkelaget har utsal no. Dei mura omnane stod fram til hundraårsskiftet. Truleg var det sameige, for der stod 3 løder der, vonleg for å hyse tjøre-kubb.

Til kolmila vart det hogge mest kraddefurer oppe mot skog-grensa. Der vart kolmilene reiste. Veden måtte stablast på ein serskild måte, så vart det tekt med torv så nær som «ljoren». Så lenge mila brann, laut ein både natt og dag halde vakt, ferdig med vatn og torv for å døyve varmen om han «slo ut».

Slåtten vart unnagjord med stutturv. Det var vidt å fare over og avlinga var ikkje stor. Gjødsla mark var det lite av. Det meste var «skarpbø». Mest all husdyrgjødsla måtte brukast på åkren, og dei laut ha mykje åker om det skulle verte nok folkemat. Folkematen var det viktigaste. Dei hadde ikkje kunstgjødsl å spe på med, og den flytande gjødselen frå beista rann for det meste bort, og då den faste gjødsla, møkkdungane, låg under berr himmel, vart også denne utvaska. Attåt dyregjødsla hadde dei den tradisjonelle dungen ved stovedøra. Ei djup grop ved sida av inngangsdøra vart kvar haust og vår fyllt med mold. Dit ut gjekk alt avfall og vaskevatt. Dette var deira måte å laga kunstgjødsl på. Når det no låg møkkdungar

i og ikring tunet og komposten ved stovedøra, så vart vel ikkje lufta vidare frisk korkje ute eller inne. Ferdig med slåtten, kom slåttegrauten på bordet. Han var både feit og god. Noko hå samla dei og. Til denne vart det ingen slåttegraut, men derimot håsupa. Fjellslåtter eller uteslåtter hadde dei ikkje mykje av, nokre kvier her og der, m.a. støylskvier, og så hadde dei teigar ut ovafor Nærestøylen. Men så hadde dei rikleg med lauvskog og fekk mykje hjelpefôr frå han. Askelauv og rognelauv vart kongla, almelauv rispa, og bjørk, osp, selje og or kjerva.

Kornskuren gjekk føre seg med sigd. Kornband vart bundne til høge staurar til turk. Når alt var i hus, tok ein til med treskinga. Treskinga vart gjord med tust. (Tust vil ein sjå på museet). Eit høveleg lag med kornband vart lagd i låven, og kornet vart banka ut med tusta. Det var gjerne to i kvar ende på låven som stod til mots. Og så måtte det øvast inn ei viss takt, så ein ikkje slo tustene ihop. Dryftinga vart gjord med trog eller og på jødisk vis med kasteskovl. Seinare laga dei treskjemaskin og dryftemaskin av tre, sette opp vasshjul i elva og fekk dette ved snorgang til å dra maskina. Dette var eit godt framstig, med di ein no kunne gjere treskinga frå seg på like mange dagar som ein før brukte viker. Det var eit av dei første stig inn i maskinalderen. Første stiget var vel då ein gjekk over frå handsaging av bord og plank til oppgangssaga, som vart driva med vasskraft. Når treskinga var over, gjekk kvinnene i hus.

Nede med sjøen var to sagbruk, Bergsetsaga nedafor brua og Sølvsbergsaga ovafor. Til Bergsetsaga kunne stokkane halast opp frå sjøen med vasskraft, til Sølvsbergsaga måtte køyrast. Dette var tungvint. Sistpå kom denne i forfall. Ho nådde ikkje den tid sirkelsaga kom i bruk. Bergset-saga fylgde derimot med tida. No har Jon på Perbruket sett opp ny sag.

Ola Bakka sette opp ei sag i 90-åra ovafor husa i heimeelva, og denne vart til gagn, serleg med omsyn til material som skulle brukast heime, men det er berre i sjeldne høve det er vatn nok. Elles hadde to av Bergsetmennene kvar si sag nedafor Bergsetbrua, der dei hadde kvernane sine. Der fekk ein og høve å skjere til heimebruk.

Kvern høyrde til kvart bruk. Dei stod i Storelva, som elles ikkje er større enn at ein måtte passe på flauten, om ein skulle

få male. Før malinga laut kornet tørkast. Var det høve til det, brukte dei soltørking. Kvitlar eller gamle segl vart breidd ut over mark eller berg og korn lagd på i høveleg tjukt lag. Før sola gjekk ned, måtte det inn. Etter nokre dagar var det malingstørt og kunne gå på kverna. Ellest vart det turka på helle med fyr under eller i store gryter.

Om sommaren var krøtera på fjellet. Åt kyrne var fjøs der, men sauene måtte heim til gardfjøsset om kveldane. Så lenge det fanst bjørn og ulv vart kyrne gjette, men like fram til 90-åra, gjette ein sauene. Dei skulle heim om kvelden, mest kanskje for skuld gjødsla, som det jamt skorta på. Der ein ikkje hadde høvelege born til dette arbeidet, var det husmannsgutar i 10 — 14 årsalderen som vart «tular» Foreldra var glade til, så vart det ein munn mindre å mette.

Også i den tid skipa dei fjellstemner, om ikkje innhaldet på stemna var plent det same som no. Sundag etter middag fór gjerne ungdomen til støyls på vitjing til støymsgjentene. Så fekk ein rjomeask, og var veret godt, så samla dei seg i Storekjønnmyra til leik. Medan kyrne var i gardfjøsset, var samlingsplassen på Stigane. Ofte vart det dans. Hadde dei inga fele, så sytte ei eller onnor gjente som var flink å tralle for musikken. Til desse samkomene kom det også ofte ungdom frå Bergset og Ytrefjella. Men storstemna, ein sundag kvar sommar, var i Klebergsdalen. Der møtte ungdom frå Fjelli, Randabygda, Blaksetbygda og Hornindal. Denne samkoma var så kjend at det sumtid også kom folk frå Utvik. Underhaldninga var prat og dans. Difor hadde også bodstikka som gjekk ut denne ordlyden : Sundag skal det vera dans i Dalen.

Om vinteren hadde ungdomen ei form for samkomer i oppesitjarkveldar. Ein kveld i vika etter kveldsmaten kom dei saman eit par timar og hadde eit eller anna handarbeid med. Det gjekk på omgang — ein kveld hos kvar. Dei rudde seg rom i sauefjøsset, skipa sessar av bord i ein ring med ljuset i midten. Frå førsten var det for å spare på ljuset — mange ikring eit ljøs, men mest var det vel for å få kome saman til prat, song og eventyr. Visesyngjing var mykje på moden, helst om det evige emnet medgang og motgang i kjærleik. Det var nok i det heile meir song i eldre tider enn no. No les ein om kjærleiken, då

song dei om han, men emnet er det evige same. Seinare fekk ein bruke stovene eller masstovene. Då vart det betre rom, og ein eller annan fekk gjerne målet opp til ein trall, og frå den tid kunne ein vel like godt kalle det leikkveldar.

Som nemnd før : tenarane treivst og dei fekk mat nok. Matmåla for dagen var fem. Med same dei stod opp morgobit, ei potetkake med prim på og ei skål med varm mjølk attåt. Det var inga borddekning til dette målet, ein åt der ein sat eller stod. Kl. 9, frukost. Dette var beste og kraftigaste målet : kokt kjøt, poteter og flatbrød og dertil suppa kokt på kjøtet, ofte med gryn i. Kl. 12 middag, vassgraut med skyr til. Grauten vart boren på bordet i store fat, alle åt av same fatet og fekk sin mette. Kl. 4 nonsmat. Ingen varmmat til dette målet, spikekjøt, spikeflesk eller spikesild med flatbrød og poteter. Kl. 9 kveldsmat, graut og mjølk. Laurdagskvelden skilde seg ut også i matvegen. Skulde det vere graut, så hadde han smørauge. Men elles kunde det vere mjølkesupa, flatbrød, smør med kål eller poteter. Sundagsmaten var ikkje etter fast oppskrift, men i alle høve betre enn kvardagsmaten. Det laut vera etter som matmora hadde høve. Men det vanka gjerne rjomeask, klubb med feitt i eller brådd feitt attåt, smør til frukost og non osb.

Høgtidene jul, påske og pinse hadde sine egne ritual med omsyn til matsetelen. Sermerkt var lefsa til kvar med namn på (vassmerke) og smørkula og til jul også ølet. Smørkula var eit dreia staup. Til bredda tok det vel ein god kaffikopp, men det vart lagd kuletopp på. Difor smørkule. Smørkula og ekstra-lefsa tok kvar for seg vare på, og så kappast dei om å få det til å vare lengst. Ølet var veikt, så det vart sjeldan fyll av det.

Bordserviset var av tre og heimegjort. Runde «borskar», dreia av tre, fat og skåler dreia av bjørk eller osp, skeier av tre eller horn, dei siste var dei gjevaste. Karane brukte tollekniven ved bordet og kvinnene heimesmidde knivar med treskaft (jongar). Gaffel var ukjent reidskap til 1880 —90 åra. Teskeier likeins. (Ei som tente hos Hammar på gjestgjevarstaden i Utvik fortalde at eit brurpar vart innbedd på kaffi. Men både reidskap og mat var uvande for dei, og dei tok til å eta kaffien med teskeia. Det var vel så det skulle gjerast på så fin ein stad.)

Jula tok til med at ein bar oppskoke til kvarandre. Ein skulle smake juleølet. Det var ungdomen som gjekk med oppskoka. I eitt-tida julafta gjorde dei seg ferdige. Det var fem grannar å gå til. Altså fem ungdomar til kvar si stove med ein breiddfull ølbolle. Og så vart det gjestebod der dei kom utover, til gjentene måtte heim og stelle krøtera. Bollen med ølet stod att og vart send attende seinare. Sedvanen med juletre nådde ikkje hit før i 1886. Det var Anders-Kari som først pynta juletre her på garden.

Juledag for så mange som kunde til kyrkja. Andredagkvelden tok «juledrikkinga» til. Ein kveld i kvar stove til ein var komne rundt. Ein gjekk ikkje ikring og bad til seg. Alle var velkomne, og kom gjorde alle som hadde høve. Serveringa var berre øl, med hyggjeleg prat attåt, seinare ei kringle, først var denne berre åt borna, sidan fekk alle. Sedvanen med juledrikkinga gjekk ut ikring 1880. Det året var det sjukdom på garden, samkomene vart sløyfa og året etter vart ikkje skikken teken oppatt. Med oppskoka heldt dei fram til 1893. Det var då ikkje alle som hadde interesse av å bryggje til jul, men denne skikken nøydde dei. Så vart dei samde om å late oppskoka fare.

B. B. seier ein stad : «Kirken står i bondens øine på et høit sted.» Det høver her og. Dei hadde vyrndad for kyrkja og det heilage, trass i at dei til dagleg ikkje bar kristendomen «utapå». Dei fór alltid til kyrkja når det var høve til det. I 1880 — 90 åra fekk dei seg sams kyrkjebåt — ein stor og vakker seksrøding med namnet Rols. Tredjekvar sundag var det preik i Utvik-kyrkja. Høgtidsdagane — første jul-, påske og pinsedag og konfirmasjonssundag gjekk turen til Innvik-kyrkja. Ein måtte vere var om kyrkjekleda. Det var ikkje bra å få ein sjøskvett på dei. Kvinnene hadde difor kyrkjekleda med i ein «pjult» — stakk, snørliv, forklæde og hovudplagg, godt innsveipt i eit stort tørkle. Når ein så kom iland gjekk heile båtfulgje opp i Hola (ein plass nær kyrkja). Der bytte dei kyrkjekleda på. Med dette heldt kvinnene seg oftast under stabburet — medan karane gjekk inn i stova og sette frå seg nistetina. Så venta dei der til kyrkjeklokka ringde. Etter preika bar det attende til Hola. Så var det av med bestekleda, og så kom nista fram.

Folket i Hola tok vensamt imot dei, og som takk fekk dei kvar haust ei bør med halm frå kvar lade.

Laurdags- og sundagskvelden heldt dei husandakt. Salmebøkene kom på bordet, og husfaren som sat i høgsetet «las bøna» frå ei bønabok. Sundag og høgtidsdagar, når det ikkje var preik i kyrkja, las han vangilja frå ei vangiljebok. Og så var det salmesong før og etter.

Når det høvde at «skulehaldaren» var i krinsen og det var preikelaust i kyrkja, samla han born og vaksne i ei eller onnor stove til «overhøyring». Først samtala han med borna, og der etter las han vangilja. Salmesong før og etter.

Til vanleg vart det bryggja til jul og til vårvinna og til brudlaup, gravferd og barnedåp, derav nemningane grav-øl og bars-øl. I gravferder vart det servert øl, før ein for til kyrkjegarden og etter ein kom heim. Det var først seinare at det vart servert mat og. Malt til brygg måtte alltid liggje ferdigt om noko skulle henda. Til kvart bruk hørde ein humlegard, så humlen dyrka dei sjølve, og turka gjestr (jær) hadde dei på stabburet frå eine brygget til det næste.

Jula varde til trettandedag og ofte lenger. Førre den dagen måtte ikkje korkje rokkane eller bandekrakken kome inn att i stova.

Til brudlaup måtte bryggjast mange tunner øl og lagast mykje mat, for dei varde i fem dagar. Det var brudlaupsafta, første bruradagen, andre bruradagen, skåldagen og heimferdsdagen. Alle på garden pluss slekt og vener var med. Og alle hus på garden stod til rådvelde. Ølet var som sagt ikkje sterkt, men med nokre drammar attåt, vart det nok av og til litt fyll, di verre. Men for det meste gjekk det pynteleg. Ungdomen dansa og dei eldre drakk og prata. Nokre gapestykke kunne ein nok finne på av og til. Tredje dagen gjekk langedansen. Spelemennene gjekk føre og spela mars og gjestane kom etter. Og så gjekk det rundt til alle stovene på garden. Og der var det sett på langbordet alle dei rjomeaskar husmora åtte. Dei av gjestane som hadde fått tak i det, hadde rusta seg med ei skei i lommen og så smaka ein noko her og noko der.

Fjerde dagen var skåledagen. Då skulle ein gje i skåla. (Derav skålebrudlaup). Brudfolket sat i høgsetet, og kjøk-

meistaren kom med skåla. Så kom kallane ein etter hin og då galdt det å vera kar, for kjøkmeistaren kunngjorde etter kvart: N. N. tre dalar, P. P. fire dalar osb. Kallane betalte for heile huset, så ungdomen var berre åskodarar. Til slutt kom då faredagen. Då tok ein nok til å bli trøytt. Gjentene hadde dansa seg sårføtte. — Dette var det elles medisins for. Dei slo berre noko brennevin i skorne. Dette var billeg vare så lenge dei fekk brenne heime. Men det vart ulovleg ikr. 1840. Siste apparatet på Fjelli vart henta på Nos. Ein var nok då komne nokre år inn i den ulovlege tida.

Ja så var det faredagen då. Kjellarmannen som hadde stelt med ølet kom ut med tappen i handa og kunngjorde: «Tønden er tom og tappen tørr». Og så, ja så måtte alle ut. Nokre handfaste karar tok først fat på vert og vertinne, la dei på ei bære og bar dei ut og tømde dei av på ein høveleg stad. Så kom turen til brurfolket og dinest «embetsfolket», kokkekona, kjøkmeistaren, kjellarmannen, klevkonene, spelemennene og til slutt brursveinane og brurgjentene, men dei første var ikkje så lette å fange og gjentene passa høve og stakk av i rett tid.

Og så kom dagane med «strieskjorta og havrelefsa att».

Som mathjelp i slike høve bar slekt og grannar med til brudlaupet store korgar med mat og ei velfyllt smørkanne. Klevkonene tok imot etter kvart gjestane kom. Etter brudlaupet skulle den nye kona til grannane med heimkomemat — ei korg med godmat til kvar stove. Og så var det sedvane med sengjamat, når ei kone kom i barnseng. Den skikken heng vel noko att endå.

* * *

Skattane vart lagde i varer. Først seinare kom ein over til pengeskatt eller noko i varer og noko i pengar. Det var korn, smør og skinn. Preste-tienda og klokkar-tienda var korn eller smør. Det klokkaren skulle ha var lite — berre «drope». Difor ordtaket: Når det regner på presten, dryp det på klokkaren.

Skuleutlogene greidde dei på den vis at skulen var nokre dagar hos kvar, og så heldt dei mat til læraren. Skulekrinsen omfata dei same gardane som no. Det var omgangsskule til lova av 1889 krov faste skular. Så vart det leigde lokale. Likevel

skifte det såleis at skulen var ein tur på Sølvsberg og ein tur på Fjellkårsstad, til ein vart samde om å byggja hus i Lida. Når skulen om vinteren var i utkantane, vart det for langt for borna å gå heim om kvelden. Dei vart då utrusta med mat for ei vike. M.a. ein liten pose mjøl. Av dette koka kona i huset graut, ein neve mjøl frå kvar pose. Dei som heldt hus til skulen, laut også hyse borna. Og det vart då å laga flatseng — ofte med over 20 born i ei seng.

Utlogene til fatigstellet vart oppgjorde såleis at fatige gamle «kom på legd». Kvar krins var ei legd og fekk eitt eller fleire legdslemer å syta for. Og så vart det utlikna — så og så mange dagar hos kvar etter skylda på garden. Og så laut dei ha det som dei fekk det. Det vart sagte «brød», men nådsens brød kan ofte vera surt nok under betre høve enn slike. Ofte vart mann og kone skilde og kom i kvar si legd. Å kome på legd var vel noko av det verste som kunne timast. Serleg om dei vart sjuke, så dei måtte berast i sengkarmen ved flytting frå eine stova til hi. Også med dette vart det brigde i 80-åra med di dei no skulle få bu på same staden heile året, og verten ha betaling av «kassa». Det var eit framstig, men langt frå bra nok. Dei vart «auksjonerte» ut til dei som kunne ta dei for minst betaling, og det seier seg sjølv, at det ikkje alltid var der dei fekk det best.

Utskiftinga ikr. 1900 og vegen Blakset — Nos (bygd 1912 — 1928) opna for ei ny tid. Ein fekk dei spreidde teigane samla og kunne ta til med meir rasjonelt jordbruk, og det dyrkingsarbeid som er nedlagt sidan den tid er imponerande. No går ein i gang med å skifta utmarka og der er svære vidder med dyrkande jord — i Skårane, Gjeilane og serleg i Hogane — like til Støylsbakkane. Det ligg nok høgt til fjells, 3 — 400 m. over fjorden, men der er «sædejord nok og sommersol nok», og det ser ut som det ikkje er noko åfått med kjærleiken heller, det syner alle dei nye småbruksheimar som har vokse fram både her og på grannegardane. Etter tidskrava er dei nok for små, men etter utmarksutskiftinga vert det vonleg råd å få utvide. Skogen vil då få sitt reservoar i Stranda — «hvor plog ei kan gå og ljå ei kan slå, der bør et trø at stå» — berre der ja. Skogen lyt finne seg i det. Mange nye reidskap er komne til gards i det

siste, men endå har ikkje traktoren funne vegen. Når den typen vert ferdig som kan brukast i ymse slag terreng, så kjem han nok.

Skogen? Det var ei tid då kunnige folk meinte at her trøngst det korkje skogplanting eller skogskjøtsel, det vart nok renningar etter kvart, naturen greidde det utan hjelp. Dei unge bøndene torde ikkje lite på dette og har difor sett ut mange tusen skogplanter.

Frå gamalt hadde kvart bruk ein liten frukthage ned under Reinene. Det var mest gamle tre og gamle sortar — søteple. I den seinare tid er det planta ei mengd med frukttre — av dei nyaste og beste sortar, som trivst framifrå. Husmannsplassen med sjøen var sameige. No er han utskift, og heile plassen er frukthage. Som merke på godt samarbeid kan nemnast at grannane i felagskap har kjøpt eit sprøyteverk for 8000 kr. Dei held seg i fremste lina også når det gjeld stell av frukttrea.

Krøteral og krøterstell har i lang tid havt breid interesse. Det gjeld både ku, sau og hest. Få gardar i Nordfjord hadde ei tid ståande så mange førstepremiekyr på båsen. Ein jordbruksmann som var på vitjing sa: «Om krøterstell kan eg ikkje lære dykk meir her.» Dette seier alt om den ting.

Så lenge ein til sjøen hadde berre kløvvegen ned Berget, var garden — og grenda elles, innestengd. Med naturalhushald — lite kjøp og lite sal — laut dette greie seg, men då det skifte til handelsjordbruk, ville eit sovore samband med utanverda stogge all framgong. Men så kom vegen til Blakset. Ein ny ut- og innfallspørt vart slegen på vid vegg. Men endå kan ein ikkje vera nøgd, før ein når fram til riksvegnettet med vegen Blakset — Faleide. Denne er alt i emning.

Endå vantar ein elektrisk kraft, men rett no får ein det og.

* * *

I avstengde bygder plar folk ofte vera konservative. Dette høver ikkje her. I 80 åra og fram over, då striden galdt eige utanriksstyre, «reint» flagg og vanleg røyserett, var omlag heile Fjellikrinsen i framstigsflokken vinstre. Bergsetjekta gjekk med flagg, men etter flaggsaka kom opp, vart det ikkje heist, for det var ikkje «r e i n t»! (hadde unionsmerke).

Ungdomen på Fjelli kom tidleg med i ungdomslagsrørsla. I 1917 bygde dei — med god hjelp av dei eldre — på Inntunshaugen eit av dei vakraste ungdomshus ein ser. I 1926 var Firdastemna lagd dit. Då diktarpresten Anders Hovden stod på haugen og tala til ungdomen, sa han : «Eg kjenner meg her som stod eg på Forklarelsens bjerg.»

I 1935 vart det skipa goodtemplarlosje, og all ungdomen kom med i avhaldsrørsla. Få brukar tobakk.

Ein ungdom med ideal!

Og så seier bøndene med ei lita omskriving :

Og garden dei hev rudt
han vil me verja trutt
til siste stund.
Og som han ervdest ned
Alt fagnar ledd for ledd
han byggjast skal i fred
åt våre born.



II

PERSTOVA

BR. NR. 1.

BRUKARAR

I. RASMUS ANDERSON og Eli Rasmusdtr. Kvila var br. ikr. 1600.

II. JAKOB ANDERSSON, bror til Rasmus og kona Randi ikr. 1610. Born, Ola, Jartrud og Anders, han var med i Hannibalsfeiden.

III. OLA JAKOBSON br. ikr. 1660.

IV. ANDERS OLSON og kona Marte Rasmusdtr. ikr. 1670. Dei hadde tre døtre, Jartrud, Ragnhild og Anna.

V. JARTRUD ANDERSDTR. som vart g.m. R a s m u s Rasmusson ikr. 1700. Born, Marte og Anne.

VI. MARTE RASMUSDTR. g.m. P e d e r Olson Dokset, d. 80 år gl., 1765. Born, Jartrud og Magdeli.

VII. ANNE RASMUSDTR. (syster til Marte) og Ola Pederson Bergset ikr. 1730.

VIII. OLA PEDERSON (son til Marte og Peder VI) d. 72 år gl. 1794, g.m. 1. Abelu Larsdtr. Årholen g 2. Anne Absalonsdtr. Svarstad.

IX. PEDER OLSON d. 48 år gl. 1812, g.m. 1. Anne Antonsdtr. Fredheim og 2. Dordei Nilsdtr. Hegdal. To søner, Ola og Anton.

X. OLA PEDERSON, d. 64 år gl. 1867, g.m. Katrine Fossheim, Breim. (J. A. seier Hjelle — feil.) Broren reiste til Amerika ikr. 1850. (J. A. seier sonen Jakob — skal vera broren Anton.) Dei hadde 4 døtre : Marte, Dorte, Anne og Johanne.

XI. MARTE OLSDTR. d. 43 år gl. 1874, g.m. Jon Andersson Rand, d. 40 år gl. 1866. Dødsårsaka skulle vere at han forrøynde seg med sløkkjingsarbeidet under skogbranden same året. Det var brotebrenning ut på Gjeilebakken og så fata det i skogen, og då det var Jon som brende brote, kjende han seg saka i ulukka og arbeidde meir enn han tolde. Dei hadde fem born : Anders, Ola, Kornelius, Peder og Sigrid. Alle gutane reiste til Amerika etter kvart dei vart vaksne. Sigrid vart g.m. Mattias Inntuna. (Far til Jon, Anders Rand, var og frå Inntuna).

Marte Olsdtr. vart attgift med Elias Kristenson Fjellkårstad, og hadde med han tre born, (d. på barnseng med det fjerde). Johanne, Kristen g Jon.


XII. ELIAS KRISTENSON, d. 60 år gl. 1890, gifte seg att med Malene Arnesdtr. Myklebust, Utvik. Han bygde nytt hus på garden, våningshuset (som står no) i 1879. Med Malene hadde han desse borna : Marte, Arne, Anders og Kornelius.

XIII. KRISTEN ELIASSON, f. 1869, g.m. Rakel Olsdtr. Dokset, overtok garden 1891, men selde 1898 til svogeren Matias Nilsson Sølvsberg (Inntuna) og Bent Andersson Sølvsberg (Andersstova) som fekk kvar sin halvpart. Matias og Sigrid (som var fødd på garden) fekk den parten der husa stod og Bent bygde nytt oppe på bøen og gav sin part namnet Øverland.

XIV. MATIAS NILSON, d. 73 år gl. 1932, g.m. Sigrid Jonsdtr. d. 65 år gl. 1923. Matias gjekk underoffiserskulen i sin ungdom, hadde mange tillitsyrkje, var med i heradstyret og skulestyret og var mykje nytta ved utskiftingar. Mest kjend var han kan-



Elias og Malene Sølvsberg.



Matias og Sigrid Sølvsberg.



Nils og Anna Sølvsberg.

skje som skogkjøpar. Han hadde oppdrag frå fleire skipsbyggjeri å skaffa master til båtar, og Matias var kjend i alle skogane i Nordfjord, så han visste kvar trea stod som høvde, kjøpte og dreiv fram. Dei hadde desse borna : Marte, Nils, Jon, Elias, Marius, Anders, Ola, Maria og Sigvald.

XV. BENT ANDERSSON SØLVBERG sat på andre halvparten av bruket til 1911. Selde då til Nils Matiasson (eldste son til ovafor) og reiste til Amerika.

XVI. NILS MATIASSON SØLVBERG, f. 1886 overtok Øverland og vart g.m. Anne Malene Vilhelmsdtr. Bergset, d. 31 år gl. 1920. Born : Matias, Vebjørn, Sverre, Sigrid og Einfrid.


XVII. MATIAS NILSSON SØLVBERG, f. 1913, overtok Øverland etter faren, g.m. Anna Larsdtr. Hetle, Breim. Born: Nordvald f. 1942, Leiv f. 1945 og Arne f. 1950.

Sverre Nilsson Sølvsberg (XVI) f. 1916.

Vebjørn Nilsson Sølvsberg (XVI) f. 1915.

Einfrid N. Sølvsberg, g.m. Olav B. Jevnlid. Sjø Bakken.

Sigrid N. Sølvsberg, f. 1919, g.m. restauratør Erling Karlson. Born : Anny Maria f. 1948, Kåre og Erna.



Nils, Matias og Anna Sølvsberg med huslyd.



Einfrid og Olav Jevnlid med huslyd.



Vebjørn Sølvsberg



Sigrid og Erling Karlsen

XVIII. JON MATIASSAN SØLVBERG, f. 1888 fekk den andre halva av Perbruket etter foreldra. I 1933 bygde han nytt moderne uthus — eit av dei mest moderne i Nordfjord. Uthuset som stod før, var det første som var bygd på Sølvsberg med mura fjøser og lade over og var det beste uthus på garden. Men då grannane tok til å byggje, kom det attom. Etter siste byggjing i 1933, har bruket atter hugnaden av å ha beste uthuset på garden. Jon tok til både med frukttreplanting og skogplanting i 1903 og har liksom dei andre gran-



Jon og Olina Sølvsberg med huslyd.

nane lagt ned eit framifrå arbeid med forbetring av garden. G.m. Olina Andersdtr. Bergset. Born : Sigrid, Ingeborg, Magnhild, Matias (d. to år gl.), Magna, Matias, Åsta, Oddbjørg, Ragnhild, Tordis og Else. (Sjå om borna lenger ute).

UTFLYTTING FRÅ PERSTOVA

RAGNHILD ANDERSDTR. SØLVBERG (IV) d. før 1714, g.m. Jørgen Jetmundson Rand, f. ikr. 1651.

ANNE ANDERSDTR. SØLVBERG (IV, syster til Ragnhild) d. ikr. 1735, g.m. Paul Steffenson Rand. Som enkje vart ho g.m. Peder Knutson Hennane.

ANNE RASMUSDTR. SØLVBERG (V) var først g.m. enkjemann Jakob Nilsson Ulvedal på Bruland. (Han var komen dit som fjerde mann til Sesilie Bruland). Anne vart sidan g.m. Ola Pederson Bergset. Dei hadde ei tid Perbruket.

MAGDELI PEDERSDTR. SØLVBERG (VII) d. 33 år gl. 1764, g.m. Mattis Larsson Årholen. Faren (Lars), Mattis, Magdeli og sonen Rasmus vart gravlagde same dag, veslejulafta 1764. (Vonleg drukningsulukke). Ættlingar av henne finn ein framleis på bruket.

BRITA OLSDTR. SØLVBERG (VIII) d. 55 år gl. 1824, g. m. Ola Heljeson Hegdal. På br. nr. 2 sit framleis folk med røter frå Sølvberg.

MARTE OLSDTR. SØLVBERG (VIII) d. 73 år gl. 1853, g. m. Arne Olson Hegdal. Ætta sit framleis på Hegdal br.nr. 6 (Arnebruket).

RASMUS PEDERSON SØLVBERG (VI) d. 86 år gl. 1814, gift til Kårstad, Utvik med enkja Marte Knutsdtr. Etterkomarane selde bruket og reiste til Amerika.



Peder Gald.

ANNE OLSDTR. SØLVBERG (X) vart g.m. Jakob Hjelle, Breim. Dei hadde først gard på Fjellkårstad (Jobruket), men selde 1877 til Bent Hopland. Seinare pakta dei gard på Gald til odelsguten Kristen vart vaksen. Dei tok då Gald til ettermann. På sine eldre dagar dreiv Jakob slakteforretning i Blaksetbygda. Born : Jon, Andrina og Katrina. Jon reiste til Amerika, gjekk som friviljug inn i armeen, var med i krigen om Filipinerne. Truleg fall han der, då ein ikkje høyrde meir frå han.

ANDRINA og KATRINA, begge ugift, men Andrina hadde ein son, Peder. Då Kristen Sølvsberg var heime i 1918, vart han med til Amerika. Han var då 13 år. Han vart ein sers dugande sjømann, vart kaptein, og under siste krigen vart han av regjeringa utnemnd til instruktør for sjømenn i den amerikanske marine.

DORTE OLSDTR. SØLVBERG (X)

g.m. skreddar Rasmus Skrede. Dei hadde plassen ved Sølvsberгнаusta, fødde tre kyr og nokre sauer og stod seg godt. Born : Marte, Jens og Ola.

MARTE RASMUSDTR. SØLVBERG, d. 70 år gl. 1951, g. m. gardbr. Kolbein Andersson Roset, f. 1872. Hadde gard på Roset. Born : Astrid, Anders, Ragna og Dagfinn.

ASTRID døde ung.

ANDERS K. ROSET, f. 1911, fekk garden, g.m. Solveig Jakobsdtr. frå Bryggja. Born : Margun f. 1939, Elisa f. 1940, Kåra f. 1944, Jofrid f. 1946 og Kolbein f. 1950.

RAGNAR K. ROSET f. 1914, d. 1943, var småbrukar på Roset og g.m. Elina Andreasdtr. Myklebust, Sunnmøre. Born : Marte f. 1940 og Kåre f. 1943.

DAGFINN K. ROSET, f. 1916, driv som arbeidar.

JENS RASMUSSEN SØLVBERG


f. 1869, d. 1930, var g.m. Anna Levdalsbakke, f. 1871. Dei busette seg på garden Sollibakken, Bryggja. Jens var elles bygningsmann og snekkar og kunnig på mange omkverve. Var også svært musikalsk og flink med fela. Born: Ragnhild, Martin, Jostein, Olav, Magnus, Manghild og Dagfinn.



Jens og Anna Sølberg.

RAGNVALD JENSSON SØLVBERG, f. 1897, d. 1922, var lærar i Volda kommune, g.m. Marta Sundal, f. 1899, Austefjorden, Sunnmøre. Diverre døde han alt i 1922. Dei hadde eit barn, Borgny Ranveig, f. 1920. Ho er doktor og g.m. doktor Dag Scott, son til dikteren Gabriel Scott. Dei bur i Volda. Born: Helge Bjarne Glendrange Scott, f. 1949.

MARTIN JENSSON SØLVBERG, f. 1901, g.m. Ingeborg Persdtr. Åland, f. 1906. Han overtok garden Sollibakken og driv bygningsarbeid ved sida. Born: Jens f. 1932, Jofrid f. 1939, Anne Lise f. 1943.



Borgny Ranveig og Dag Scott.



Helge Bjarne Scott.



Marta og Ragnv. Sølvsberg.

JOSTEIN JENSSON SØLVBERG, f. 1907, var på Island i 22 år, dei siste 10 år som styrar av sildeoljefabr. Kom heim 1950 og er no formann ved sildeoljefabr. i Fosnavåg. G.m. Hildur Nilsson frå Melbo, Vesterålen. Born : Dagmar f. 1933, Håkon f. 1934, Harald f. 1939, Erling f. 1944, Ranghildur Anna f. 1949.



Olav Sølvsberg.

OLAV JENSSON SØLVBERG f. 1909, d. 1945. Var bygningsmann og budde ved Tønsberg. G.m. Ranghild Sundby, Nykirke. Barn : Helga f. 1942.

MAGNHILD JENS DTR. SØLVBERG, f. 1912, g.m. Monvald Nygård f. 1903. Dei har heim på Ulvedal. Born : Kåre f. 1933, Ragnvald f. 1935, Asbjørn f. 1940, Oddny f. 1946 og Svein f. 1949.

MAGNUS JENSSON SØLVBERG, f. 1903, arbeider på sildeoljefabr. ved Bergen.



Jostein og Hildur Sølvsberg med huslyd.



Ragnhild og Helga Sølvsberg.



Magnhild og Monrad Nygård.

DAGFINN JENSSON SØLVBERG f. 1905. Han kom sjuk heim frå lærarskulen og døde berre 24 år gl.

OLA RASMUSSEN SØLVBERG

f. 1884, g.m. Klara Kjelkenes, f. 1890. Han var byggmeister, budde nokre år ved Sølvsbergsnausta, flytte først til Hamrøy, sidan til Kjelkenes og endeleg til Svelgen. Bygde nye hus både i Kjelkenes og Svelgen. Born : 1. Kåre O. Sølvsberg f. 1911, g.m. Magda Nødset. Han har trevarefabr., Leranger om Trondheim. Born Henny, Eva og Ola.

2. Dagny O. Sølvsberg f. 1913, g.m. støypar ved Bremanger Kraft, Svelgen, Anton Varpe. Born : Kristen, Arne Olav og Helge Normann.

3. Reidar O. Sølvsberg f. 1916, rymde til England i 1941, gjorde tenest ved Dundee flyplass, kom heim 1945, 2 år kontrollør ved Soia flyplass, f.t. inspektør ved Bromma flyplass, Stockholm, g.m. Jenny Bruntom, Skotland. Born : Ola, James og Rune.

4. Signy O. Sølvsberg f. 1918, g.m. postopnar og telefonstyrar Andreas Myklebust, Syvdsbotn, Sunnmøre. Born : Olav, Ivar Reidar, Odd Kjell Arild.

5. Betsy Hulda O. Sølvsberg f. 1923, reiste til England i 1941, vart gift 1944 med barber Robert Linkoln. Born : Erik Ole og Georg.

6. Ove O. Sølvsberg f. 1926, går f.t. på teknisk skule i Bergen.

JOHANNE OLSDTR. SØLVBERG (X)

d. 79 år gl. 1915, g.m. gardbr. Peder Jonson Hjelle. Breim, d. 65 år gl. 1906. Dei hadde 6 born : Jon, Agnete, Marta, (Ola, Katrine og Olina døde som born).



Margrete Hjelle.

JON PEDERSON HJELLE, d. 52 år gl. 1919, tok garden ette foreldra og vart g.m. Margrete A. Egge f. 1866. Dei hadde 7 born : Karolina (d. som barn), Peder, Henrik, Anton, Olav, Johan og Jenny.

PEDER JONSON HJELLE f. 1895 tok garden etter faren og vart g.m. Ragna J. Myklebust, Breim, f. 1893. Barn : Margreta f. 1926.

HENRIK JONSON HJELLE f. 1896 driv som arbeidar, serleg sementstøyping.

ANTON JONSON HJELLE f. 1897 driv gards- og vegarbeid.


OLAV JONSON HJELLE f. 1900, g.m. Anna Kjøs, Hornindal f. 1904, og overtok garden i Kjøs etter verfare. Har jordbruksskuleutdanning. Born : May f. 1932 og Asbjørn f. 1935.

JOHAN JONSON HJELLE f. 1902 har og jordbruksskuleutdanning, men arbeider på fabrikk i Årdal, Sogn.

JENNY JONSDTR. HJELLE f. 1912, g.m. Bjarne M. Holevik, Sandane. Han reiste til sjøs i 1939 og døde i Afrika i 1941. Jenny driv damefrisørforretning på Sandane. Born : Kirsten f. 1936 og Jon f. 1939.



Peder, Margrete og Ragna Hjelle.



Olav og Anna Hjelle med huslyd.



Per og Dagny Bergheim.

AGNETE PEDERSDTR. HJELLE, d. 39 år gl. 1908, g. m. skreddar Johan Bergheim, Breim, d. 45 år gl. 1922. Dei kjøpte gard på Gåsemyr. Born : Nils, Per, Johan og Agnete.

NILS JOHANSON BERGHEIM, GÅSEMYR f. 1902, overtok farsgarden på Gåsemyr.

PER JOHANSON BERGHEIM, GÅSEMYR f. 1906, g.m. Dagny R. Arheim, Stryn, f. 1905. Dei kjøpte gard på Valle, Aureosen, Nordmøre. Barn : Johan Reidar f. 1941.

JOHANNE JOHANDSTR. BERGHEIM, GÅSEMYR, d. 43 år gl. 1947.


AGNETE JOHANDSTR. BERGHEIM, GÅSEMYR, f. 1908, hushjelp hos broren.

MARTE PEDERSDTR. HJELLE, f. 1876, g.m. Rasmus Årdal, d. 71 år gl. 1945. Han dreiv ei større skomakarforretning på Sandane, der dei har hus. Born: Karoline, Jarl, Johanne, Olav og Per.

KAROLINE RASMUSDTR. ARDAL f. 1907, g.m. Alfred Osnes, Vanylven, f. 1904. Alfr. er student frå 1929, tok først til med fiskeforretning i Hønefoss, sette så i gong fabrikk G l a s-



Karl, Johanne, Per, Karoline og Olav Årdal.



Karolina og Alfr. Osnes.



Borna til K. og A. Osnes.

Lys i Jevnaker, fabrikk for elektrisk utstyr. Bur i Jevnaker og har 9 born. Dei som er vaksne arbeider på fabrikk, kontoret eller i forretninga. Borna: Asbjørn f. 1932, Reidar f. 1933, Jostein f. 1936, Magne f. 1937, Kari f. 1938, Hallgjerd f. 1942 Ståle f. 1943, Runhild f. 1945 og Øydis f. 1948.

KARL RASMUSSEN ÅRDAL f. 1914, g.m. Hildur A. Rotihaug, Eid, f. 1915. Han overtok skomarkarforretninga på Sandane etter faren. 3 born, Anne Margrete f. 1937, Ragnhild f. 1941 og Rolv f. 1946.

JOHANNE RASMUSDTR. ÅRDAL f. 1910, g.m. gardmann Jakob Sande, Gloppen, f. 1907. Dei fekk noko av farsgarden og har bygt der. Born: Alma f. 1944 og Kåre f. 1949.

OLAV RASMUSSEN ÅRDAL f. 1907, reiste til Amerika og bur i Canada. 2 born.

PEDER RASMUSSEN ÅRDAL d. 34 år gl. 1946.

JOHANNE ELIASDTR. SØLVBERG (XII) 1868—1912, g.m. Didrik Maurstad, Bryggja. Dei kjøpte gard på Rimstad, Bryggja 1895, og borna tok Rimstad til etternamn. Born: Ola Samuei, Elias (død som barn), Ragnhild, Samulina, Marta, Alfred, Elias Magnus, Oskar, Malene, Elias og Matias.

OLA SAMUEL D. RIMSTAD f. 1892, var 11 år i Kanada, kom heim i 1918 og d. av heilebrand året etter.



Johanne og Didrik Rimstad



Ragnh. og Sigurd Weseth.

RAGNHILD D. RIMSTAD f. 1895, gjekk husmorskule i Drammen og vart der g.m. brandkonstabel Sigurd Weseth. Dei eig gard i Vestfold, men bur i Drammen. Born: Bjarne (har teknisk utdanning) og Dagfinn med eks. artium 1949.

SAMULINA D. RIMSTAD f. 1897, g.m. gardmann Andreas Vederhus, Selje, der dei har ein velstelt heim. Ikkje born.

MARTA D. RIMSTAD f. 1899, har eks. frå Volda lærarskule og lærarhøgskulen. Var lærarinne først i Årdal, så i Flatanger, no i Selje.

ALFRED D. RIMSTAD f. 1900, drukna på vinterfiske på Sunnmøre 1926.

ELIAS MAGNUS D. RIMSTAD f. 1903, d. som barn.

OSKAR D. RIMSTAD f. 1905, har no garden på Rimstad, g.m. Gudrun Olson frå Sunnmøre (av den kjende Landmark-ætta). Oskar er fin lyrikar og har skrive mange vakre dikt.



Samuline og Andr. Vederhus.



Bjarne Weseth, Dagfinn Weseth.



Marta Rimstad.

«Minne om gamlestova» fekk vi ta med her.

MALENE D. RISTAD f. 1906, d. same året.


ELIAS D. RIMSTAD f. 1906,

reiste til Amerika og d. der 1942. Også han hadde kunstnargivnad — som målar.

MATIAS D. RIMSTAD f. 1909, g.m. Åsta Reielsdtr. Fagerlid. Dei hadde Rimstad ei tid, men selde til Oskar og heldt fram med selfangst og fiske. Born: Johanna f. 1945 og Kirsten Eldbjørg f. 1947.



Matias og Asta Rimstad m. huslyd.



Oskar Rimstad med huslyd.



Ingeborg Hegdal.



Marta og Arne Hegdal.

KRISTEN ELIASSON SØLVBERG (XII) reiste til Amerika. Sjå bolk 3.

JON ELIASSON SØLVBERG (XII) reiste til Amerika. Sjå bolk 3.

MARTA ELIASDTR. SØLVBERG (XII) d. 55 år gl. 1932, vart g.m. Arne Hegdal. 1866 — 1947. Arne var ein vel opplyst mann som hadde mange interesser og var mykje nytta til ymse ombod i heradet — og utanom. Han hadde vore gift før med Ingeborg Lyslo og hadde desse borna i første ekteskap: Olav, Sigurd, Anfinn, Nils, Brite og Halldor. I andre ekteskapet Ingeborg og Erling. Dei lever begge på Hegdal.

ARNE ELIASSON SØLVBERG f. 1879, g.m. Helga Anna Hansdtr. Espeland f. 1888. Gjekk mellomskule i Skien og lærarskule i Volda, lærar ymse stader, Hornindal, Stryn, Selje, Flora til han slo seg ned for godt i Naustdal, S. Gjorde opptaket til lærarbladet «Folkeskulen», gav ut og styrde dette (dei siste år saman med klokkar Erstad), gav nokre år ut «Bygdebladet». Hadde ei tid gard på Florølandet. Born: Erling, Målfrid, Halldor, Eivind og Audun.



Erling Hegdal.

ERLING ARNESON SØLVBERG f. 1909, g.m. Astrid Wegner Hausken,

Karmøy, f. 1909, har artium, militær befalskule (løytnant), handelsgymnas og er cand. mag. frå Oslo universitet. Nokre år lærar ved Jærens folkehøgskule, no lærar og kassestyrar ved Rogaland Landsgymnas på Bryne, Jæren. Sat på Grini som tysk fange under okkupasjonen. Formann i Rogaland ungdomslag. Born : Arne, f. 1940, Kjetil, f. 1943, Målfrid, f. 1945, Egil og Asle, tvillingar f. 1948.

MÅLFRID ARNESDTR. SØLVBERG f. 1910. Kom sjuk heim frå folkehøgskulen og døydde i 1930.

HALLDOR ARNESON SØLVBERG f. 1913, g.m. Harriet Olson f. 1918 i New York. Har artium frå Kristiansand og lærarekseman frå Notodden. Lærar ymse stader — Naustdal, Bud, Dybvåg, no lærar i Stavanger. Born : Helge Arnulv, f. 1944 og Per Andreas, f. 1949.



Astrid og Erling Sølvsberg



Målfrid Sølvsberg



Helga, Audun og Arne Sølvsberg.



Eivind Sølvsberg.



Audun Sølvsberg.



Helga Sølvsberg.



Bjørg Sølvsberg.



Halldor og Harriet Sølvsberg.

EIVIND ARNESON SØLVBERG, f. 1916, g.m. Helga Urheim f. 1918. Har handelsskule og snekkarskule. F.t. sjåfør i Firda Billag. Born : Arne f. 1941, Aud f. 1946 og Hallfrid f. 1949.

AUDUN ARNESON SØLVBERG f. 1925, g.m. Bjørg Nordheim f. 1925. Snekkarskule, har overteke faren sitt småbruk i Naustdal, køyrer fiskebilrute Florø — Naustdal — Førde. Barn : Audhild f. 1950.

ÆTTINGAR ETTER SIGRID OG MATIAS SØLVBERG XIV.

Marte Matiasdtr. Sølvsberg, g.m. Bent E. Sølvsberg. Sjø Bentstova.

Jon Matiasson Sølvsberg, sjå XVIII.

Nils Matiasson Sølvsberg, sjå XVII.

ELIAS MATIASSON SØLVBERG (XVII) f. 1890, gjekk Voss folkehøgskule, 2 kurs ved Kunsthandverkskule og eitt kurs ved arbeidsskulen i Holmøy, var så lærar ved kurs skipa av Firda Ungdomslag, to år ved Holmøy arbeidsskule og eitt år ved Bø Snikkarskule, Stryn, sette så igong privat arbeidsskule



Elias M. Sølvsberg med huslyd.



Kornelius og Karen Sølberg.


som fekk namnet Lyfting. Vart g.m. Karen Ivarsdtr. Botnen frå Brekke i Sogn, f. 1901. Men det var ikkje berre heim og heimejord som hadde interesse, dei ymse sosiale saker hadde godt

i Utvik. No tilsett som lærar ved Innvik arbeidsskule i Utvik. G.m. Dorteia O. Reed, Breim, f. 1897. Born: Sigrid (d. 7 år gl. 1934), Aslaug f. 1928, Oddny f. 1931, Sigrid f. 1935 og Magne f. 1941.

KORNELIUS MATIASSEN f. 1892, gjekk folkehøgskule på Voss, freista tilveret på ymse stader, Rjukan, Voss, Jæren osv., men heimhugen var alltid sterk og røtene i heimjorda så godt feste at det alltid bar heimatt. Fekk så kjøpt seg eit skogstykke på Sølberg. Med trott og strev vart dette ein liten gard



Marius Sølberg og huslyd.



Anders og Karolina Sølvsberg med huslyd.

rom. Både mann og kone var idealistar, serlege hjartesaker avhaldssak og ungdomsarbeid. Karen er kjend for sine artiklar i «Unglyden» og han gav i mange år ut avhalds- og ungdomsbladet «Kolbein sterke». Han var elles mykje søkt som kjøkmeistar i brudlaup både i Nordfjord og vidare. Med song — ofte sjølvlaga viser — fekk han humøret opp ikring seg. Har vore kjøkmeistar i 110 brudlaup.

MARIUS MATTIASSON SØLVBERG f. 1894, gjekk fylkeskulen på Eid og Hjeltnes Hagebruksskule. Også han «flakka» ei tid, var heradsgartner austpå, gardstyrar i Loen, nokre år gartner hos Singer i Olden osv. til det bar heim. Fekk kjøpt eit par mål jord på Sølvsberg — rom til ein heim, bygd 1943. Driv bygnings- og snekkjararbeid. Gift med Svanhild Monsdtr. Nyhagen, Stryn. Born: Matias f. 1927, Gerd f. 1929, Malvin f. 1932, Sigrun f. 1935 og Erling f. 1941. Matias gift 1951 med Solveig Reidun Svensrud, Eidsvoll, f. 1930.


MARIA MATIASDTR. SØLVBERG f. 1896, g.m. Jakob Jonson Roset f. 1896. Dei overtok garden på Roset, men han døydde alt året etter dei var gifte i 1930. Ein son vart fødd same året.



Maria og Ola Sølvsberg.



Magne O. Sølvsberg.



Svein O. Sølvsberg.

Han fekk ikkje sjå far sin, men han fekk namnet hans, Jakob, og garden Roset som farsarv.

ANDERS MATIASSON SØLVBERG f. 1898 gjekk folkehøgskule på Voss og jordbruksdeilda på Jærens folkehøgskule, g.m. Karolina Kristiansdtr. Nygård. Fekk kjøpt 36 mål jord i utmarka på Sølvsberg i 1919. Dette vart sistpå så fin gard at samskipnaden Ny Jord sende diplom med pengepremi. Han har ymse tillitsyrkje, serleg i småbrukssamskipnader, er form. i Småbruk og Bondesamskipnaden i Sogn og Fjordane o.m. Har fin bu-skap, over hundre høns med avlsstasjon for kv. it. Born: Sigrid f. 1921, Solbjørg f. 1922, Matias f. 1924, Kjartan f. 1926 d. 1931, Målfrid f. 1928, Jorun f. 1930, Kjersti f. 1932, Rannveig f. 1934, Kjartan f. 1936, Bodvard f. 1938, Torbjørn f. 1941 og Gunnhild f. 1945. Målfrid er g.m. Anders Nilsson Sølvsberg (Inntuna).


OLA MATIASSON SØLVBERG f. 1901 fekk militær utdanning ved kystartilleriet, Oskarsborg. Tilsett i det militære i 1925. Tenest ymse stader, mest nordpå. I fritida har han budd i Florø, der han har hus og har arbeidd i Standal si forretning. Under




Ragnhild Sølvsberg.



Sigv. M. Sølvsberg.



Ingeborg og Erling Nåven.




Magnh. og Markv. Ulvedal.

krigen var han med å forsvara Kvarven. Var i tysk fangeleir i tre år, vart kaptein med tenestestad Harstad, frå 1951 Måkerøy ved Tunsberg. G.m. Maria Magdalene Andersdtr. Bergset f. 1899. Born: Magne Sigbjørn f. 1927, f.t. på krigsskulen, Oslo. Anders f. 1929, d. 1944. Svein f. 1932. Går f.t. på gymnaset. Ragnhild Ingeborg f. 1938. Svein vart juniorsmeister i kulekasting under landstevlinga på Hamar i 1951.



Leiv og Asta Blakset.

SIGVALD MATIASSON SØLVBERG f. 1904. Kom til Oslo i bakarlære, men fekk hug på teatret og tok opplæring i skode-



Magna og Ingv. Grønfur med huslyd.

spelkunst. Har havt roller ved ymse teater og reiste ei tid med Bjørnevise turne. F.t. tilsett ved Oslo Kinomatografer. Har bygt seg sommarhus på Sølvsberg.

BORNA TIL JON MATIASSON SØLVBERG (XVIII).

SIGRID JONSDTR. SØLVBERG f. 1916, g.m. Ola Andersson. Sjø Bakken.

INGEBORG JONSDTR. SØLVBERG f. 1917, g.m. gardmann Erling Nåven, Kinn, f. 1909. Han har jordbruksskuleutdanning.

MAGNHILD JONSDTR. SØLVBERG f. 1920, g.m. gardmann Markvard Hansson Ulvedal f. 1910. Born : Audhild f. 1945, Vigdis f. 1946, Liv f. 1948 og Herdis f. 1949.

MAGNA JONSDTR. SØLVBERG f. 1923, g.m. lærar Ingvar Grønfur. Han gjekk småbrukslærarskulen på Hvalstad, no lærar ved Jølster yrkesskule. Born : Rune f. 1948 og Jarle f. 1949.

MATIAS JONSON SØLVBERG f. 1925 skal ta garden etter faren.

ÅSTA JONSDTR. SØLVBERG f. 1926, g.m. gardmann Leiv Knutson Blakset f. 1928. Han har gått realskule og jordbruksskule. Fekk garden til farbror Jon på Blakset.

ODDBJØRG JONSDTR. SØLVBERG f. 1929.

RAGNHILD JONSDTR. SØLVBERG f. 1931.

TORDIS JONSDTR. SØLVBERG f. 1934.

ELSE JONSDTR. SØLVBERG f. 1940.



ISAKSTOVA

Bruk nr. 2.

Etter J. Å. tek ein namnet på brukarane frå ikr. 1600 og framover.

I. RASMUS TORBJØRNSON ikr. 1600.

II. OLUF RASMUSSEN og kona Anne br. 1628 — 1643.

III. MARTINES TORBJØRNSON ikr. 1648.

IV. STEINAR ANDERSON.

V. RASMUS TORBJØRNSON d. 85 år gl. 1760 og Gunhild Nilsdtr.

VI. TORBJØRN RASMUSSEN d. 53 år gl. 1756 og Brite Andersdtr. Skådi.


VII. ANDERS TORBJØRNSON d. 62 år gl. 1806 og Kirsti Arnesdtr. Drageset.

VIII. BRITE ANDERSDTR. SØLVBERG og Lasse Jørgensen. Brite vart enkje og g. seg att med Isak Drageset.

IX. ISAK DANIELSON DRAGESET, d. 66 år gl. 1844 og Brite, d. 1810. Isak gifte seg att med syster hennar, Eli, d. 63 år gl. 1845. Det er Eli som er bindelekk mellom den gamle ætta og den nye og vert stammor for den nye.



Anders og Agnete Sølvsberg



Isak og Eli Sølvsberg

X. ANDERS ISAKSON d. 79 gl. 1897, var g.m. Agnete Pedersdr. Hammar, Randabygda. Anders hadde tre sysken. Broren Rasmus Isakson hadde husmannsplass på Kleiva. Husa stod ovafor den vesle eplehagen innafor vegen. Reiste til Amerika 1874. Olina Rasmusdr. vart g.m. Bent Moldreim og Eli vart gift til Åland. Sjå bolk 3.

Anders og Agnete hadde fem born : 1. Isak, 2. Peder, 3. Elias, 4. Anders og 5. Pernille.

XI. ISAK ANDERSSON SØLVBERG 1846 — 1941, g.m. Eli Nilsdr. Sølvsberg (Inntuna), d. 77 år gl. 1929. Isak var ein sterk og modig mann. Det var han som reiste dei svære husa som står på garden no. Det var eit veldigt arbeid å få på plass alt som skulle til, stein til murane, stukk til plank og bord for bygget, takstein og murstein til piper, kalk, sement o.m.m. Når ein tek frå gråsteinen til murane og trevyrkje, måtte omlag alt det andre opp Berget — i stor mun på hesterygg og folkerygg. Han stelte godt og vitugt både heimegarden og skogen og var velstands mann. Dei hadde desse borna : 1. Elisabet, 2. Agnete, 3. Anders og 4. Maria.



Anders og Samulina Sølvsberg.

XII. ANDERS ISAKSON SØLVBERG f. 1886, g.m. Samulina Andersdr. Bergset f. 1886. Overtok garden etter foreldra 1911 og sit framleides ved styret. Omfram den imponerende innsats med omsyn på jorddyrking og stell av garden elles har han teke sin tårn i heradstyre

og formannskap, vore domsmann og skynsmann m.m. Utan om krinsen og bygda er han vel likevel mest kjend for sitt arbeid med krøteral. Mange stamdyr, hingstar, stutar og verar har gått ut frå hans fjøs.

UTFLYTJARAR FRÅ ISAKSTOVA

IVAR RASMUSSON SØLVBERG. (Kan vere frå Bakken eller Perstova, då det var menn med namnet Rasmus også på desse bruka den tid han var fødd.) 1708 — 1756 (V) vart gift til Hilda med enkja Brite Jørgensdr. på Jørnbruket, der ætta framleis er ved styret.

MARTE TORBJØRNSDTR 1790 — 1827 (VII) vart også gift til Hilda med Rasmus Mattisson. Av borna er nemnde, Mattis, Torbjørn, Brita og Malene. Ætta sit framleides på bruket, Mattisbruket.

BRITE RASMUSDTR. SØLVBERG 1701 — 1776 (V) vart gift til Tvinnereim med enkjemannen Jens Botolvson Tisthammar, som tidlegare var g.m. Malene Tvinnereim. Sonen Rasmus 1736 — 1801 g.m. Kari Skrede (Hornd.) budde i Randabakkane. Son deira, Jens Rasmusson drukna på veg til fisket. Hans son Per Jensson vart politimann i Irland.

RASMUS TORBJØRNSON SØLVBERG (VI) d. 60 år gl. 1806, hadde Sølvbergsbruket på Bruland, var g.m. 1. Anne Vilumsdr. Kvam og 2. Mari Mattisdr. Hilda. Hans ætt sit på bruket på Bruland.

RASMUS LASSESON SØLVBERG (VIII) d. 74 år gl. 1848 vart g. til Bruland med enkja Rebekka Mattisdr. f. Sølvberg (Inntunet) d. 80 år gl. 1864. Dei hadde Bakkebruket på Bruland og ætta lever der framleis.

MAGDELI ISAKSDTR. SØLVBERG d. 67 år gl. 1882 vart g.m. enkjemann Rasmus Rasmusson Løken, Olden, d. 44 år gl. 1854. Som enkje vart ho g.m. Erik Larsson Eide. Born (i første ekteskap) Rasmus, Isak og Eli.



Matias M. Lunde, Lilleh. m. huslyd.



Matias M. Lilleheim m. huslyd.



Eli Isakine Lunde.

RASMUS RASMUSSEN LØKEN (1846 — 1919) overtok bruket etter faren og vart g.m. Jartrud Antonsdtr. Eide (1842 — 1919).

Isak reiste til Oslo og døde i ung alder.

Eli vart g.m. Anders Skarstein, Olden.

Rasmus og Jartrud hadde desse borna: Rasmus (1873 — 1949), Andreas og Matilde. Dei to siste d. som born.

RASMUS RASMUSSEN overtok garden på Løken, men selde den (for 23 000) og overtok verfare sin gard i Ålfoten. Vart g.m. Rasmine Pedersdtr. Førde. Ei dotter Jenny d. i femårsalderen. Petra Rasmusdtr. vart g.m. Andreas Olson Solheim. Dei har tre born, Ragnhild f. 1944, Roald f. 1946 og Olav Berger f. 1949.

ANNE ISAKSDTR. SØLVBERG (IX) (1812 — 1881)

g.m. Matias Olson Lunde (Bergsida). Dei hadde tre born — Matias, Eli Isakine og Isak.

MATIAS M. LUNDE (1850 — 1932), g.m. Oleanne Ingebrigtsdtr. Fæn. Dei fekk kjøpt eit stykke jord i Stryn sentrum og bygde der. Dette vart Lilleheim, som dei og ættingane tok til etternamn. Han var snekkar og bygningsmann og hadde mange tillitsyrkje i kommunen. Ut om bygda er han mest kjend for si verksemd som emmisær. Dei hadde 6 born — Matias, Anna, Ingebrigt, Oliver, Bernhard og Barbro.

MATIAS M. LILLEHEIM f. 1887, g.m. Karen Hansdtr. Bø, Stryn. Han var 7 år i Amerika, er bygningsmann og bur i Stryn. Born: Martin f. 1927 (journalist) og Anna f. 1930 (kontordame).

ANNA M. LILLEHEIM (1890 — 1930) var sjukesyster.

INGEBRIGT M. LILLEHEIM, f. 1892, g.m. Margit Amalia Moe, Bergen og 2. Ingeborg Stensaker, Fana. I første ekteskap to born — Else f. 1918, er sjukesyster og Berna som er cand. mag. — I andre ekteskap Johan Henrik, f. 1932, f.t. student. Ingebrigt er journalist (f.t. Bergens Tidende) og offiser og bur i Fana.

OLIVER M. LILLEHEIM f. 1894 er brandformann i Ålesund, og har tre born — Berger f. 1927 (offiser), Malvin f. 1933 (f.t. student) og Karsten f. 1943.



Isak M. Lunde
han og kona døde der. Ho var andre kona hans og hadde ikkje born.

BERNHARD M. LILLEHEIM (1896 — 1926) hadde lærarutdanning.

BARBRO M. LILLEHEIM (1899 — 1919).

ELI ISAKINA M. LUNDE (1854 — 1937) g.m. Erik Ellingson f. på Øvreberg (?). Han hadde utdanning som mekanikar og reiste med ein ekspedisjon (Deboraekspedisjonen) som skulle til Sudhavet. På grunn av uver landa dei i Afrika, og han busette seg i Durban. Både

ISAK M. LUNDE (1857 — 1930) reiste til Amerika og var farmar og bygningsmann.

PEDER ANDERSSON SØLVBERG 1851 — 1918 (X) vart g.m. gardgjenta Mari Andersdtr. Hegdal, Innvik 1848—1930. Som ung var han i Holmøy i snekkarlære, vart flink i faget, møbelsnikkar og byningsmann med stil og orden i alt sitt arbeid, vart også ein dugande gardbrukar på Hegdal og var mykje nytta i kommunale ombod. Born : Brite (1878 — 1918), Anders, Anne, Lars og Laurits.

ANDERS PEDERSON HEGDAL f. 1880 overtok garden på Hegdal etter foreldra og har gjeve denne nytt andlit, tuver og stein er borte, omlag alt vart maskinland. G.m. Ingeborg Andersdtr. Tenden. Born : Målfrid, Aslaug, Karen, Borghild, Peder, Lars, Anfinn (1915 — 1938) Alfred, Alv, Olav og Reidar.



Peder Sølvsberg — Hegdal m. huslyd

MÅLFRID ANDERSDTR. HEGDAL f. 1908, g.m. gardmann John Rasmusson Bruland, Utvik f. 1903. Born : Oddlaug f. 1946, Inger f. 1948 og Rolf f. 1949.

ASLAUG ANDERSDTR. HEGDAL f. 1910 g.m. gardmann



Anders Hegdal m. huslyd.



Aslaug og Anders Bruland.



Oline og Bjarne Breivik.

Anders Torbjørnson Bruland f. 1904. Born : Anny f. 1942, Ingunn f. 1943 og Toril f. 1949.

KAREN ANDERSDTR. HEGDAL f. 1911 g.m. Ola Nilsson Bruland f. 1892. Han var då enkjemann. Born : Arne f. 1942 og Kari f. 1945. Ola er f. t. ordførar i Innvik.

BORGHILD ANDERSDTR. HEGDAL f. 1918 g.m. Anders Torson Valåker f. 1920. Dei fekk garden til Jens Jensson i Myrane på Myklebust. Born : Jens f. 1947 og Tor f. 1950.

PEDER ANDERSSON HEGDAL f. 1913 har overteke garden på Hegdal etter faren, g.m. Aslaug Petersdtr. Bruland f. 1922. Born : Anders f. 1948, Per f. 1948, og Ingeborg f. 1951.

LARS ANDERSON HEGDAL f. 1920 arbeider som snekkar, g.m. Kjellaug Midtbø, f. 1923. Dei har bygd seg heim på Hegdal, ved riksvegen. Barn, Gunn f. 1950.

ALFRED ANDERSSON HEGDAL f. 1922 har bygd seg heim på Bruland og arbeider på El. sagbr. og høvleri, g.m. Margreta Olsdtr. Bruland f. 1926. Born : Magne f. 1941 og Atle f. 1946.

ALV ANDERSSON HEGDAL f. 1924 er handelsstyrar.

OLAV ANDERSSON HEGDAL f. 1927 var gardsarbeidar, men gifte seg til Flåm i Sogn med Ingeborg Nilsdtr. Flåm, f. 1927 og vart gardmann.

REIDAR ANDERSSON HEGDAL f. 1930 er tapetserar.

ANNE PEDERSDTR HEGDAL (1884 — 1917) g.m. Ola Eliasson Ekerheim (1872 — 1927). Budde i Alfot. Born : Peder og Olina.

PEDER OLSON EKERHEIM f. 1913 er småbrukar i Alfot. Kona Ollaug er frå Valdalen, Sunnmøre. Barn Anne f. 1949.

OLINA OLSDTR. EKERHEIM f. 1910, g.m. Bjarne Sivertson Breivik f. 1909. Barn : Odd f. 1946. Bustad, Isfjorden, Romsdal.

LARS PEDERSON HEGDAL f. 1887 reiste til Amerika og døde der 1912.

LAURITS PEDERSON HEGDAL f. 1891 vart først kjøpmann på Vestnes — seinare Bjørndalstræ, om Bergen. G.m. 1. Inga Skåden (1894 — 1947) og 2. Hildur Ødegård, Bergen,



Laurits og Hildur Hegdal.



Margot og Ove Eriksen.



Leiv Eriksen.



Liv Hegdal.



Ase Hegdal.



Bjarne Hegdal.

f. 1898. Born : Peder, Mons, Margot, Ingrid, Åse, Liv og Bjarne.


PEDER LAURITSSON HEGDAL f. 1916 er kontormann, g.m. Laura Moldvær, Flekke-

fjord. Born : Ingebjørg f. 1945 og Gerd f. 1951.

MONS LAURITSSON HEGDAL f. 1918, er handelsreisende og g.m. Gunvor Askim, Trondheim, f. 1921. Barn, Berit f. 1950.

MARGOT LAURITSDTR. HEGDAL f. 1927, g.m. møbelarbeidar Ove Erikson, Fredrikstad f. 1921. Bur på Vaksdal. Barn, Leiv.

INGRID LAURITSDTR. HEGDAL f. 1927 (tvillingsyster til Margot), g.m. renseriarbeider Lorents Hansson, Laksevåg, f. 1924. Born : Odd f. 1947 og Inger f. 1950.



Ingrid og Lorents Hanssen m. huslyd

ÅSE LAURITSDTR. HEGDAL f. 1925 er sentralborddame ved telefon.

BJARNE LAURITSSON HEGDAL f. 1927 studerar til arkitekt.

LIV LAURITSDTR. HEGDAL f. 1935. F.t. på skule i London.




Gyda og Elias Sølvsberg.



Peder og Serina Sølvsberg.

ELIAS ANDERSSON SØLVBERG (X)

1853 — 1941, var ein vyrd mann — og ein vyrd ungdom, for då utviks Handelsforening var skipa 1874, vart han — berre 21 år gl. sett til styrar. Var grei og dugande forretningsmann, men hadde elles mange hugmål utanom. M.a. var han valmann (for vinstre) den tid stortingsmennene vart kåra på valmannsting, var også sjølv på tale som stortingsmann, arbeidde trutt for veggen Innvik — Utvik og vegomlegginga over fjellet. Han ofra mykje for skogreising, kjøpte planter for eiga rekning og fekk ungdommen til å plante. I 1902 løyste han ut luteigarane i handelsforeninga og dreiv sidan privat forretning. Var g.m. Gyda Kristen-



Kristina, Sverre, Olav, Agnete, Arne, Gyda, Gustav,
Karl, Elias og Bent Sølvsberg.



Elias og Edith Sølvsberg.

forretning i Utvik 1921, g.m. Serine Bentsdtr. Støyva f. 1879. Mellom andre tillitsyrkje var han forsynings sjef i Innvik under første verdenskrig. Dei har 11 born : Bent, Elias, Karl, Gustav, Gyda, Arne, Agnete, Olav, Sverre, Kristina og Synneve.

BENT PEDERSON SØLVBERG f. 1901 har smedarbeid som hovudyrkje, men har elles eit småbruk i Utvik. Flink fele-spelar og er mykje nytta i brudlaup og andre tilstellingar, g.m. Astrid Nilsdtr. Valåker f. 1897. Barn, Solveig f. 1927.

ELIAS PEDERSON SØLVBERG f. 1902. Frå 1917 til 1928 handelstenar ymse stader, Selje, Olden, Fosnavåg, var fem år i Canada, kom heim i 1935 og overtok faren si forretning 1940. G.m. Edith Arnesdtr. Myklebust. Også han har musikk som hobby, spelar 1. fiolin i Utvik musikklag.



Gyda og Abr. Verlo m. huslyd.

son f. Reed, enkje etter lærar Peder Kristenson, Fredrikstad. Mange i ætta har arva musikalske anlegg. Born : 1. Peder, 2. Anders, 3. Laurits, 4. Gabriel, 5. Anette (død som barn).

PEDER ELIASSON SØLVBERG 1877 — 1949 hadde mil-lomskuleeks., overtok faren si forretning i Utvik 1921, g.m. Serine Bentsdtr. Støyva f. 1879. Mellom andre tillitsyrkje var han forsynings sjef i Innvik under første verdenskrig. Dei har 11 born : Bent, Elias, Karl, Gustav, Gyda, Arne, Agnete, Olav, Sverre, Kristina og Synneve.

KARL PEDERSON SØLVBERG f. 1903, f.t. kommunal kontorsjef i Innvik, g.m. Marta Jensdtr. Sunde, Stryn. Barn, Per f. 1928.

GUSTAV PEDERS. SØLVBERG f. 1904, g.m. Torny Andreasdtr. Myklebust 1903—1950. Dei fekk gard på Myklebust etter Jørgen og Maria Valåker. Han arbeider elles ved hesteskofabrikken, spelar dragospel

og er mykje etterspurd ved samkomer. Barn : Synneve Anna f. 1940 og Marie Johanna f. 1941.

GYDA PEDERSDTR. SØLVBERG f. 1906, g.m. kjøpmann Abraham P. Verlo, som driv ei større forretning i Måløy under namnet Brunsvik Etterfølger. Born : Gunlaug og Aslaug (tvillingar) f. 1929, Per f. 1930, og Svein f. 1932.

ARNE PEDERSON SØLVBERG f. 1908 driv kjøpmanns- og agenturforretning og er representant for Vestl. Petroleumskompani i Måløy. G.m. Ingeborg Olavsdr. Skipenes f. 1908. Born : Olav f. 1938, Sigyn f. 1943 og Terje f. 1946.

AGNETE PEDERSDTR. SØLVBERG f. 1909, g.m. bokhal- dar og forsyningssjef i Innvik, Peder Sigdestad, Ålfot, f. 1909.

OLAV PEDERSON SØLVBERG f. 1912 har handelsskule- utdanning, bur i Utvik, driv tomatdyrking i drivhus. Spelar trekkspel.

SVERRE PEDERSON SØLVBERG f. 1914 er f.t. tredje- maskinmeister på Årdalstangen, Sogn, g.m. Amalie Sveen, Gjøl- vik. Barn, Jon Sverre f. 1948.

KRISTINA PEDERSDTR. SØLVBERG f. 1916, driv syfor- retning i Utvik.

SYNNEVE PEDERSDTR. SØLVBERG (d. 16 år gl. 1923).

2. ANDERS ELIASSON SØLVBERG f. 1878 tok millom- skuleeks. ved Hambros skule i Bergen og gjekk så igang med handelsforretning først på Skei, Jølster i 9 år, kjøpte så handel- stad i Førde sentrum og driv større forretning der. Har vakkert privathus på Hafstad. Var i 15 år disponent i Firda Billag og har elles havt ymse ombod i he- radet. I den fylkesvalde bil- nemnda var han representant for S.fj. Gift med Helene Mar- grete Pedersdr. Myklebust, Ut- vik. Born : Gyda, (drukna i Jøls- tra 7 år gl. 1909), Nelly, Peder, Edith, Gyda, Åsta og Olga.



Anders óg Helene Sølvsberg.



Peder og Anna Sølvsberg.

NELLY ANDERSDTR. SØLVBERG f. 1904 arbeidde i mange år på kontoret i Firda Billag, er nå gått inn i faren si forretning i Førde. Ivrig skyttar. Har nedlagt godt og verdfullt arbeid i Førde ungdomslag og Sfj. Ul. Har vore med i mange ymse arbeidsnemnder. F.t. med i Førde heradstyre.



P. og A. Sølvsbergs born.

PEDER ANDERSSON SØLVBERG f. 1906, g.m. Anna Gunnarsdtr. Hafstad, gjekk først jordbruksskule. Sidan 1929 drive større handelsforretning i Askvoll. Born: Helene f. 1929, Aslaug f. 1931, Gyda f. 1934, Ruth f. 1936, Anders f. 1938, Gunnar f. 1942, Solveig f. 1944 og Randi f. 1947.

EDITH ANDERSDTR. SØLVBERG f. 1908 og g.m. gardmann Nils Johannesson Helgheim, Jølster. Nils er form. i S. og Fj.

Bondeiag. Born : Randi f. 1932, Johannes f. 1933, Helga f. 1935, Atle f. 1937, Odny f. 1939 og Erling f. 1943.

GYDA ANDERSDTR SØLVBERG f. 1912, g.m. kaptein Johannes Etterlid, Førde. Han var med i kampene på Kvamskogen 1940, rymde til England 1941, og i sluttfasen av krigen gjorde han tenest på Svalbard. Born : Aud f. 1939 og Johannes Arne f. 1942.



Olga og Knut Hjelle.

ÅSTA ANDERSDTR. SØLVBERG f. 1914, g.m. snekkar Ragnar Hagenes, Gaular. Bustad og verkstad i Førde. Barn, Gro f. 1947.

OLGA ANDERSDTR. SØLVBERG f. 1919, g.m. kjøpm. Knut Hjelle, Nordfj.eid. Born : Aud f. 1942, Asbjørn f. 1943 og Helene f. 1948.

3. LAURITS ELIASSON SØLVBERG f. 1880, tok realartium 1902, eks. ved skogbrukslina ved høgskulen på Ås 1917, skogassistent Kristian amt i 1908 — 1909, sekretær i Landbruksdept. 1912—17, styrar av Oddernes Skogskule 1917 — 1931, skogforvaltar i Tinn 1931 — 1932 og styrar av Kongsberg Skogskule 1933 — 1948. Gift med Borghild Søfteland f. 1897. Born : Magne (d. 19 år gl. 1944), Joar og Kjell ,tvillingar).



Magne Sølvsberg.



Borgh. og Laurits Sølvsberg.



Joar L. Sølvsberg.



Kjell L. Sølvsberg.

JOAR LAURITSSON SØLVBERG f. 1928, realartium 1946, handelsgymnaset 1947, f.t. ved Norges Handelshøgskule. Bergen.

KJELL LAURITSSON SØLVBERG f. 1928, realartium 1946, f.t. ved Norges tekniske høgskule, Trondheim.

4. GABRIEL ELIASSON SØLVBERG f. 1881, g.m. Olina Nilsdtr. Bruland f. 1881, gjekk først millomskule i Bergen, var så handelsstyrar ved Kinn Forbruksforening, Florø, gjekk seinare lærarskulen i Volda og vart klokkar i Skånevik. Lengste tida arbeidde han som lærar ved Voss folkehøgskule, var flink idrettsmann og ihuga skyttar. Var dekorert med ei mengd skyttarmedaljer, og var i mange år form. i Hordaland Skyttarsamlag. Barn, Gyda.

GYDA GABRIELSDTR. SØLVBERG f. 1908 g.m. Jakob K. Verlo f. 1903. Sjøfører og drosjebileigar, Utvik. Barn, Gudvin f. 1944.

ANDERS ANDERSSON SØLVBERG (X)

(1864 — 1945) var først handelstenar hos broren Elias i Utvik, seinare nokre år hos Wiese i Osmundsvåg, sette så igang eiga forretning i Selje. Var kjend som sers dugande forretningsmann med gjennomført orden i smått og stort. Dei mange tenarar han hadde i si femti-årige forretningstid, fekk her ei god opplæring, som kom vel med seinare. I tronge tider, som ofte trefte inn for fiskarfolket der ute, kunde det bli vanskar også for han. Han hadde vanskeleg for å seia nei til kredit og kausjon. Det vart ofte tap. Det vart sagt om han at han var Seljes fatigkasse. Dette gjev bilete av mannen. Var g.m. Pernille Dybedal (1873 — 1943). Barn, Anna.



Anders og Pernille Sølvsberg.



Anna og Jon Roset.

ANNA ANDERSDTR. SØLVBERG, Selje f. 1897, gjekk først millomskule og arbeidde så i faren si forretning til ho vart g.m. lærar O. J. Roset frå Blakset f. 1899. Dei overtok forretninga i 1944.

PERNILLE ANDERSDTR. SØLVBERG (X)

vart g.m. Erik Bentson Sølvberg. Sjø Bentstova.

ELISABET ISAKDETR. SØLVBERG (XI)


g.m. Arne Pederson Myklebust f. 1872. Born : Peder, Nelly, Isak, Einar, Eldfrid, Peder, Nils, Edit og Arvid.

PEDER ARNESON MYKLEBUST f. 1899, d. 1909.

NELLY ARNESDTR. MYKLEBUST f. 1901, g.m. Marius Kristenson Verlo, f. 1899. Marius er mekanisk arbeidar, bur i Utvik og har verkstad der. Born : Karsten Einar f. 1927, Arne f. 1930, gjekk på skule i Trondheim og døde på sjukehuset der 1950, Eldfrid f. 1935, og Erna f. 1939.

ISAK ARNESON MYKLEBUST f. 1902, g.m. Marta Jensdtr. Tvinnerheim. Han overtok farsgarden på Myklebust, var fjøsmeistar på Mindresunde i 6 år, har ei mengd tillitsyrkje og er form. i mange samskipnader, — Nordfj. Hestealag, Innvik Hagebrukslag o.s.b. Born : Else Maria d. 1931, Marit f. 1933, Aud f. 1935 og Jorunn f. 1941.

EINAR ARNESON MYLKEBUST f. 1905, g.m. Signe Boksrud. Dei kjøpte garden Snekkarsveen i Vang 1911 og bur der. Born : Nils f. 1937, Eldbjørg f. 1939, Arne f. 1940, Egil f. 1942 og Sigmund f. 1943.



Arne og Elisabet Myklebust.



Isak og Marta Myklebust.



Signe og Einar Myklebust med huslyd.

ELDFRID ARNESDTR. MYKLEBUST f. 1907, g.m. gardmann Anders Rasmusson Hopland f. 1905. Born : Rasmus, Arne og Magnus.

PEDER ARNESON MYKLEBUST f. 1909, g.m. Borghild Samuelsdtr. Helgheim f. 1920. Dei paktar garden Nybø i Glop-pen. Born, Arne f. 1945 og Else Berit f. 1947.

NILS ARNESON MYKLEBUST f. 1911, g.m. Berta Olsdtr. Syversetre. Dei fekk 200 mål av Syversetre, som bestefar hennar hadde etla første barnebarnet sitt. Barn, Elisabet f. 1941.



Nils A. Myklebust.



Peder og Borgh. Myklebust.



Arvid og Eldbjørg Myklebust.



Peter og Maria Myklebust.

EDITH ARNESDTR. MYKLEBUST f. 1914, g.m. kjøpm.
Elias Sølvberg, Utvik.

ARVID ARNESON MYKLEBUST f. 1917 er bilfører i Firda
Billag, g.m. Eldbjørg Andersdtr Bruland, Ålfot. Barn, Arne.


MARIA ISAKSDTR. SØLVBERG (XI)

f. 1889, g.m. Peter Pederson Myklebust f. 1883, d. 1945. Dei
fekk eit stykke av garden Myklebust og bygde heim der. Peter
dreiv stor verksemd i Brulandsfjøra med sagbruk og høvleri.
Born : Nella, Peder, Edit, Åsta, Ingrid, Magnhild, Ingolv, Norun,
Agnete, Audun og Edvin Magne (d. som barn).


NELLA PEDERSDTR. MYKLEBUST f. 1912, har vore sty-
rarinne ved ymse gamleheimar og vore mykje med i ungdoms-
arbeid.



Nilla P. Myklebust.




Peder P. Myklebust.



Edith og Jostein Roset med huslyd.

PEDER PETERSON MYKLEBUST f. 1913 har utdanning ved handelsskule og overtok verksemda etter faren i 1947.


EDIT PETERSDTR. MYKLEBUST f. 1915, g.m. Jostein Jonson Roset. Dei kjøpte ein jordpart på Hatlem, Blakset og bygde heim der. Ho har eks. frå Statens Industriskule, Stabekk. Born: Solbjørg f. 1942, Jan Steinar f. 1943 og Peter Magne.



Magnh. P. Myklebust.



Ingolv P. Myklebust.



Norunn P. Myklebust.



Audun P. Myklebust.

INGRID PETERSDTR. MYKLEBUST f. 1920, g.m. gardmann Alfred Kvila, Breim. Ingrid har eks. artium og hagebruksopplæring. Born: Gerd f. 1948 og Magne f. 1949.

ÅSTA PETERSDTR. MYKLEBUST f. 1917, g.m. Dagfinn Gildestad, Olden. Barn, Bjørn f. 1948.

MAGNHILD PETERSDTR. MYKLEBUST f. 1922.

INGOLV PETERSON MYKLEBUST f. 1924, har gått skogskule og handelsskule og held fram med vidare utdanning.

NORUNN PETERSDTR. MYKLEBUST f. 1925, har handelsskuleutdanning og er kontordame på Geilo.


AGNETE PETERSDTR. MYKLEBUST f. 1927 (d. s. året).

AUDUN PETERSON MYKLEBUST f. 1929, har gått Statens Handverksskule på Blaker.

AGNETE ISAKDTR. SØLVBERG (XI) f. 1884 — 1926) g.m. gardmann Ola Olson Hatlem f. 1883 og budde på Hatlem, Blakset. Ikkje born.



Agnete og Ola Hatlem.



ANDERSTOVA

Bruk nr. 3.

I. ANDERS JONSON d. ikr. 1608.

II. JON ANDERSSON brukar ikr. 1611.

III. ANDERS JONSON og kona Anne br. ikr. 1640.

IV. OLA JAKOBSON TVINNEREIM og kona Marte J. Skrede br. ikr. 1700.

V. ANDERS OLSON og kona Mari br. ikr. 1750.

VI. KRISTEN ANDERSSON og kona Anne Hopland br. ikr. 1770.

VII. ARNE ANDERSSON (bror til Kristen) og kona Rebikke M. Aland ikr. 1800.

VIII. ANDERS MATIASSON ALAND (bror til Bebike) d. 84 år gl. 1881, g.m. 1. Kristi Arnesdtr. Myklebust og 2. Kari Rasmusdtr. Lyslo. Der var born både i første og andre ekteskap. Det er nemnd : Mattis, Kristian, Bent, Maria, Kristianna og Rakel.

IX. MATTIS ANDERSSON d. 53 år gl. 1874, g.m. Agnete Danielsdtr. Sølvsberg (Benstova) d. 90 år gl. Tre born, Anders, Kristi og Marte.

X. ANDERS MATTISSON d. 51 år gl. 1910, g.m. 1. Elina Andersdtr. Maurset, d. 28 år gl. 1881 og 2. Kari Larsdtr. Lyslo, d. 54 år gl. 1905. Første ekteskapet var barnlaust. I andre ekteskapet borna Matias, Brite, Lars og Anna. Anders bygde store




Frå venstre: Lidvin, Kari, Anders, Petra. Fremst: Matias og Olaug Sølvsberg.

moderne — både uthus og våningshus på dei gamle tufter. Ved utskiftinga vart husa med dei svære gråsteinsmurane flytte dit dei no står. Anders var ein stillfarande mann, men ein rispar å arbeide. Alt måtte gå fort.

XI. MATIAS ANDERSSON f. 1884 overtok garden etter foreldra og vart g.m. Olava Larsdtr. Sollid, Hornindal, d. 30 år gl. 1912. Born : Anders Lidvin (d. som barn), Kari og Lidvin Peder.

XII. ANDERS MATIASSON f. 1914, g.m. Petra Ulrikson frå Batalden, f. 1914, overtok garden etter far sin og er br. no. Barn : Olaug f. 1943.



Anders og Kari Sølvsberg.



Matias og Olava Sølvsberg.

UTFLYTJARAR FRÅ ANDERSSTOVA

LAURITS JONSON SØLVBERG (II) vart g. til Storesunde i Stryn med Brite Kolbeinsdr. Sunde. Dei var brukarar der i 1638.

ANNE OLSDTR. SØLVBERG, syster til Anders Olson (V) d. 90 år gl. 1776, g.m. enkjemannen Morten Olson Reme. Ho var då enkje og hadde med seg to døtre, Synneve og Brite. Synneve vart gift til Hilde. Ættingar finn ein m.a. på Hilde og Dokset. Sølvsberg har elles henta heimatt 2 av dei : Rakel O. Dokset, g.m. Kristen Sølvsberg og Anne E. Ulvedal g.m. Nils A. Sølvsberg.

HANS ANDERSSON SØLVBERG (V), d. 66 år gl. 1791, vart g.m. Synneve Olsdr. Tvinnereim d. 82 år gl. 1810. Ho hadde odelsrett til Nigardsbruket der, og dei tok dette på retten sin frå presten Dæe. Ætta sit framleis på bruket. Ein son, Ola vart gift til Eikenes.

JON JAKOBSON SØLVBERG d. 75 år gl. 1816, g.m. Kristi Andersdr. Hennane. Dei hadde Ungejobruket på Hopland, der ætta lever framleis. Han var soneson til Ola Jakobson (IV).

GUNHILD ANDERSDTR. SØLVBERG, syster til Kristen (VI) og Arne (VII), g.m. Ola Andersson Bergset ja Olabruket, der ætta lever framleis.

RAGNHILD KRISTENDETR. SØLVBERG d. 74 år gl. 1840, g.m. enkjemannen Ingebrigt Pederson Bergset på Åland. Han var komen dit ved gifte med enkja etter Jon Olson Hopland, Synneve, f. Rand.

MARI KRISTENDTR. SØLVBERG (VI) d. 75 år gl. 1828, g.m. Svein Larsson Åland, som hadde bruk på Fjellkårstad.

MARTE KRISTENDTR. SØLVBERG (VI) d. 75 år gl. 1823, g.m. Mattis Bodvardson. Hadde bruk på Fjellkårstad.

KRISTIANNA ANDERSDTR. SØLVBERG (VIII) g.m. Mikkjel Fjellkårstad. Dei hadde Høystakkane. Reiste til Amerika.

RAKEL ANDERSDTR. SØLVBERG (VIII) g.m. Svein Jakobson Åland. Dei hadde og bruk på Fjellkårstad og for seinare til Amerika.

MARIA ANDERSDTR. SØLVBERG (VIII) g.m. Ola Valåker (Sugg-Ola). Sonen Halvard for til Amerika (sjå bolk 3).

Bent og Kristian Andersson Sølvberg (VIII) for til Amerika. (Sjå bolk 3).

MARTE MATIASDTR. SØLVBERG (IX) vart g.m. Ivar Felde frå Breim. Dei kjøpte Høystakkane og budde der ei tid, men måtte gje opp, bygde sidan hus ved Bergsetnasta og levde der resten av si tid. Ivar var i mange år jektemannskap og fekk på sine eldre dagar pensjon av sjømannsfondet. Born : Jon, Matias, Andreas og Anna.

JON I. FELDE reiste til Amerika 16 år gl. og er jarnveg-vaktar.

MATIAS I. FELDE, f. 1890. Han busette seg i Sauda og omkom i 1948 ved ulukkehende. Kona heiter Dina og er f. i Herøy, Sunnmøre 1892. Born : Ivar og Trygve.

IVAR M. FELDE, f. 1928 er dreier og arbeider ved Årdal verk i Sogn.

TRYGVE M. FELDE, er elektrikar og arbeider i Sauda.




Ragnar og Aud, Andreas og Jenny Felde.



Martha Felde.



Anna Felde.



Ivar Felde.

ANDREAS IVARSON FELDE vart g.m. Jenny Hjortaset, Hyen. Dei har heim der og har fem born : Ivar, Ragnar, Marta, Anna og Aud.

IVAR let livet under okkupasjonen — vart skoten av tyskarane.

ANNA er g.m. Lars Modalslid, Mjåsund om Flekkefjord.

KRISTI DANELA MATTISDTR. SØLVBERG (VIII)

1851 — 1922, vart g.m. Jon Mikkelson Høpland 1850— 1934. Born: Berta, Mikkel (d. 5 år gl.), Matias, Mikkel, Ola, Anna (d. ung).

BERTE JONSDTR. HØPLAND f. 1877, g.m. Børre Olson Kandal, Breim, 1872 — 1934. Dei fekk eit stykke jord på Høpland, Hatlen, og busette seg der. Nokre av borna tok Hatlen til etternamn. Born : 1. Karl Johan, 2. Olav Arnljot, 3. John, 4. Magnus, 5. Alv, 6. Erling, 7. Margit Kristina, 8. Borgny, 9. Håkon, 10. Ottar, 11. Solveig og 12. Anna.

1. KARL JOHAN B. HØPLAND f. 1900, stud. art., g.m. Eli Jonsdtr. Høpland, f. 1903. Bonde på Høpland. Born : Bjarte og Bjørg.

2. OLAV ARNLJOT B. HATLEN, f. 1903, g.m. Anna Arnesdtr. A, Hyen. Bur på Vereide, Gloppen, vaktmeister ved N.fj. Ungd.skule. Har jordbr.sk.eks.

3. JON B. HØPLAND f. 1904, reiste til Canada og vart gift der. Kona heiter Ingeborg. Born : Roy og Normann. Er farmar.

4. MAGNUS B. HØPLAND f. 1906. Bur i Oslo. Har gått Kunsthandverkssk., og er bygningsnekkar.

5. ALV B. HOPLAND f. 1908, reiste til Canada og vart gift der. Kona heiter Enid. Born : Elisabeth, Roymord og Arlene. Er snekkar.

6. Erling B. Hopland f. 1910, reiste til Canada og vart gift der. Kona heiter Elise. Born : Linda og Zharon. Er sagbruksarbeidar.

MARGIT KRISTINA B. HOPLAND f. 1912, g.m. Kristen Gimmetad, Gloppen. Bur på Gimmetad. Barn, Amund.

8. BORGNUY B. HOPLAND f. 1914, g.m. Petter Jonson Øvre-Henden og er busett der, snekkar og bureisar, Skjerdalen, Henden.

9. HÅKON B. HATLEM f. 1916. Bur i Utvik. Er skomaker.

10. OTTAR B. HOPLAND f. 1918. Bur i Fosse, Hardanger. Heradsgartnar. Har jord- og hagebruksskule.

11. SOLVEIG B. HOPLAND f. 1920, g.m. Erling Erikson Dregelid. Bustad Uppheim, Voss. Born : Einar og Berit.

12. ANNA B. HOPLAND f. 1924, g.m. Kjell Rasmusson Verlo. Bustad Minnesund. Born : Roald og Magni.

MATHIAS JONSSON HOPLAND f. 1881, g.m. Andrina Davidsdtr. Rand f. 1885. Dei hadde farsgarden hans på Hopland. Born : 1. Jon Kristoffer, 2. Kristina, 3. Jenny, 4. Anna, 5. Dagfinn, 6. Maria, 7. Malvin, 8. Håkon, 9. Hjørdis. (5 og 6 tvillinger, likeeins 8 og 9).

1. JON KRISTOFFER MATHIASSEN HOPLAND f. 1907 g.m. Agnes Jørgensdtr. Hessevik, Bryggja f. 1919. Dei har farsgarden på Hopland. Born : Matias f. 1949 og Jørgen f. 1950.

2. KRISTINA MATHIASDTR. HOPLAND f. 1909 har gått husmorskule. Er f. t. heime.

3. JENNY MATHIASDTR. HOPLAND f. 1912, g.m. kvalfangar Magnus Solås, Tønsberg. Barn, Jon.

4. ANNA MATHIASDTR. HOPLAND f. 1914, død 1940.

5. DAGFINN MATHIASSEN HOPLAND f. 1916, g.m. Aslaug Gildestad, Olden, har jordbrukssk. og er meieriarbeider, bustad Hinna st. ved Stavanger. Barn, Aud Jorunn.

6. MARIA MATHIASDTR. HOPLAND f. 1916 har husmorskule. F. t. heime.

7. MALVIN MATHIASSEN HOPLAND f. 1920, g.m. Lillian Hansen, har bygt heim på eit stykke av farsgarden. Born: Else Liv f. 1949, Alvhild og Magnhild (tvillingar) f. 1951.

8. HÅKON MATHIASSEN- HOPLAND f. 1923, har jord brukssk., paktar gard i Vågsøy, g.m. Petra Edv.dtr. Løfall. Barn, Arnhild f. 1948.

9. HJØRDIS MATHIASDTR. HOPLAND f. 1923, død same år.

MIKKEL JONSON HOPLAND f. 1885, reiste til Amerika. Arbeidde ved jernbane i Canada, vart banevaktar, no pensjonert. G.m. Marta Monsdtr. Hopland f. 1896. Born : Ola og Normann f. 1922 og 1927. Begge har universitetsutdanning. Ola er timskrivar for eit skogkompani og har utdanning for og tenar som førstehjelp ved ulukke.

JOHAN JONSON HOPLAND f. 1889, reiste til Amerika, er sagbruksarbeidar i Canada. Ugift.

OLA ANDREAS JONSON HOPLAND f. 1887 har lærareks., skøydkurs, teiknekurs, kurs ved Askov høgskule i Danmark m.m. Lærer ved ymse skular, no lærar og kyrkjesongar i Hæge-



Sitjande frå venstre : Kjellaug, Alma, Ola, Jartrud.
Ståande : Tora, Sigurd, Maghild Hopland.

bostad, g.m. Alma Monen f. 1903 i U.S.A. Born : Sigurd, Kjellaug, Jartrud og Magnhild.

SIGURD O. HOPLAND f. 1926, har handelsskule, ei tid lensmannsfullmekt, elles snekkar og bonde. G.m. Tora Torsteinsdtr. Hamran f. 1928.

KJELLAUG O. HOPLAND f. 1927 har utdanning som barnepleierske og driv dette yrket.

JARTRUD O. HOPLAND f. 1930 har realskuleeks. og handelsskule og er kontordame.

MAGNHILD O. HOPLAND f. 1933 tok realskuleeks. 1950.

BRITA ANDRINA ANDERSDTR. SØLVBERG (X) 1886 — 1936, g.m. Bent Olson Bergset. Sjø Bakkestova — Synneveætta på Bergset.

LARS ANDERSSON SØLVBERG (X) 1888 — 1940 Ug.

ANNA MARIE ANDERSDTR. SØLVBERG (X) f. 1892, g.m. Peder Olson Fjellkårstad. Sjø Inntunsstova.

KARI MATIASDTR. SØLVBERG (XI) f. 1912, arbeider på heimegarden.

LIDVIN PEDER MATIASSON SØLVBERG (XI), arbeider på heimegarden og er rekneskapsførar i Utvik fjøskontrollag.



INNTUNSTOVA

Bruk nr. 4.

BRUKARAR

På dette bruket har dei vore sers vyrke for dokument. Det ligg såleis eit slikt, skreve på skinn frå 1340, og bruket har vore i same ætta sidan før 1500 — og har gått frå far til son eller frå far til dotter fram til vår tid. (Skinnbrevet er prenta sist i boka).

I. KNUT TORBJØRNSON er nemnd brukar i 1563.

II. TORBJØRN KNUTSON og kona Eli ikr. 1600.

III. RASMUS TORBJØRNSON og kona Eli ikr. 1640.

IV. TORBJØRN RASMUSSEN f. ikr. 1642 og kona Rebikka fram til 1700. Det er nemnd tre søner, Anders 1., Anders 2. og Lars, og ei dotter Anne.

V. ANDERS TORBJØRNSON d. 72 år gl. 1752, var med i tiårskrigen. Passet skreve i 1713 ligg på garden. G.m. Anne An-

dersdtr. Ulvedal. Han vart ute for den leide tilburden som J. Å. fortel om, at kona fekk tvillingar med broren medan han var borte (i 14½ år). Ho vart dømd til dauden, men fekk «nåde», d.v.s. domen brigda til livvarig straffearbeid på spinnehuset i Kjøbenhavn. Då det under krigen var uråd å få skipshøve, skulle ho vere med frendane sine til vidare. Ho døydde på Ulvedal. Tvillingane, to gutar, og faren som rømde, fortel ikkje dokumenta om. Saksdokumenta ligg på garden.

VI. MATTIS ANDERSSON og kona Eli Olsdtr (frå Perstova). Ho hadde tent som amme i Manger i 5 år.

VII. ANDERS MATTISSON d. 41 år gl. 1802 og kona Gunnhild Torbjørnsdtr. (frå Isakstova). Av born er nemnd Mattis og Anders.


VIII. MATTIS ANDERSON d. 80 år gl. 1856 og kona Marte Sjursdtr. Arheim d. 60 år gl. 1822, og kone nr. 2. Synneve Olsdtr. Tonning d. 64 år gl. 1838. Av born er nemnde, Anders og Anne.

IX. ANDERS MATTISON d. 29 år gl. 1829 og kona Marte Olsdtr. Hopland d. 70 år gl. 1867. Dei hadde ein son, Mattis som døydde 14 år gl. og to døtre, M a r t e og Magdeli. Enkja Marte Olsdtr. vart gift att med Lars Ivarson Ulvedal og hadde med han døtrene Anne, Brita og Olina.

X. MARTE ANDERDTR. d. 72 år gl. 1897, var gardgjente, vart truloga med Anders Fredholm. Han døydde før dei var gifte. Ho var då med barn og fekk ei gjente som fekk namnet Andrina. Marte vart gift med N i l s N o j e s o n R ø d frå Gloppepen d. 75 år gl. 1898. Nils var noko av ei kjempe, ikkje høg,



Lars I. Ulvedal.



Nils N. Rød.



Anders og Kristianna Sølvsberg.



Nils A. Sølvsberg.



Anders og Målfrid Sølvsberg.

men breidvaksen og sterk. Marte var høg og tynn. Sønene Matias og Nils arva både høgda, breidda og styrken. Anders, Lars og Elias arva mora, var høgvalsne og tynne. Dei hadde dessutan to døtre, Eli og Marte.

XI. ANDERS NILSSON d. 62 år gl. 1916, g.m. Kristianna Pedersdtr. Holmøy d. 90 år gl. 1950. Han var vel opplyst og ihuga for framstig og utvikling. Ei tid var han så å seie sjølvskreven representant for Fjelli både i heradstyret og skulestyret. Autoritetar som kom til gards, tok alltid inn hos dei og vart vel fagna. Han bygde uthus og våning innafor det gamle tunet. Uthuset vart flytt ved utskiftinga. Born : Marte (1881 — 1923 ug.), Pauline, Nekolina, Nils, Per og Olav.

XII. NILS ANDERSSON d. 58 år gl. 1946, g.m. Anne Eriksdtr. Ulvedal f. 1890. Nils gjekk jordbruksskule og var ein drivande gardmann. Dei styrde godt, så garden gjekk mykje fram i deira styringstid. Saman med svogeren på Ulvedal sette han opp høvleri ved Ulvedalsdemma. Born : Anders, Kjellaug og Erling.

XIII. ANDERS NILSSON f. 1919 overtok garden i 1946, g. m. Målfrid Andersdtr. Sølvsberg (Fjellvang) f. 1928.

BORN : ANNE LIV + ?

UTFLYTTARAR FRÅ INNTUNET

LARS TORBJØRNSON SØLVBERG (IV) d. 44 år gl. 1728 vart gift til Berge i Utvik med Brite Sverkesdtr. Dei hadde Innigardsbruket.

ANNE TORBJØRNSDTR. SØLVBERG (IV) vart g.m. husmann Eivind Knutson i Hage.

TORBJØRN ANDERSSON SØLVBERG 1779 — 1835 (bror til VIII) vart g.m. enkja etter Ola Andersson Veiteberg på Teita, Breim, br. 1, der ætta sit framleis. Sonesonen Torbj. Olson, d. 66 år gl. 1907, var lærar og vald til mange ombod på Breim.

ANDERS ANDERSSON SØLVBERG (VII) d. 63 år gl. 1861, vart gift til Rand med enkja etter Jon Antonson Rand. Ho var frå Arnebruket på Bergset og heitte Sigrid Jonsdtr. Son deira, Jon Rand, vart gift til Sølvsberg med Marte Olsdtr. (Perstova) Per-Sigrid som no har så mange namneborn etter seg var oppkalla etter bestemor si, Sigrid Bergset.


MAGDELI ANDES DTR. SØLVBERG (IX) vart g.m. Per Sæta, Loen. Son deira, Anders g.m. Olina J. Sæta. Sonesonen Johannes Andersson, har garden på Sæta no. Synneve Sæta, syster til Johannes, var g.m. Anders Bødal, som gjekk med under siste Lodalsulukka. Synneve og borna vart berga, fekk seg hus i Stryn og bur der.

BRITA LARSDTR. SØLVBERG (IX) d. 79 år gl. 1918, g.m. Jakob Andersson Valåker på Klasbruket. Jakob drukna på fisket.

OLINA LARSDTR. SØLVBERG (IX) d. 46 år gl. 1882, g.m. Ola Monsson Hopland. Dei hadde to døtre, Olina som vart g.m. Gustav Hopland (Henrikbr.) og Marte, som vart g.m. Mikkel Hopland. Dei reiste til Amerika.

MARTE MATTISDTR. SØLVBERG (VI) d. 62 år gl. 1813, g.m. Erik Andersson Ulvedal. Ætlingar sit framleis på Ulvedal.

ANNE MATIASDTR. SØLVBERG (VIII) d. 92 år gl. 1893, g.m. gardmann Mons Olson Hopland. Dei hadde Hansbruket (nr. 2), men hyste også opp på underbruket, Djuvstein og brukte ei tid denne parten — som kårfolk. Anne skulle vere så flink å ale fram epletre. Dei hadde 6 born, fire gjenter — Magdeli, Marte, Olina og Maria — og to gutar, Ola og Mathias. Magdeli vart gift til Indre — Hennane (br. 3), Marte til Støyva (br. 4), Olina til Ytre-Hennane (br. 3), Ola gifte seg med ei Sølvsberggjente, Olina Larsdtr. (Inntunet) og vart på hovudbruket, og Mathias vart på Djuvstein.



Matias M. Hopland.

Anne og Mons Hopland har ei stor og vidgrent ætt etter seg, der ein finn mange kjende namn. Jordbruksskulestyrar Karl Lien og fire lærarinner frå Lote (Anna, Magdali, Aslaug og Magnhild) er av ættlingane. I dette skriftet tek ein med nokre ord om dei som vart att på Hopland og Djuvstein.

Ola og Olina L. Hopland fekk 8 born: Mons, Lars, Ola, Olai, Anna, Agåta, Marte og Elisabet. Mons vart på Hopland.

MATHIAS M. HOPLAND

(1842 — 1912) vart g.m. Rakel

Jakobsdtr. Tistam. Dei hadde Djuvstein. Han var sersjant, var vel omtykt som millitær og hadde mange kommunale ombod. (Ein viser elles til J. Å.: Innvik og Stryn, b. II. side 262). Dei hadde to døtre: Maria og Andrina.

MARIA M. DJUVSTEIN vart g.m. Rasmus A. Hopland (br. 2). Dei har tre born: Synneve er jordmor i Brønnøysund, Rakel er sjukesyster ved Rikshospitalet, Oslo og Anders har farsgarden og er g.m. Elfrid A. Myklebust.

Andrina M. Djuvstein vart g.m. lærar Lars Søreide, m.a. kjend som ættegranskar og målgranskar. Skriftet hans om Nordfjordmålet, utgjeve av Studentmållaget, Oslo — har fått mykje vellæte av lærde målgranskarar. Han har også gjeve verdfulle tilskot til Norsk Ordbok. (Sjå elles J. Å.: Innvik og Stryn, b. I. s. 200).

ANDRINA og L. SØREIDE vart på Djuvstein og fekk fire born: Einar, Rakel, Matias og Else. Rakel er postopnar på Hopland, Else lærarinne på Rygg i Gloppen. Matias Djuvstein er tannlækjar i Ørstavik og Einar Djuvstein var distriktslækjar i Velfjord, Nordland.

Han hadde havt to år tenest-fritt for å studere brystsjukdomar og var no utlærd spesialist og tilsett i Bergens Helseråd. Men N.S.-medisinaldirektøren nekta honom avskil frå Velfjord. I februar 1944 reiste han så nordover att med rutebåten «Irma». På Hustadvika (13/2) vart båten torpedera og gjekk ned med 61 norske sjømenn og ferdafolk, m.a. Einar Djuvstein. At det var ein norsk torpedobåt med norsk mannskap, stasjonert på Shetland, som søkte båten, gjorde det ikkje lettare for alle dei syrgjande å ta i mot den tunge budskapen.

ANNE LARSDTR. SØLVBERG (IX)

(1832 — 1892), g.m. David Hage, Utvik (1841 — 1909). Dei budde i Hage. Born: Vilhelm, Lars, Ola, Matias og dessutan to gjenter som døde som born.

VILHELM D. HAGE (1865 — 1934) overtok garden etter foreldra og var g.m. 1. Rakel L. Reme, Innvik (1868 — 1908) og 2. Maria L. Henden, f. 1873. Born: I første ekteskap: Lidvin, Anna, Ingeborg, Dagny og i andre, Reidar.



David og Anne Hage. Over: Vilhelm, Lars, Ola.

LIDVIN V. HAGE f. 1903 er brukar i Hage no, g.m. Signe O. Vik, Davik, f. 1906. Born: Vilhelm f. 1931, Odvin f. 1934 og Ruth, f. 1936.

ANNA V. HAGE f. 1895, g.m. snekkar Ludvig Haugstad. Bur i Bergen og har 4 born: Ranveig, f. 1925, Sigfrid og Målfrid (tvillingar) f. 1927 og Aslaug f. 1935.

RANVEIG L. HAUGSTAD, g.m. lensmannfullmekt Ragnv. Frimannslund. Bur i Volda.

INGEBORG V. HAGE f. 1897, g.m. smed Matias Valåker, Utvik f. 1901. Born: Rakel f. 1928 og Malvin f. 1930.

RAKEL M. VALÅKER, g.m. Olav Stormark, Fedje, kjøpmann i Olden.

DAGNY V. HAGE, f. 1902, g.m. gardmann Sigurd Felde, Breim, f. 1900. Born: Målfrid f. 1932, Reidar f. 1933, Per f. 1937 og Randi, f. 1943.

REIDAR V. HAGE, f. 1916, arbeidar.

LARS DAVIDSON HAGE (1871 — 1944) reiste til Amerika, men kom heim att og busette seg i Våle, Vestfold, der han



Lars og Anne Hage med huslyd.



Borgh. og Oskar Hage.

kjøpte jord, hadde ialt 3 gardar. G.m. Anne Olsdtr. Bergset, f. 1870. (Sjå Bakken). Dei fekk fem born. David (døde ung), Oskar, Selma. Anna og Olga.

OSKAR L. HAGE, f. 1907, er gordmann i Våle og g.m. Borghild Bjerke, Sande i Vestfold. Dei har fem born: Leif, Gerd, Dagny, Berit og Roar.

SELMA L. HAGE, f. 1909, g.m. Leiv Larsson Bergset. (Sjå Bakken).

ANNA L. HAGE, f. 1903, bur på Nordre Ringshaug, Slagen pr. Tønsberg.

OLGA L. HAGE, f. 1911, g.m. feitevarekjøpmann Knut Haugen, Slagen, Tønsberg, f. 1905. Born: Ole f. 1940 og Anne-Lise f. 1942.

OLA DAVIDSON Hage og Matias Davidson busette seg i Amerika.



David L. Hage.



Olga og Knut Haugen.



Anna og Hans Verlo med huslyd.



Andrine og Isak Gald

ANDRINE ANDERSDTR. SØLVBERG 1849 — 1912
vart g.m. gardm. Isak Rasmusson Gald 1841 — 1906.

RASMUS ISAKSON GALD 1877 — 1934. Han var ein bolck
i Amerika, men kom heim og overtok farsgarden og vart g.m.
Brita Knutsdtr. Lødemel frå Hornindal. 1871 — 1927. Rasmus
og Brita hadde desse borna : Anna g.m. Hans P. Verlo, Utvik
og dei har tre born, Per, Reidar og Berit.



Rasmus og Brita Gald med huslyd.



Signe og Knut Gald med huslyd.



Anders og Kari Gald med huslyd.

ISAK GALD, som er lensmann i Innvik og er g.m. Åsa Maria Brekke frå Masfjorden. Dei har to born, Roald og Helga Berit.

KNUT R. GALD. Han overtok garden på Gald og er g.m. Signe Nyheim frå Berle. Dei har fem born, Reidulv, Bjarne, Hjørdis, Jarle og Atle.

ANDERS ISAKSON GALD f. 1879. Han var ein bolk i Amerika, men kom heimatt i 1911 og busette seg i Stryn og tok til som snekkar og bygningsmann. Har sett opp ei mengd med hus i Nordfjord. Av større arbeid kan nemnast vølinga av Vereidskyrkja i 1931 og 32 og gamleheimen i Askvoll 1938. Elles driv han snekkarverkstad og har m.a. laga over hundra vevstolar. Vart g.m. Kari Davidsdr. Mindresunde, f. 1878. Born :

AGNES A. GALD, f. 1908. Har vore i Gloppen og drive med veving.

INGOLV A. GALD, f. 1910, arbeider på snekkarverkstaden, elles med støyping av siloar, g.m. Inga Eikås frå Jølster, to born, Asbjørn og Odvin.

DAVID A. GALD, f. 1912, arbeider på bilverkstaden for Nordfjord og Sunnmøre billag med bygging av bussar for bilaget, g.m. Arna Lien frå Norddalen, Sunnmøre. To born, Arent og Karin.

MARTA ISAKSDTR GALD, døydde i 6 årsalderen.

NILS ISAKSON GALD 1885 — 1926, var trikkefører i Bergen, g.m. Klara Maurstad frå Bryggja. To born, Ivar og Solveig. Solveig er gift i Bergen.

LARS NILSSON SØLVBERG (X)

d. 48 år gl. 1910, g.m. Kari Pedersdr. Holmøy, d. 34 år gl. 1898. Lars tok eksamen ved Bergens Tekniske Skule, var ei tid formann på ein større verkstad i Bergen, kom attende til Nordfjord og tok til som byggmeister. Han hadde her mange større arbeid som kyrkjerestorasjonar og hotellbygg og gjorde teikningar til mange hus som han ikkje bygde sjølv. Han nemnde seg sjølv teknisk, men i fjorden gjekk han under namn av «artiktekt». Han busette seg i Utvik, hadde sagbruk på Verloøyra og villa

med hage på garden Hage. Born: Maria og Petra. Dei eig no villa-en med ein pen frukthage.


MARIA LARSDTR. f. 1893 vart g.m. statsautorisert revisor Edvard Ryholt, f. 1895 i Bergen. Dei bur i Tønsberg. Born: Kari og Lars. Dei har begge realartium og har gått handlungymnas. Lars dessutan befalskule.

Dei arbeider som assistentar på revisjonskontoret åt faren i Tønsberg.

LARS SØLVBERG-RYHOLT, gift 1951 med Doris Edvarsdal, Sandnes, f. i U.S.A. 1931.

PETRA LARSDTR. f. 1896, gjekk fylkesskule og millomskule og kom på kontoret til firmaet Chr. Knag, der ho har arbeidt i over 30 år.

MATIAS NILSSON SØLVBERG (X). Sjø Perstova.



Lars og Kari Sølvsberg.



Fyrste rekkja frå venstre : Petra Sølvsberg, Edv. og Maria Ryholt.
Andre rekkja : Doris, Lars og Kari Ryholt.

ELI NILSDTR. SØLVBERG (X). Sjø Isakstova.

NILS NILSSON SØLVBERG (X) reiste til Amerika. Sjø
bolk 3.

ELIAS NILSSON SØLVBERG (X) reiste til Amerika. Sjø
bolk 3.

MARTE NILSDTR. SØLVBERG 1866 — 1949


g.m. gardbrukar Ola Pederson Fjellkårdstad 1864 — 1950. Born :
Peder Kornelius, Nils, Marta, Olga, Kornelius og Olav.

PEDER KORNELIUS OLSON FJELLKÅRSTAD f. 1888
overtok garden etter foreldra og vart g.m. Anna Andersdtr.
Sølvsberg (Andersstova) f. 1892. Born : Ola som skal halde fram
med garden, f. 1925 og Marta f. 1923, er butikkdame.

NILS OLSON FJELLKÅRSTAD f. 1890, d. 1949, g.m. Ragn-
hild Sørensen, Drøbak, f. 1893. Nils gjekk underoffiserskule
vart sersjant og gjorde tenest ymse stader — Stjørdal, Oskar-
borg, Narvik og Bergen festning. Hadde hærens skytemedalje.
I 1924 vart han tilsett som statskonduktør i Koparvik, vart ord-
førar i byen og hadde ei mengd med tillitsyrkje. Ved hans



Ola, Marte, Anna, Peder, Marte og Ola Fjellkårdstad.



Nils O. Fjellkårstad.

bortgang heldt blada serleg fram hans innsats og arbeid for vassverket, skogsaka, kjølelageret og kaibygging, kinoen og andre saker der han var primus motor. Born: Nils, Odd og Eva.

NILS NILSSON FJELLKARSTAD f. 1916 har utdanning som møbelsnekker og driv fabrikk i Koparvik, g.m. Astrid Olsen, Bjerkestue, Nannestad, f. 1917. Born: Nils Ove f. 1943 og Per Øyvind f. 1947.

ODD NILSSON FJELLKARSTAD f. 1919 var utdanna som møbelsnekker og skipstømmermann, men gjekk i krigen og fall i 1944. (Sjå minneskriftet over falne). Var gift i Liverpool i 1944 med Ella Telle frå Bergen. Sonen Odd vart fødd i 1945 og fekk såleis ikkje sjå far sin. Ella vart attgift med Olav Rauset frå Gloppen.

EVA NILSDTR. FJELLKARSTAD f. 1923, g.m. bygningsmann Leif Bådsvik, Avaldsnes, f. 1915. Sonen Helge f. 1949.



Nils N. Fjellkårstad



Bernt og Maria Austrheim.

MARIA OLSDTR. FJELLKARSTAD f. 1892, g.m. snekkar Bernt Austrheim, Sandane, f. 1878. Born : Bertil, Eli, Magnhild og Oddmund.

BERTEL B. AUSTRHEIM f. 1920, driv ættegarden på Austrheim.

ELI B. AUSTRHEIM f. 1921, g.m. Børre Lunde, Stryn, f. 1916. Eli var telefonassistent. Børre er distriktsveterinær i Stryn. Barn, Katrine f. 1950.

MAGNHILD B. AUSTRHEIM f. 1922, har eks. artium og er g.m. Ragnar Rygg f. 1913, lærar ved framhaldsskulen i Gløppen.

ODDMUND B. AUSTRHEIM f. 1925, er møbelsnekkar og bur på Sandane.

MARTA OLSDTR. FJELLKARSTAD f. 1894, g.m. Peder Nilsson Bruland f. 1894. Dei har gard på Myklebust i Utvik. Dotra Reidun f. 1924 er g.m. Sverre Kjøllesdal f. 1916.



Peder og Marta Myklebust Bruland.



Reidun og Sverre Kjøllesdal.




Olga og Gudbrand Aska.

OLGA OLSDTR. FJELLKÅRSTAD f. 1897, g.m. gardbrukar Gudbrand Aske, f. 1894. Born : Kristina f. 1924 og Martin f. 1927. Dei er enno heime. Odd f. 1932 er elev ved gymnasen.

KORNELIUS OLSON FJELLKÅRSTAD d. 31 år gl. 1930. Ikkje gift.

OLAV OLSON FJELLKÅRSTAD f. 1903, fekk eit stykke av farsgarden, Lidene — bygde heim der og tok til som bureisar.

PAULINE ANDERSDTR. SØLVBERG (XI) g.m. Lars O. Bergset. Sjø Bakken.



K. Fjellkårstad. Olav Fjellkårstad.



Olav og Eli Sølvberg..

NEKOLINA ANDERSDTR. SØLVBERG (XI) f. 1885. Arbeider i Oslo.

PER ANDERSSON SØLVBERG (XI) har jordbruksskuleutdanning, arbeider som sveitser, først i Trøndelag og no på Austlandet. Premiar for godt krøterstell.

OLAV ANDERSSON SØLVBERG (XI) f. 1896 er kandidat frå jordbruksskulen på Ås. G.m. Eli Mo, Etne. Bur i Suunhordland. To born: Ingebrigt og Kjellaug.

Erling Nilsson Sølvsberg (XII) f. 1927 er fenrik i luftvernet med tenestestad Sola. *BORN: Njål (Sandnes)*

KJELLAUG NILSDTR. SØLVBERG (XII) f. 1922, g.m. politimann Ingvald Åland. Dei bur i Oslo.



BAKKESTOVA

Bruk nr. 5.

BRUKARAR I REKKEFYLGJE.

- I. RASMUS KNUTSON ikr. 1620.
- II. KNUT RASMUSSEN ikr. 1630.
- III. ANDERS OLSON og Abelone (vonleg enkje etter Knut) ikr. 1650.
- IV. ANDERS JAKOBSON og Marte Rasmusdtr. ikr. 1670.
- V. HALVARD og enkja Marte Rasmusdtr. 1700.
- VI. RASMUS ANDERSSON og Anne Jørgensdtr. ikr. 1710.
- VII. LARS OLSON BRULAND og enkja Anne Jørgensdtr. ikr. 1750.
- VIII. LARS OLSON 1734 — 1806 og Mari Andersdtr. Henne ikr. 1780
- IX. OLA LARSSON (d. 71 år gl. 1829) og Ingeborg Larsdtr. Tistam (1768 — 1848)
- X. LARS OLSON (d. 1889) og Anne Olsdtr. Jevnlid (d. 1888) br. til 1864. Dei hadde desse borna : Ola, Samuel, Lars, Olina, Ingeborg, Anne, Synneve og Maria.



Ola og Olina Sølvsberg.

XI. OLA LARSSON f. 1844 fekk garden etter far sin og vart g.m. Olina Andersdtr. Bergset f. 1848. I 1898 brann alle husa ned så nær som stabburet. Ut-huset var i den nye stilen med fjørsar og løde under eitt tak, dei andre husa var av den gamle typen. Det vart likevel eit tungt tap. Han var den første på garden

som interesserte seg for planting av frukttre i større mun. Planta ut Floten, rudde og planta ut Bastekleiva, hadde eplehage ved sjøen og einskilde tre ymse stader. Var den første som sette ut gran — nokre få ikring husa. Born : Lars (var åndsveik og døydde oml. 20 år gl.), Anne, Anders, Ludvig, Ola, Benjamen, Oliver, Ingvald og Amanda (døydde som barn).

XII. ANDERS OLSON (1875 — 1944) fekk farsgarden og vart g.m. Johanne Rasmusdtr. Blakset f. 1890. Dei overtok garden berre nokre år etter branden, og det vart eit tungt tak å få alt istand att. Skulda var alt før så stor at det var med naud garden kunne bergast, men begge to var modige og sers dugande, og det gjekk rette vegen, så det tilslutt vart velstand. Dei planta om lag 100 nye frukttre att åt dei om lag 100 som Ola hadde planta før. Det aller meste av jorda vart omsnudd og vølt, og ei mengd jord køyrd frå utmarka til dekning av skoltar og grunnlende. Og mange tusen gran vart planta i skogen. Born : Ola, Rolv, Oddrunn Aamanda og Marta Kristina.



And. O. Sølvsberg.



Johanne Sølvsberg.

XIII. OLA ANDERSSON f. 1915, overtok garden etter foreldra og vart g.m. Sigrid Jonsdtr. Sølvsberg (Perstova). Born: Anders Arve f. 1945 d. 1946. Anders Oddvard f. 1947 og Johanne Reidun f. 1950. Dei held fram i same leid og med same interesser som foreldra.



Ola og Sigrid Sølvsberg, born og bestemor Johanne.

UTFLYTTARAR FRÅ BAKKEN OG ETTERKOMARAR

ANDERS JAKOBSON VI. og Marte Rasmusdtr. vart frå-dømd Bakkebruket i 1679. Dei flutte då til Høgalm i Olden, der kona hadde slekt og odelsrett til gard.

RASMUS ANDERSSON SØLVBERG (VII) f. 1665, reiste til Trondheim, gifte seg og vart buande der.

VILLUM LARSSON SØLVBERG (VII) vart gift til Jyvall med enkja etter Ivar Jonson, Dorte Pedersdtr.

ELI RASMUSDTR. SØLVBERG (VI) d. 64 år gl. 1764 var g.m. enkjemannen Torbjørn Torbjørnson Fjellkårstad.

MARI OLSDTR. SØLVBERG (IX) d. 33 år gl. 1854, g.m. Kristen Olson Jevnlid. Sonen Ola Kristenson d. 80 år gl. 1920, g.m. Jartrud Antonsdtr. Tvinnereim d. 45 år gl. 1887 og med 2. Marte Absolondtr. Hegdal Born i første ekteskap: Mari, Kari, Kristianna, Kristen og Anne. Kristen d. 19 år gl. Mari vart gift til Hennane, Kristianna med Elias Bentson (Gald) og Kari med Benjamin Olson Sølvsberg. Dei overtok garden Jevnlid.

KARI LARSDTR. SØLVBERG d. 83 år gl. 1847, dotter til Lars Olson (VIII) vart andre kona til Anders Mikkelson Øvre-henden.



Dei to til høgre er Mari Henden og mann hennar. I fremste rad elles: Ola, Marte, Olina. Bak: Benjamen Kari, Kristianna og Anne Jevnlid.

SIGRID OLSDTR. SØLVBERG 1810 — 1851, dotter til Ola Larsson (IX) vart g.m. Jon Abrahamson Øvrehenden.

OLINA LARSDTR., dotter til (X) kom og til Øvrehenden. Noko om henne og ætlingane kjem nedafor.

ELISABET OLSDTR. SØLVBERG (1799 — 1885) dotter til (IX) g.m. Mikkel Andersson Øvrehenden.

Ættene i Øvrehenden og på Sølvbergsbakke må ha havt sterk dragna til einannan — med di Øvrehenden har henta så mange koner frå Bakke — og aller sist (1951 henta ei gardgjente maken sin her.

OLINA LARSDTR. SØLVBERG (X)

d. 63 år gl. 1896 vart gift med gardm. Abraham Jonson Øvrehenden d. 78 år gl. 1914. Born : Jon, Sigrid, Lars, Rakel, Andreas og Anne.

Olina fekk dessutan ein son før ho var gift. Han fekk namnet Anders. Ho var trulova med Arne Kårstad, men «fekk ikkje lov», og resultatet vart Anders.

ANDERS ARNESON SØLVBERG var oppalen hos besteforeldra, vart g.m. Ane Pedersdtr. Holmøy. Dei byksla plass på Jelhaugen, Bergset og bygde hus der. Han felte eit tre over seg i skogen og sette livet til. Kona vart attgift og flytte til Holmøy. Borna, Lars, Andreas og Anne reiste til Amerika. (Sjå bolk 3) og Paulina vart gift med ein politimann, Kvalheim, austpå.

JON ABRAHAMSON HENDEN f. 1863 overtok farsgarden og vart g.m. Johanne Pedersdtr. Hjelmeland d. 80 år gl. 1943. Born : Olina, Abraham, Brita og Peter. Jon lever framleis, ruslar ikring og ser på den velstelte garden og tek også ein tur til støls av og til.

OLINA JONSDTR. HENDEN d. 45 år gl. 1936. Ugift.

ABRAHAM JONSON HENDEN f. 1893, set med garden no, g.m. Teoline Andersdtr. Myrvold i 1922. Diverre døydde ho alt i 1926. Ho let etter seg ei dotter, Johanne.

JOHANNE ABRAHAMSDTR. f. 1923, gift 1951 med gartner Rolv Andersson Sølvsberg. (Bakken).

BRITA JONSDTR f. 1900, bur f.t. heime.


PETER JONSON f. 1903, er bygningssnekkar. Fekk Skjerdalen av utmarka i Øvre-Henden, har bygt hus, rudd jord og planta frukttre, g.m. Borgny Børresdtr. Hatlen (Hopland).



Rolv og Johanne Sølvsberg, Henden.

LARS ABRAHAMSON HENDEN 1865 — 1946

var kjøpmann på Sandane. Gjekk i ungdomen ungdomsskule og underoffiserskule, arbeidde ei tid som handelstenar og på kontor i Bergen. I 1896 sette han i gong handelsforretning på Sandane, bygde handelshus og seinare privathus med bakeri. På 80 årsdagen hadde lokalblada rosande artiklar om hans liv og yrkje. Var g.m. Marta Henden. Born: Abraham, Olav, Kristina og Agnes.



Lars og Martha Henden.



Til v.: Abr. og Ragnhild Henden. Til h.: Olav og Emma Henden.
I midten : Kristina og Agnes Henden.

ABRAHAM LARSSON HENDEN f. 1899, utdana for handel og overtok forretninga etter faren, g.m. Ragnhild Hagen f. 1907. Born : Lars Oluf f. 1942, Magne f. 1945, og Berit f. 1948.

OLAV LARSSON HENDEN f. 1899 (tvillingbror til Abr.) også utdana for handelen, driv kjøpmannsforretning og bakeri på Sandane, g.m. Emma Vereide f. 1910. Born : Lars Andreas f. 1936, Marit f. 1939 og Nora f. 1943.

KRISTINA LARSDTR. HENDEN f. 1904. Har artium og eks. frå industriskule. Er arbeidslærarinne ved folke- og framhaldskulen i Gloppen.

AGNES LARSDTR. HENDEN f. 1910, har gått realskule og handelsgymnas og er telefonstyrar på Sandane.

ANDREAS ABRAHAMSON f. 1873, fekk utdanning som militær børsemaker og dreiv sportsforretning i Rognan i Saltdal, g.m. Bergithe Drage, d. 74 år gl. 1946. Born: Abraham og Bergitta som begge døde som born. Etter avskild frå det militære, busett i Hennane.

ANNA ABRAHAMSDTR. HENDEN f. 1883, driv Parkkafeen i Stavanger.



Arne og Borgni Bergset.



Lars og Johanne Bergset.

SIGRID ABRAHAMSDTR. f. 1870 og RAKEL ABRAHAMSDTR. HENDEN f. 1876 bur heime i Henden.

INGEBORG LARSDTR. SØLVBERG

(X) 1836 — 1888 vart g.m. gardbr. Lars Arneson Bergset 1934 — 1917. Dei hadde desse borna: Marte, Arne, Lars, Anne Matias, Ludvig, Mons og Brite.

MARTE LARSDTR. BERGSET 1859 — 1889 vart gift med Kristoffer Nilsson Byrkjelo. Dei rudde seg gard i Bergsetgjeilane og kalla garden Lillejord. Marte døydde på barnseng (første barnet) og Kristoffer vart attgift med Mari Matiasdtr. Bergset. Han var skomakar, men då det vart sett igong postbodroute frå Blakset til Nos, overtok han ombodet som postberar.

ARNE LARSSON BERGSET 1864 — 1929


fekk farsgarden på Bergset og bygde stort nytt våningshus, vart gift med Borni Andersdtr. Myklebust 1866 — 1940. Born : Lars, Anders, Olav, Ingeborg, Alv, Peder og Anfinn.



Borgny og Magne Almenning.



Oddlaug og Styrker Almenning.



Klara, Johanna, Arne, Lars Bergset.

LARS ARNESON BERGSET 1890 — 1918 fekk garden etter foreldra, vart g.m. Johanne Pedersdtr. Sætre, Stryn. Born : Borgny, Oddlaug og Arne.

BORGNY LARSDTR. BERGSET f. 1914 vart g.m. Magnar Almanning f. 1915. Born: Olav f. 1938, Liv f. 1940, Halvor f. 1942, Joar Trygve f. 1943, Sveinung f. 1944 og Yngve f. 1946.

ODDLAUG LARSDTR. BERGSET f. 1916, g.m. Lærer Styrker Almanning f. 1918. Dei bur på Breim. Born: Odvar og Leidulv (tvillingar) f. 1947.

ARNE LARSON f. 1917 har hovudbruket etter foreldra. (Faren døydde då han var oml. 1 år gl.) Vart g.m. Klara Husevåg og har borna, Lars f. 1946 og Johanne f. 1948.

ANDERS ARNESON BERGSET f. 1893, g.m. Synneve Malena Steinsåker f. 1886. Han var skreddar, ihuga sportsmann, skilaupar og skyttar, ei mengd premiar — til med vandremedalje. Dei kjøpte hus på Sandane og hadde skreddarverkstad der. Born : Borghild Andrea og Gunda Haldis Pauline f. 1926.

Borghild f. 1922, g.m. Rolv Rasmusson Nyvoll, Breim, f. 1923. Barn, Astrid Synneve f. 1951.



Borghild Bergset-Nyvoll



Anders og Synneve Bergset

OLAV ARNESON BERGSET f. 1899, g.m. Jakobie Martine Lovise Levdalsbakke f. 1902. Olav var ei tid handelstenar i Selje. Dei bureiste på Bergset og gav det nye bruket namnet Berglid. Born : Borgny f. 1927, Arne f. 1929, Haldis f. 1930, Ingeborg f. 1932, Jon Andreas f. 1935, Liv f. 1938 og Odny Kristina f. 1945. Borgny er g.m. Leiv Jakobson Sunde, Olden. Dei fekk garden Solstad etter Gutorm Opheim som var onkel til mor hennar.

INGEBORG ARNEDTR. BERGSET 1895 — 1918. Ug.

ALV ARNESON BERGSET f. 1905, g.m. Jorun Andersdr. Roset f. 1914. Alv utlærd skreddar. Dei bureiste først bruket Alvheim på Bergset. Dette leigde dei bort (1944) og overtok så




Olav og Jakobie Bergset.



Alf og Jorun Bergset



Anf. og Aslaug Bergset.



Kolbein og Anne Teigen.


farsgarden hennar på Roset. Born : Audun f. 1938, Bjørg f. 1940, Anders Vilmund f. 1943, Leiv og Margot Irene f. 1948.

PEDER ARNESON BERGSET 1901 — 1918. Ug.

ANFINN ARNESON BERGSET f. 1908, g.m. Aslaug Rasmusdtr. Blakset. Dei pakta først gard i Høland, kjøpte så garden Daltrop i Hemnes. Selde denne i 1947. Har no drive som skogsarbeidar ei tid.

ANNE LARSDTR. BERGSET

d. 58 år gl. 1924, g.m. Kolbein Teigen, Blakset, d. 80 år gl. 1937. Dei kjøpte garden Djuv og budde der til 1911. Kjøpte då gar-



Johan Teigen og huslyd.



Olav Teigen. Alma Teigen.



Kari og Aksel Havslund.

den Holm i Vestfold. Då dei fleste borna var vaksne avhenda dei garden og kjøpte ein villa ved Holmestrand. 9 born, alle f. på Djuv. Olav Ingolv, Inga Bertine, Lars, Bertha Martine, Oleanne (Anna), Karen Pauline, Johan, Karl Andreas og Marit.

OLAV INGOLV K. TEIGEN d. 37 år gl. 1928, var arbeidsformann ved Norsk Aluminium Co. sin fabr. Holmestrand. G.m. Alma Fristad, Nykirke. Barn, Kari Alise f. 1926, g.m. Ingeniør ved Fana Lysverk Aksel Hafslund. Bur i Bergen og har 1 barn, Rune f. 1950.

INGA BERTINE K. TEIGEN f. 1892, g.m. maskinmeistar ved Oslo Kornsilø, Georg Gundersen, Arendal. Bur i Oslo.


LARS K. TEIGEN f. 1894, arbeider ved*fabrikk i Holmestrand, g.m. Gerda Karlsås, Våle f. 1900. Bur i Botne. Born, Edith og Annie.

EDITH f. 1919, g.m. bileigar E. Roberg. Bur i Undrumsdal. Born : Berit f. 1947 og Grete f. 1949.

ANNIE f. 1921, kontordame, Holmestrand.



Georg og Inga Gundersen.



Lars og Gerda Teigen m. huslyd.



Berta og Johs. Håland.



Anna og Olav Svarstad.

BERTA MARTINE K. TEIGEN f. 1896, g.m. vognskriver ved Statsbanene Johannes Håland f. 1892. Bur i Drammen. Born: Anne Irene og Kjell Ludvig.

ANNE IRENE J. HALAND f. 1925, g.m. diakon og lærer ved Ekne Skule for evneveike born, Olav Svarstad, Hardanger.

OLEANNA K. TEIGEN f. 1897, hadde manufakturforretning i Oslo til ho 1938 vart g.m. apotekar Per Anton Mathiesen, f. 1885, Skien. Bur i Sannesund, Sarpsborg.

KAREN PAULINE K. TEIGEN f. 1900, kontordame i Oslo og g.m. malaren Ferdinand Wåge f. 1894, medeigar og driftsledar ved Karane Kjem. Fabr., Oslo. Bur på Ulvøya, Oslo.

JOHAN K. TEIGEN f. 1902, driv bensinstasjon og bilsentral i Botne, g.m. Berte Olsen, f. 1914. Born : Kjell Sigmund f. 1943, Bjørn Arild f. 1946 og Vigdis f. 1948.

KARL ANDREAS K. TEIGEN d. 43 år gl. 1947, var kjøpmann i Drammen, g.m. Gudrun Aaheim, Holmestrand f. 1908.



Oleanna og P. A. Mathiesen.



Karen og Ferdinand Wåge.



Karl Teigen. Kolbjørn Teigen.

Barn, Kolbjørn f. 1928, som saman med mor si overtok faren si forretning.



Margit og Tr. Kjøllesdal m. huslyd.

MARGIT K. TEIGEN f. 1907, g.m. lærar Trygve Kjøllesdal f. 1898. Born : Dagfinn Kåre f. 1932, studerar realfag, Oslo. Astrid Bjørg f. 1934, går på gymnas i Askim, og Grete Torunn f. 1938.

LARS LARSSON BERGSET 1869 — 1924,


g.m. Pernille Rasmusdtr. Navelsaker 1869 — 1946. Han var skreddar. Dei kjøpte plassen ved Bergsetnausta og busette seg der. Hadde også hus på Nordfjordeid. Han kom inn i militærtenest, vart handverksersjant og seinare furer. Born : Inga, Lars, Sofie, Ragnvald, Olav (d. som spebarn) Olav, Olava, Leiv, Aslaug og Arne.

INGA L. BERGSET f. 1895, industrilærarinne i Trondheim og Oslo, g.m. ingeniør i vegvæsenet og major i infanteriet G. A. Frøholm, Innvik. Bur i Oslo. Born : Aslaug Ragnhild, eks. artium, kontordame Oslo f. 1930 og Leiv Odvard, eks. artium, 1951, f. 1933. (Dei tre eldste barn på biletet er av G. F.s første ekte-skap.).

LARS L. BERGSET f. 1896 er avdelingssjef i Christiania Bank og Kreditkasse Oslo, g.m. Alvhilde Hansen, Aurskog. Barn, Solveig f. 1928, er assistent i Finansdepartementet.



Lars og Pernille Bergset.



Gabr. Frøholm og huslyd.



Alvhilde, Solveig og Lars L. Bergset.



Sofie Bergset.



Olava Bergset.



Selma Bergset.



Leiv Bergset.

SOFIE L. BERGSET f. 1898 er kontordame i Botanisk Museum, Oslo.

RAGNVALD L. BERGSET f. 1899 er kjøpmann på Nordfjordeid, g.m. Ingeborg Ytre-Eide, Stryn. Born : Leiv f. 1930 d. same året, Lillia f. 1931, Elin f. 1932, realskuleeks., Lidvard f. 1934, Jorun f. 1937 og Johannes f. 1940.

OLAV L. BERGSET f. 1902, militær- og politiskreddar, ei tid Bergen og Fredrikstad, no Oslo. G.m. Ågot Hansen, Aurskog. Barn, Henning Lorentz, eks. artium 1951.

OLAVA L. BERGSET f. 1905 er frisørdame og bur i Utvik.



Aslaug og Matias Nos med huslyd.



Arne L. Bergset.

LEIV L. BERGSET f. 1907, tok svenneprøve i snekkerfaget 1936, arbeidde 10 år som snekkar i Oslo, no gardbrukar i Våle, Vestfold, g.m. Selma Larsdtr. Hage. Born: Anne Liv f. 1941 og Solveig Irene f. 1946.

ASLAUG L. BERGSET f. 1910, g.m. cand. jur. Matias Olson Nos, Fjelli, f. 1902, kasserar på lensmannskontoret i Asker. Born, Anne Lise f. 1944 og Per Olav f. 1948.

ARNE L. BERGSET f. 1912, er ingeniør ved Statsbanene, Oslo.

MATIAS LARSSON og LUDVIG LARSSON BERGSET reiste til Amerika. (Bolk 3).

MONS LARSSON BERGSET

f. 1877 d. 1940, var skreddar og arbeidde ymse stader i landet — var og ei tid i Danmark — til han busette seg i Bergen. Var g. m. Berta Maria Kringe, Masfjorden, f. 1884. Born: Leif Ingolv, Betzy Maria, Arne, Mary Margreta, og Lilly Mabel.

LEIF INGOLV MONSSON BERGSET f. 1914 er skreddarmeistar i Bergen, g.m. Ida Rolland.

BETZY MARIA M. BERGSET f. 1916. Bur i Bergen.


ARNE MONSSON BERGSET f. 1917, er bakar i Åsane ved Bergen, g.m. Gjertrud Odland, Fana. Born: Magne f. 1947 og Atle f. 1949.



Mons og Maria Bergset.

MARY MAGRETA M. BERGSET f. 1918. g.m. seilmakar K. Christenson, Bergen. Barn, Steinar Jakob f. 1947.

LILLY MABEL M. BERGSET f. 1924, g.m. cand. jur. Kåre Lid. Bur i Bergen.




Gjertrud og Arne Bergseth.

BRITA LARSDTR. BERGSET f. 1880, g.m. gardmann Jakob Erikson Tisthammer f. 1880. Born : Anna f. 1909 og Erik f. 1912. Dei arbeider på heimegarden.


ANNE LARSDTR. SØLVBERG (X)

1842 — 1926, g.m. gardbr. Abraham Vilhelmson Bergset 1842 — 1912. Abraham var ein mann med vidsyn og framsyn. Diverre vart han sjukleg. Det var sagt om han at hadde han vore frisk, så hadde Fjelli havt ein stortingsmann. Dei hadde to born : Vilhelm og Lars. Lars reiste til Amerika. (Sjå bolk 3).

VILHELM ABRAHAMSON BERGSET 1866 — 1945, g.m. Eli Andersdtr. Myklebust 1866 — 1945. Dei fekk farsgarden på Bergset. Dei bygde store tidhøveleg uthus, det vart utskifting,



Anne og Abr. Bergset.



Eli og Vilhelm Bergset.



Abraham Bergset.

så eigna vart samla og tilhøva betra. Velom, som han vart nemnd til dagleg var i lenger tid representant for Fjelli både i heradstyre og skulestyre og var vald til ymse andre ombod. Dei hadde desse borna: Anne Malene, Abraham, Anders, Agnes Olivia, Ivar Andreas, Ragnvald, Emma.

ANNE MALENE VILHELMS-
DTR. BERGSET 1889 — 1920, g.m.
Nils Matiasson Sølvsberg Øverland.
(Sjå Perstova.)

ABRAHAM VILHELMSON BERGSET f. 1892. Gjekk lærar-skulen i Volda og var lærar ymse stader til han slo seg ned for godt i Grue, Solør. Omfram skulearbeidet har han ofra mykje på arbeid millom ungdomen, har skrive mykje i blad og er ein fin lyrikar, som har skrive mange fine dikt.

ANDERS VILHELMSON BERGSET f. 1895, g.m. Jofrid L. Nyhagen frå Stryn f. 1903. Dei bureiste på ein part av farsgarden Jeilane. Han er kjend for sin innsats for skisporten, var ei tid formann i Nordfjord skikrins, sjølv flink laupar og hoppor og har ei mengd premiar. Var lenge med i Innvik jordstyre. Barn, Vidar f. 1928.



Vidar A. Bergset.

AGNES OLIVIA VILHELMS-
DTR. BERGSET f. 1897 d. 1942, g.m.
lærer og klokkar Knut Blakset, Nord-



Anders og Jofrid Bergset.



Ivar og Petra Bergset.


fjordeid. Born : Eldbjørg f. 1926,
Leiv f. 1928 og Villum f. 1931.

IVAR ANDREAS VILHELM-
SON BERGSET f. 1899 overtok
farsgarden og vart g.m. Petra
Olava Rasmusdtr. Blakset f. 1902.


Gjekk Fana Folkehøgsk. og Oslo Elementært tekniske skole (byg-
ningsdeilda), arbeidde ymse stader, m.a. med planlegging og
kartlegging av skibakkar i Nordfjord, flink skilaupar, har tevla
i Holmenkollen og ved ymse landsrenn og fylkesrenn m.m. Har
steltt godt med garden og auka verdet ved planting av frukttre
og oml. 80 000 granplanter. Born : Eldbjørg f. 1928, Vemund f.
1930, Reidar f. 1933 og Magne Asbjørn f. 1944.

ELDBJØRG I. BERGSET er f.t. konstituert lærarinne i
Glomfjord — medan ho ventar på plass som elev ved Statens
Industriskule.

VEMUND I. BERGSET har teke arv etter far sin som
idrettsmann og har alt auka sølvet i skåpet på garden der pre-



Agnes og Knut Blakset.



Magne I. Bergset.

Vemund Bergset.

Reidar Bergset.

Eldbjørg Bergset.



Ragvald og Ragna Bergset.



Vigleik R. Bergset.



Eli Tordis Bergset

miane er samla. Skal også ta arven som gardmann og bur seg til dette ved jordbruksskuleutdanning, var ei tid i Tyskland som okkupasjonsoldat.

REIDAR I. BERGSET er og idrettsmann og har alt eit par krinsmeistarskap (i gute-klassa). Arbeider f.t. ved møbelfabrikk.

RAGNVALD VILHELMSON BERGSET f. 1902, g.m. Ragna Standal frå Bru. Dei kjøpte gard i Vinger og budde der i 5 år, kom så heim att i 1937 og tok til med bureising i utmarka på Bergset. Etter 10 år hadde dei seg ein fin gard med hus og heim, rett ein mønstergard. Driv hønseri og pelsdyral som attåttnæring. Born : Vigleik f. 1931 og Eli Tordis f. 1933.

EMMA VILHELMSDTR. BERGSET f. 1905, g.m. Oskar Steffenson Støve.

SYNNEVE LARSDTR. SØLVBERG (X 7)

1849 — 1917, g.m. gardbrukar Ola Andersson Bergset 1833 — 1919. Ved utskiftinga vart husa flytt frå det gamle tunet dit dei no står. Born : Anne, Anders, Lars, Rakel, Elisabet, Bent, Olina 1886 — 1888 og Olina 1891 — 1930.

ANNE OLSDTR. BERGSET f. 1870, g.m. Lars V. Hage. Han hadde vore i Amerika. Dei kjøpte gard i Vestfold. Sjø Hageætta, Inntun.

ANDERS OLSON BERGSET 1873 — 1912. Døydde i Amerika. Ug.

LARS OLSON BERGSET f. 1875, g.m. Pauline Andersdtr. Sølvsberg (inntuna) f. 1883. Dei overtok farsgarden hans på Bergset.

RAKEL OLSDTR. BERGSET f. 1877, vart verande heime.

ELISABET OLSDTR. BERGSET 1880 — 1951, vart g.m. Matias Larsson Rosenlid f. 1885. Matias var på veg til Amerika. Faren rodde med han til dampbåtstoppestaden i Utvik, men drukna på heimvegen. Det vart send telegram til guten, og han gjorde vendereis. Dei hadde to born, Lars og Ola. Ola drukna under bading i Ulvedalsdemma 14 år gl.

LARS MATIASSON ROSENID overtok garden etter foreldra, er ein sers dugande bitjarnsmed, g.m. Sigrid Bentsdtr. Sølvsberg f. 1915. Born: Magne f. 1940, Elisabet f. 1941, Magnhild f. 1945 og Bodvard f. 1949.

BENT OLSON BERGSET 1884 — 1926, g.m. Brita Andersdtr. Sølvsberg (Andersstova) 1886 — 1936. Dei fekk kjøpe ein jordpart på Bergset og bureiste der. Dei hadde berre eit barn, ei dotter, Synneve f. 1920. Då ho var 16 år gl. var både far og mor døde og ho sat att åleine, men ho tok på med mod og tru, og det gjekk utruleg godt. Ho vart g.m. Kåre Rasmusson Ødegård frå Bryggja og dei har tre born: Berit f. 1945, Ola Arvid f. 1947 og Ragnhild f. 1950.


Lars og Pauline på hovudbruket hadde ikkje born. Synneve har odelsretten og no har dei overteke hovudbruket og.

SAMUEL LARSSON SØLVBERG X reiste til Amerika.

LARS LARSSON SØLVBERG X reiste til Amerika.

MARIA LARSDTR. SØLVBERG X reiste til Amerika. Sjø folk 3.

ANNE OLSDTR. SØLVBERG (XI) 1869 — 1940 var g.m. Steffen Ingebrigtsen Støve frå Breim. Dei fekk kjøpe ein part av Bakkebruket og bureiste der. Steffen hadde gått



Anne og Steffen Støve.



Aamanda og Joh. Honningsvåg.

underoffiserskule og var utlærd som skreddar, men slo inn på vegarbeid og vart oppsynsmann. Under mineringsarbeid vart han ute for ulukke og vart blind. Dei hadde 11 born : Ingvald, Amanda, Ola, Kristina, Oskar, Steffen, Anders, Olina, Oskar, Agnar og Ingvald.

INGVALD S. STØVE, f. 1894, d. 1914.

AMANDA S. STØVE, f. 1896, g.m. gardmann og fiskar Johan Honningsvåg, Stadlandet.

OLA S. STØVE, f. 1898, g.m. Anna Skrøppa frå Breim. Dei kjøpte småbruket Friholt i Blakset — elles dreiv han vegarbeid, men døde alt i 1944.

KRISTINA S. STØVE f. 1902, g.m. bilfører Bernhard Fløtre. Dei bur i Kjøs, Hornindal. Born : Ester, Anny, Oddrun og Jon Steinar.

OSKAR S. STØVE f. 1899, d. 1908.

STEFFEN S. STØVE f. 1904, d. 1927, var skreddar.

ANDERS S. STØVE f. 1906, er vegarbeidar og g.m. Brita Dokset. Born: Ola Knut, f. 1934, Steffen Sigbjørn, f. 1937, Jakob, f. 1940, Kjellfrid, f. 1944 og Åse f. 1949.

OSKAR S. STØVE f. 1908, er skomakar og g.m. Emma Vilhelmsdtr. Bergset, f. 1905. Dei kjøpte ein jordpart på Bergset og bureiste der, bruket fekk namnet Rud. Born : Sigmund, f. 1935, Vebjørn, f. 1939, Anne, f. 1942, Inge Olav og Eli Agnes (tvillingar) f. 1947. (Eli Agnes d. som spebarn).

OLINA MARIA S. STØVE, f. 1908, (tvillingsyster til Oskar) — er heime og steller for far sin.

AGNAR S. STØVE f. 1910. Han er bilfører og g.m. Signe Olson, Bolnes, Kongsvinger.

INGVALD S. STØVE f. 1914.

LUDVIG, OLA og INGVALD OLSØNER (XI) reiste i unge år til Amerika. Amanda døde som barn.

BENJAMEN OLSON SØLVBERG (XI)

f. 1884 vart g.m. gardgjenta Kari Olsdtr. Jevnlid, f 1876, og overtok garden etter foreldra hennar. Dei fekk tre born : Ola, Olav og Konrad.

OLA f. 1910 fekk garden Jevnlid og vart g.m. Marta Emma L. Øyestad. Born : Bernhard Kåre f. 1943 og Leiv Magne f. 1946.

OLAV f. 1912 fekk eit stykke av farsgarden og bureiste der. G.m. Einfrid Nilsdtr. Sølvberg (Øverland) f. 1918. Born : Bjarne f. 1941, Alvhild og Kari. Sjø Perstova.

KONRAD f. 1917 (er åndsveik).



Ola og Marta Jevnlid med huslyd.



Ola og Oddrun Granbo.



Marta A. Sølvsberg.




Oliver Sølvsberg.

OLIVER OLSON SØLVBERG (XI) f. 1886 vart verande heime. Ug. Har lagt ned eit godt arbeid i heimejorda. Det er med hans hjelp og seige trott at garden har vorte det den er idag.

ROLV ANDERSSON SØLVBERG (XII) f. 1918 har gått agronomskule og gartnarskule. Gift 1951 med gardjenta Johanne Abrahamsdtr. Henden.

ODRUN AMANDA ANDERSDTR. SØLVBERG f. 1920 har gått ungdoms- og folkehøgskule. G.m. Politimann Ole P. Granbo, Krøderen. Bur i Bærum. Barn, Per Arne.

MARTA KRISTINA ANDERSDTR. SØLVBERG (XII) f. 1929 har gått ungdomsskule, husmorsk., industrisk. og husmorvikarkurs. Er f.t. husmorvikar i Florø.



BENTSTOVA

Bruk nr. 6.

Ætta som sit på garden no, er ikkje så svært gamal der. Ho kom der med Olina Mattisdr. Sæta og Bent Halvardson Fredholm. J. Åland nemner brukarar frå ikr. 1600, og dei vert nemnde i rekkefylgje.

I. ANDERS ENDRESON og kona Jartrud ikr. 1600.

II. STEFFEN ANDERSSON og Sara Fjellkårstad ikr. 1620.
Born : Torbjørn og Jartrud.

III. TORBJØRN STEFFENSON og Ågåte Andersdr. Gud-
dal ikr. 1660.

IV. PEDER KNUTSON HOLMØY.

V. DORTE PEDERSDTR. og mannen Villum Lauki ikr.
1720.

VI. SYNNEVE IVARSDTR. LAUKI, (brordtr. til Villum) og
Daniel R. Tvinnereim ikr. 1750.

VII. DORTE DANIELSDTR. og Erik Halvardson Fredholm
ikr. 1780. Dei hadde ikkje born og garden gjekk over til slekt-
ningar på Fjellkårstad.

VIII. DANIEL PEDERSON FJELLKARSTAD og Marte Jakobdtr. ikr. 1800.

IX. ERIK DANIELSON 1789 — 1840, vart gift med Olina Mattisdtr. Sæta 1810 — 1898 (J. Å. 1870 er feil). Erik døydde barnlaus, og då han hadde fleire systre, hadde desse større rett på garden enn enkja. Det såg såleis ikkje så greidt ut for henne, men så kom rikingen

X. BENT HALVORDSON frå Fredholm 1806 — 1893 og løyste systrene til Erik ut, med 893 dalar. Det gjekk ord om rikdomen hans. Det vart fortalt at han kom med pengane i ei tine. Sølvpenger. Etter statsbankerotten i 1815 hadde ein lite tru på setlar og samla difor på sølv.

Systrene til Erik var elles gifte. Agnete var gift med Mattis Andersson i Andersstova, Synneve var gift til Tvinnereim, med Anders Jonson, Marte var gift med Ola Sæta (i byte med Olina), og ei var gift med Kristian med sjøen. Der var lite plass til Åker med sjøen, og då far hennar gav skøyte til Erik, vart det uttekne nokre åkrar åt dei opp på garden.

Det er Bent og Olina sine ættlingar som set på garden no.

Olina hadde to systre, den eine vart g. til Rake, og den andre, Mari, vart andre kona til Kristen Olson Jevnlid. Ho vart mor til Samel og Mari i Lidene som for til Amerika. (Første kona til Kristen heitte og Mari og var frå Sølvsberg-Bakka. Mattis Sæta, far til Olina var ein driftig kar. M.a. kjøpte han eple om haustane, lasta skute og for nord over til Trondheim og andre byar nord på.

Bent var båtbyggjar og jektebyggjar og elles ein hendig kar, stor og røsleg, medan kona var mindre enn vanleg. Mykje av garden var kyrkjegods. Dette løyste han og inn, då det vart høve til det. Men det var god skog på garden då han kom der. Han selde såleis eit mastetre for 80 dalar (så voks det i tina att). Han hadde to brør som kom med til Sølvsberg. Helje som var heilt døv (Bent var og svært tunghøyrd på sine gamle dagar) og Anders. Anders vart trulova med Marte Andersdtr. (Inntuna), men døydde før dei var gifte. Marte var då med barn. Det vart ei gjente, Andrina, som vart g.m. Isak Gald. Sjø Inntunstova.



Marta og Bent Sølvsberg.

Bent og Olina hadde fire born som vaks opp: Erik, Ola, Halvard og Dorte.

XI. ERIK BENTSON 1843 — 1923 var eldste son til Bent og Olina. Han vart g.m. Pernille Andersdtr. frå Isakstova 1849 —

1936. Dei flytte ut om elva og bygde nye store hus — både våning og uthus, istaden for dei små i gamletunet. Dei hadde 8 born: Bent, Olina, Anders, Agnete, Andreas, Elisabet, Maria og Josefine.

BENT ERIKSON 1874 — 1919, var eldste son til Erik og Pernille og fekk garden. Han gjekk amtskulen i Innvik, var vel opplyst, interessert og tenksam, roleg og skynsam. Var g.m. Marta Matiasdtr. f. 1884, frå Perstova. Døydde berre 45 år gl. Born: Pernille, Sigrid, Eldfrid, Målfrid og Bent Erik. Den siste

fødd så seint at han ikkje fekk sjå far sin. Han har overteke garden etter foreldra, f. 1920.




Bent Erik Sølvsberg.



Erik og Pernille Sølvsberg med huslyd.



Sigrid, Pernille, Eldfrid og Målfrid Sølvsberg.



Peder O. Fjellkårsstad.

UTFLYTTE FRÅ BENTSTOVA
JARTRUD STEFFENS DTR. SØLVBERG (II) g.m. Rasmus Lindvik, Stryn. Dei var brukarar der ikr. 1660.

MARTE DANIELS DTR. SØLVBERG (VI d. 74 år gl. 1803, g.m. Peder Olson Fjellkårsstad. Ætta framleis på Perbruket der, og ættelina ser slik ut :

Ola Pederson d. 80 år gl. 1948.

Peder Olson d. 62 år gl. 1855.

Ola Pederson d. 36 år gl. 1849.

PEDER OLSON d. 76 år gl. 1909.

Om ættingane vidare finn ein i stykket om Inntunstova.

Peder Olson som vi har bilete av her, var i si tid ein av dei fremste menn i sokna, roleg, stød og greid — og skrivefør. Mange skøyter og semjer har han skrive.

DORTE BENTS DTR. SØLVBERG OG ÆTTINGAR

DORTE BENTS DTR. (X) 1847 — 1919. Ho vart g.m. Jens Hansson Hegdal, 1843 — 1926. Dei har ei stor og vidgreint ætt etter seg. Det vart 7 born : Mari, Helene, Olina, Brita, Anne, Marta og Hans. I deira styringstid var det utskifting på Hegdal. Dei dreiv garden godt og stod seg vel.

MARI JENS DTR. HEGDAL f. 1872 vart heime. Ugift.

HELENE JENS DTR. HEGDAL f. 1872, g.m. Ludvig Flølo. Dei budde på Sandane, der han dreiv blekkmakararbeid. Dei har tre born : Olav, Jon og Agnes.

OLAV LUDVIGSON FLØLO f. 1914 er drosjeeigar og sjåfør. Sonen Leif f. 1939.

JON LUDVIGSON FLØLO f. 1915 har artium og befalskule og er lensmannsfullmekt i Gloppen.

AGNES LUDVIGS DTR. FLØLO f. 1919 har realskule og handeisskule. Alle tre bur på Sandane.

OLINA JENS DTR. HEGDAL f. 1880 g.m. Peder Drageset, 1877 — 1947. Dei var brukarar på Drageset og har 8 born : Olav Jens, Magnus, Eldrid Dagny, Agnes, Odbjørg og Aslaug.

OLAV PEDERSON f. 1902, overtok garden etter foreldra, g.m. Anna Brekke frå Stryn, f. 1900. Dei har fem born: Per f. 1929, Arne f. 1931, Odd f. 1934, Kjell f. 1937 og Ingrid f. 1937 (tvillingar).

JENS PEDERSON DRAGESET reiste til Amerika i 1927, og driv som bygningsarbeidar.

MAGNUS PEDERSON DRAGESET f. 1914, g.m. Margit Vetvik f. 1917. Dei kjøpte gard på Raudeberg og har tre born: Per f. 1944, Margit f. 1946 og Odny f. 1947.

ELDRID PEDERSDTR. DRAGESET f. 1904, g.m. Karl Elde, Rugsund f. 1899. Han arbeider som smed. Dei har tre born: Kåre f. 1940, Odny f. 1942 og Liv f. 1946.

DAGNY PEDERSDTR. DRAGESET reiste til Amerika og vart g.m. Ola Isane. Han driv snekkjararbeid. Dei har ei dotter, Marit f. ikr. 1936.

AGNES PEDERSDTR. DRAGESET f. 1911, g.m. anleggsarbeidar Audun Hilde f. 1910. Dei har fire born: Else f. 1940, Atle f. 1942, Oda f. 1944, Åse f. 1950.

ODDBJØRG PEDERSDTR. DRAGESET f. 1916, g.m. gardbrukar Jakob R. Fjellkårsstad. f. 1904. Dei har fem born: Bjørg f. 1938, Odny f. 1941, Roar f. 1943, Per f. 1945 og Jon Oddvar f. 1948.

ASLAUG PEDERSDTR. DRAGESET f. 1920, g.m. arbeidar Karsten Berstad frå Oppstryn f. 1914, arbeider f.t. ved Langvin Jordbruksskule. Har to born: Magne f. 1944 og Anne Margrethe f. 1947.

BRITA JENS DTR. HEGDAL f. 1883, g.m. gardbrukar Bent J. Tistam 1883 — 1950. Dei har fire born: Jon, Randi, Jens og Ragna.

JON BENTSON TISTHAMAR f. 1912, g.m. Odny Hansdtr. Hegdal f. 1914. Dei har fire born: Botolv f. 1941, Brita, d. som barn, Harald f. 1945, Kjell f. 1946, Bjørg f. 1950.

RANDI BENT DTR. Tisthamar f. 1914, g.m. Hans Monsson Tystad f. 1921. Dei har to born: Inger f. 1946 og Brita f. 1949.

JENS BENTSON TISTHAMAR f. 1924, g.m. Norbjørg Ingvaldsdtr. Bergheim. To born : Ingebjørg f. 1945 og Bodil f. 1948.
Hans og Jens driv treskofabrikk på Tisthamar.

RAGNA BENTDTR. TISTHAMAR f. 1916.

ANNE JENS DTR. HEGDAL f. 1886. Ho reiste til Amerika og vart der g.m. Gustav Fosheim. Dei har ingen born.

HANS JENSSON HEGDAL f. 1889, fekk garden på Hegdal etter foreldra, vart g.m. Maria Isakdtr. Lyslo f. 1894. Dei har fem born : Jens f. 1918, Ivar f. 1921, Dorte f. 1923, Sverre f. 1926 og Magne f. 1932.

MARTE JENS DTR. HEGDAL f. 1892, er meierske på Sandane.

OLA BENTSON SØLVBERG (X)

d. 50 år gl. 1894, g.m. Anne Jensdtr. Moldreim, f. 1847. Dei budde i Kårstadsåra og hadde fem born: Anne Marie, f. 1872, Olina, f. 1874, Bent, f. 1878, Johanne, f. 1882 og Jens, f. 1887.



Ola B. Sølvsberg med huslyd.



Nils Kårstad med huslyd.

ANNE MARIA OLSDTR. vart g.m. Nils Kårstad (Innlegda i Utvik), d. 70 år gl. 1936. Han var lærar og klokkar på Varaldsøy, Hardanger. Dei rudde jord og bygde seg heim som fekk namnet Skodheim — («der alle ættefrendar vil vere velkomne på innstig, når vegane fører slik» — Helga Nilsdtr.)

OLINA OLSDTR. var hushjelp, BENT OLSON skomakar og JOHANNE syerske i Bergen. Då foreldra til Nils Kårstad døde, vart Innlegda fal. Ola Bentson var då død. Enkja, Anne og borna flytte då dit. Dette var godt byte og alt såg bra ut. Men så gjekk borna frå — det eine etter det andre. Bent døde i 1909, Johanne 1911 og Olina 1920, JENS var faren til Amerika. Enkja sat att åleine. Ho flytte då til dotter si på Varaldsøy, der ho døde 1931.

Anne Maria og Nils Kårstad har 5 born :

ANFINN N. KÅRSTAD, f. 1899 er småbrukar og driv kjøtforretning.

HELGA ASLAUG N. KÅRSTAD, f. 1901 er lærarinne på Varaldsøy.

ALV MARTIN N. KÅRSTAD, f. 1905 var skomakar. Døde 1929.

BORGNUY N. KÅRSTAD, f. 1910 er invalid.

OLAV N. KÅRSTAD, f. 1903 er snekkar og bygningsmann, g.m. Ingeborg Kristina Andersdtr. Nedrevåge, Varaldsøy. Dei har 5 born :

Norvald f. 1927, Anne Maria, f. 1928, Alv, f. 1930, Arne, f. 1933 og Målfrid Kjellaug, f. 1946.

HALVARD BENTSON SØLVBERG (X)

var g.m. Anne Verlo. Dei byksla Einebakken på Skådi, Innvik. Dei hadde berre eitt barn, Olina, f. 1890. Ho vart sjuk og måtte sendast til helseheim.

BORN OG BORNEBORN TIL ERIK OG PERNILLE XI.

OLINA ERIKSDTR. f. 1877, reiste til Selje i 1903 og tok til med ei strikke- og syforretning. I 1913 vart ho g.m. Matias Gullikson Hamre 1883 — 1929. Dei har to born: Gunnar og Malmfrid Pernille. Gunnar f. 1915, g.m. Borgny Bortne. Han driv trelastforretning og trevarefabrikk. Dei har to born : Egil og Magnhild.

MALMFRID PERNILLE f. 1918, g.m. gardbrukar og målar Johan Pilberg. Dei har tre born : Marit, Oddlaug og Rolv.

ANDERS ERIKSON 1879 — 1901 var sers gåverik og musikalsk, gjekk på skule i Volda og budde seg til lærarprøva, men kom sjuk heim og døydde av tuberkulose.

AGNETE ERIKSDTR. (XI) f. 1882, vart g.m. Kornelius Bentson Sølvsberg. Dei reiste til Amerika, Sjø bolck III.



Anders Sølvsberg.

ANDREAS ERIKSON f. 1885 (XI), utlærd som snekkar og bygningsmann, busette seg i Stryn og driv trelastforretning og møllebruk. Han vart g.m. Margit Lillejord f. 1891 og har 5 born : Einar, Malmfrid, Pernille, Kollbjørn og Anne.

EINAR ANDREASSON f. 1915, g.m. Gjert-rud Eikevik (d. 1948). Dei har to born: Per Atle f. 1938 og Erik f. 1942.



Andreas Sølvberg med huslyd.

MALMFRID ANDERSDTR. f. 1917, g.m. gardbr. Ola Hestenes, Hestenesøyra. Har to born: Aud Karin f. 1947 og Matias f. 1950.

KOLBJØRN ANDREASSON 1920 — 1943.

PERNILLE (NELLA) ANDREASDTR. f. 1923, arbeider ved telegrafverket i Stryn. *BORN: OLAV AARHEIM*

ARNE ANDREASSON 1926 — 1944.

ELISABET ERIKDTR. f. 1887, g.m. Olav O. Hestenes frå Utvik, f. 1887. Dei fekk bestefarsgarden hans på Føleide i Gloppe og tok Kårstad som etternamn. Dei har 6 born : Ottar, Einar, Jørund, Olina, Pernille og Audun.

OTTAR KÅRSTAD f. 1912, er lærar ved Nyhagen skule, Bøverbru, g.m. Odrun Lothe. Born : Else f. 1941, Ragnhild og Oddhild, tvillingar, f. 1945 og Olav f. 1948.

EINAR KÅRSTAD f. 1913, er agronom og overtok farsgarden på Føleide 1947, g.m. Bergljot Heggheim, Jølster, f. 1914. Born : Olav f. 1941, Elisabet f. 1943, Sigmund f. 1946, og Bjarne f. 1949.

JØRUND KÅRSTAD f. 1915, har artium, eks. frå handel-



Jenny og Anfinn Føleide.



Jørund Kårstad.

skule, befalskule og politiskule. G.m. Tordis Enger frå Høland. Barn, Elisabet f. 1948. Tilsett i Oslo politi, freista å ryme til England, vart bomba og fanga av tyskarane og sat 3½ år i tysk fangeleir.

OLINA KÅRSTAD f. 1920, er syerske f.t. på Sandane.

PERNILLE KÅRSTAD f. 1925, g.m. gardbrukar og smed Olav Bakke, Hornindal. Barn : Lars Olav f. 1948.

AUDUN KÅRSTAD f. 1931, har gått snekkarskule og driv som snekkar.

MARIA ERIKDTR. f. 1890. Har utdanning som vevelærarinne. I mange år var ho lærarinne ved kurs skipa av Firda Ung-



Maria, Hilmar og Odd Skår.

domslag. Sidan vart ho fast tilsett som vewelærarinne i Gloppen.

JOSEFINE ERIKDTR. f. 1892, vart g.m. Rasmus Andersson Føleide f. 1889. Dei har gard på Føleide. Born : 1. Anfinn Magnus f. 1923. Han driv som bygningsmann. 2. Erling Reidar f. 1927, arbeidar. 3. Bjarne Peder f. 1932, går på lærarskulen. 4. Maria f. 1925, g.m. Odd Skår, Vadheim. Dei har eit barn, Hilmar Rune.

BORNA TIL BENT ERIKSON OG MARTE XII.

PERNILLE BENTDTR. f. 1913, g.m. Karl Denk frå Austerrike. Han kom til Noreg som barn i 1918 etter første verdenskrigen. Krigen førde med seg svolt og naud i Mellom-Europa slik som etter siste krig, og mange born vart sende til Noreg og andre land. Nokre av desse vart verande. Slik og med han. Øystein Føleide vart fosterfaren hans. Dei bur på Sandane. Born : Anna Jorun f. 1940, Marit f. 1941, Jon Magne f. 1943, Bjarne f. 1946 og Ingrid Maria f. 1948.

SIGRID BENTDTR. f. 1915, g.m. gardbrukar Lars Rosenlid. Born: Magne f. 1940, Elisabet f. 1941, Magnhild f. 1946 og Bodvard f. 1949.



Pernille og Karl Denk med huslyd.

ELDFRID BENTDTR. f. 1917. Har gått husmorskule.

MÅLFRID BENTDTR. Har handelsskuleutdanning og er samvirkelagstyrar på Fjelli. Eldfrid og Målfrid er tvillingar.


BENT ERIK BENTSON f. 1920. Har gått jordbruksskule, og har teke garden etter foreldra.

Både tekst og bilete som kjem nedanfor er falle ut side 57 ved omtale av Isakætta på Løken, Olden.

ASTRID RASMUSDTR. f. 1905 gjekk lærarskulen i Volda og var lærarinne i Laksevåg i 20 år og arbeider no ved skulen i Olden. Har havt stipend til reiser i Sverige og Danmark for å setje seg inn i skuletilhøva i grannelanda. Gift med rørleggar og snikkar Lars Nageløren, f. 1898.



Astrid og Lars Nageløren.



Petra og Andreas Solheim.



Gjertrud og Rasmus Løken.

III

AMERIKANARAR

«Norønafoiket vil gjerne fare», seiest det. Og dette ordet sannar seg nok og når det gjeld Sølvbergfoiket. Anton Pederson frå Perstova var vonleg den første eller ein av dei første som la ut på den vågsame ferda til eventyrlandet, der «gullet ligger deg for din fot, og du bukker deg kun for å få det». Dei første som reiste hadde vel ikkje så mykje kjenskap til landet, og det var på visk og våge dei tok ut. Vågnaden kunne vera stor, men tidene og tilhøva her heime for ungdom med mod og tiltaksvilje var ikkje ljose. Eventyrhug kunne vel og spele inn, men så mykje visste dei om landet at der var jord nok, men forlite folk til å dyrka henne. Her heime var det vanskeleg å få byksle ein liten skral husmannsplass, der kunne ein få jord gratis, så mykje ein vann å dyrke. Dei var vel klår over at det ville koste slit og sagn, før den nye heimen stod ferdig. Dei visste av fretnader at dei fleste farmarar måtte ta til med ei jordhytte og eit par oksar. Men også dette var eventyr, romantikk. Dei aller fleste kom der med tome hender, og dei måtte difor gå på leigearbeid nokre år før dei kunne tenkje på å bygge eigen heim.

Ferda over havet var ikkje noko lystferd — med seglskip. Det var vind og ver som avgjorde om ferda skulle vara vikor eller månader. Båtane var ikkje bygde for passasjertrafikk. Eit einaste rom — under dekk — med køyer i mange høgder. Mykje sjøverk og sjukdom. Berre få båtar kom fram utan eit eller fleire dødsfall på turen, og mange sjuke laut berast i land. Det verste tilfelle var vel båten «Amelia» som i 1862 tok ut frå Porsgrunn med 300 ferdafolk. Av desse døde 111 på reisa.

Trass i eventyrhug var det vel ikkje alltid så lett å seie farvel til heimen, slekt og vener og fedraland. Med reisehøva den tid, hadde ein ikkje den trøyst i bakhanda at ein kunne ta ein snartur heim att, når det høvde. Det var ikkje som no fly og snøgggruter og ta til. Vona om å sjå att gamlelandet og folket ein sa farvel til, var vel oftast lita. Det heimafylgje ein fekk med av materielle gode var det smått med, men dei tok med ein åndeleg arv som var større og meir verdfull enn dei sjølve og dei som sat att var klår over. Det var barnetrua. Når ein idag les norsk-amerikanske blad, får ein ei sterk kjensle av det religiøse hugdrag som ovrar seg hos dei eldre utflytjarane. I kvart nr. er innsende småstykke, der dei fortel om seg og sine og minner frå gamlelandet. Ein får ei kjensle av at det ikkje er dollaren, men Gud og barneheimen som har førsteplass i hug og tanke. Det viste seg og at så snart det vart ei lita grend, så kom tanken om kyrkjebygg opp. Kyrkjene vart ikkje store (som eit vanleg stort skulehus), men kyrkja vart ein kjær møtestad, kanskje og fordi dei hadde bygt henne sjølve. På prerien var gardene store. Ein kvart land (160 akres — 640 mål) var det ein kunne få på homesteadretten. Ein skjønar at dei då kom til å bu spreidt, det vart ein god vegstubb til næraste granne. Og det vart i mange høve einsamt til dagleg. Men denne einsemda gav nøring til det religiøse innslag dei hadde med heimafrå. «Den Gud later ene, er han selv mere nær». I einsemda kjenner ein best at ein treng Gud.

Ei reis til Amerika no og den tid dei for med seglskip, toler ikkje samanlikning. Dei måtte ha med mat sjølve til heile ferda, og skulle ein vera trygg, så måtte ein niste seg ut for tre månader. Ein vart nok leid av spikemat og flatbrød før ein nådde fram, men så var billetten billeg — 35 dollar.

I land kom dei med hovudet fullt av glade voner, men dei fleste fann snart at dei ikkje akkurat var komne til «Gosen». Det vart eit hardt slit, før dei nådde fram til gode kår, og hos somme tok nok lengten til å melde seg: «Gud give jeg atter var hjemme.» Det var vel med mange som med Ibsen: «Fra sollandets kyster til hjemlandets kratt, det rider en rytter hver eneste natt.»

Var overfallet på Noreg den 9. april 1940 eit sjokk for oss, var det også eit sjokk for dei, og var gleda her stor kapetulasjonsdagen 1945, var den ikkje mindre hos mange av våre der borte. Dei venta i otte og spaning, og då første breva nådde fram, var det mange som gret av gleda: Tenk dei lever alle mine. Og så sprang dei til bladstova med brevet. Mange av desse breva fekk vi heim att gjennom amerikanske blad. Og så kom alle dei tusen amerikapakkane — eit vitnemål om at dei framleis «ber Norge i sine hjerter.»

Det finst nok dei som ville betale ein liten amerikabillett for ein tur heim på fjella — gå langs Eggene frå Liavarden til Skaret, ein sving til Heida, Nakken og Glitreegga, helse på berg og bakkar som minner om barndom, anda inn same lufta og drikke av gamle kjelder — ein tur i skog og mark «her som far min streva og mor mi gret og bad».

Og vi her heime har grunn å vera stolte, glade og takksame for di dei trass i alt ber gamlelandet og heimefolket i hug og tanke.

*«Mauren kryp aldri så ved ein ring
han ei leiter opp atter tuva.
Og mannen gjer aldri så vid ein sving
han ei lengtar til si heimlege gruva.»*

AMERIKAFARARAR FRÅ PERSTOVA

Som nemnd var vonleg Anton Pederson ein av dei første som for til Amerika frå Sølberg. Han var bror til Ola Pederson d.y. som er oldefar til Jon som no sit på Perbruket. (J. Å. kaller han Jakob og nemner han son til Ola. Dette er feil. Han var bror hans og heitte Anton). Han reiste ikr. 1850, budde ei tid i Wiskonsen, flytte seinare til Minnesota og sette livet til i ein snøstorm ikr. 1871.

Den næste frå Perstova var Ola Jonson f. 1854. Reiste heima i 1874. Kom først til Wiskonson, flytte til Nebraska og tok homestead der. Kom seinare til Syd Dakota 1883 og budde der til han døydde i 1904. Ugift.

Bror hans, Anders Jonson f. 1958, var gift med Marte Pederdtr. Kårstad. Dei reiste til Nebraska, der Ola budde då.

Året etter reiste han til Jerould i S. Dakota, der det vart ei heil Sølvsberggrend. Han køyrde med oksar dit på tunge og dårlege vegar. Same året i desember vart eldste guten, John, fødd i ei torvhytte. Han var første kvite barn som kom til verda i Jerould. Anders var elles nokså vidfarande. Han farma ei tid i Tennessee og ei tid i N. Dakota, men flytte attende til Jerould noko tid før broren Ola døydde. Sidan flytte han atter til N. Dakota, der han døydde nyårsafta i 1921. Marte kona hans døydde, då dei var i N. Dakota første gongen. Han var gift igjen med Marit Larsgård frå Hallingdal, og ho vart mor til dei fem yngste borna. Eldste sonen John, bur i Kanada.

JOHN A. SOLBERG tok seg land i Canada, men selde dette og overtok styret av telefonsentralen i Herbert og nokre andre byar og hadde dessutan arbeid som reparatør og linjemann. Kona Norah d. 1935. Born, Connet. (Han var med i krigen som flymekanikar) og Loretta, som er g.m. ein canadiar.


CARL A. SOLBERG er farmar i N. D. Son hans, Ola var med i krigen.

MARTIN A. SOLBERG arbeider i Maskinfirma og har to barn.

LORENTS A. SOLBERG køyrer obnibuss på Vestkysten.

KORNELIUS JONSON SØLVBERG (bror til Ola og Anders) f. 1860, reiste til Amerika i 1879 til Ola som då budde i Nebraska. Var eit par år farmarbeidar, men reiste så til New Mexico og seinare til Arisona, der han døde av blek tyfus, berre 22 år gamal.

PEDER JONSON SØLVBERG f. 1865, reiste til Amerika i 1883 og kom til broren Anders som då budde i Jerould co., S. D. Han er ein sers roleg type, fekk seg land og bygde seg heim og har budd der all si tid sida han for frå Noreg. Han har gjesta barneheimen to gonger, er no 87 år, men i bra vigør. Han var g.m. Tora Jakobsdr. Kvila frå Breim. Ho døde 1923. Han eig mykje interesse for ættkunnskap og har levert verdifullt tilskot til boka om «Nordfjordingernes historie i Amerika». Han



Pergutar. Kornelius, Anders, Jon, Kristen og Peder.



Frå Perfolkstemna i Fargo 1951.


har også gjeve mange opplysningar som tilskot til dette skriftet. Har ingen born.

Ættingar frå Perstova har stemne i Fargo ein sundag kvar sommar. Desse 2 bileta framanfor er frå stemna siste sommar.

Om KRISTEN ELIASSON SØLVBERG finn ein i Nordfjordlaget's Årbok 1939—40 m.a. dette : «Christ Solberg kom til Amerika 20 år gammel i 1889, arbeidet på farm og i skogen et par års tid, fik lært litt engelsk og blev kjendt med landets forhold. Vendte så tilbake til Norge 1891. Der blev han gift med Rakel O. Dokset. Våren 1898 satte han med kone og to sønner seil for Amerika. Han var en av de første setlere i Broc town-ship. Da han hadde gått på amtskolen i sin ungdom og tilbragt en tid på forskjellige steder her, satt han inne med betydelig kunnskap og erfaring og kunne således med indsigt ta fat på sit livsarbeid som farmer. Dette har han drevet i 40 år og har nu 800 acres land. (3200 mål). Hans hustru døde 1916, men han fant en ny medhjelp i Oline Kistiansdtr. Løken fra Olden. Hun fødte ham en datter, Ragna. Solbergs første ekteskap blev velsignet med 10 barn : Eivind, Olav, Magnus, Malvin, Carl, Signe, Martha, Oskar, Rudi og Olav.»



Kristen og Oline Sølvsberg.



Fra Kristen Solbergs farm.



Kristen og Oline Sølvsberg med fleire av borna.

I 50 årsskriftet for kyrkja og kyrkjelyden på staden finn vi bilete og omtale av dei som har havt tillitsyrkje i kyrkjelyden, der i mellom Kristen og kona Rakel, som ei tid var formann i kvinnelaget.

Som dei fleste andre «bureisarar» hadde dei sine økonomiske vanskar å stri med. I eit brev fortalde han om første huset, at det var berre som ei lita kasse i høve til huset heime. Men både huset og farmen voks. Eit bilete frå den tid hestane drog pløgen, syner 38 hestar oppsela og førespende.

Kristen f. 1869, Rakel f. Dokset 1872 d. 1916, Olina f. Løken (Olden) 1874.

BORNA

EIVIND f. 1893 i Noreg, er farmar, g.m. Emma Naelkel. Born Iris, Clayton og Elaine. IRIS g.m. Kenneth Logan. Born : Katty Margaret og Gyntia Elaine. CLAYTON er farmar, g.m. Franses White og ELAINE g.m. elektrikar Curtis Hanson.

OLAV f. 1895, d. 19 år gl.



Eivind Solberg og huslyd.

MAGNUS f. 1898 er kjøp-
mann, g.m. Evelyn Gordon. To
born, Constance og Patricia.

MALVIN f. 1901 styrer ein
kornelevator (er grainbuyer) g.
m. Blandie Engen, Born: Mark
Jerome og Gregory Charles.

CARL f. 1902 er represen-
tant for Standard Oil, g.m. Elna
Knutson. Born: Beulah og Joan
Corenth. Beulah g.m. Rikard
Saunders. Barn Jill Susan.

MARTHA f. 1905 er hospi-
talsjukesyster i Fargo N. D.


OSKAR f. 1907 er lærar ved
public school, g.m. Elisabeth
Ronning. Born: James Ronald,
David Niel og Curtis Bryan.

RUDA f. 1909, g.m. elektrikar Walter Krugsburg. Born: Jon
Hovard, Robert Wayne og Sandra Kay.

SIGNE f. 1912, g.m. Palmer Stadum (Supt Rural Elektrifi-
cation). Born: Beverly Ann, Margaret Gene og Rodney Jon.

OLAV JOHN f. 1914, er farmar og driv med oppaling av
hestar.

RAGNA f. 1918, var sjukesyster, g.m. politi John Hewitt.
Born: Jay Tomas og Roxan Beth.



O. Solverg.

JON SØLVBERG

Om han finn vi i Nordfjordingenes historie i Amerika: «Jon
Solberg, Blaker N. Dakota, søn av Elias Sølvsberg, Utviken til-
brakte sin ungdom i sin hjembygd, kom til La crosse, Wis. 1891.
19 år gl. (f. 1872), arbeidet med tømmerhugst og i sagmølle, reiste
i 1896 til S. Dakota og i 1902 til Benson co. N. Dakota. 12 mil



Heimen til Jon Solberg.

søndenfor York fik han 40 acres homestead land. Siden har han gjort flere landkjøb, så han nu har 680 acres. Gift med Mathea Lunde, Fron, Gudbrandsdalen i 1908. De har to gutter, Einar og Alvin og en datter Myrtle som er lærerinne. De fleste klager over vinden i N. Dakota, men Solberg sier : «Den gjør meget godt også. Med vindmølle pomper vi opp alt det vandet vi behøver. Og med vindcharger får vi lys i alle våre bygninger, ja like indtil at vaske og stryke vore klær.»



Jon, kona, datter og Einar sonen.

Om reisa frå Sud- til N. Dak. fortalde han ein gong i brev : «Jeg kjørte med to hester og en høyvogn og hadde to foler bundet bag. Jeg hadde høy og havre til dem i vognen. Der lå jeg om netterne og hadde hestene bundet til vognen og seildug over mig. Der sov jeg godt om natten. Var alene hele tiden. Det var langsomt at begynne med, men ellers bra. Det tog 14 dage på turen — 330 mil. Fint veir til siste natten, da det blev svært tordenveir. Ingen veier som nu, men hjulspor her og der som viste at folk hadde faret der før.»

EINAR og ALVIN SOLBERG har farm ved sida av farens med om lag like mykje land. Dei driv nå begge farmane. Einar f. 1909, Alvin 1912 og Myrtle 1915. Alvin var med i krigen, miste ein arm og kom heim med ein kunstig. Kan likevel gjere mykje arbeid, meddi han kan styre traktoren med den andre. (Var i krigen då biletet var teke.)

ANDERS ELIASSON SØLVBERG f. 1882, g.m. Cora Gim-mestad f. 1893. Var handelstenar på Sandane, gjekk så jordbruks-skulen på Rikheim, dreiv privat meieri i Odalen og pakta ei tid gard på Austlandet, men reiste så til Amerika i 1906. Dreiv ei



Anders E. Sølvberg med huslyd.

AMERIKANARAR FRÅ ISAKSTOVA

På ein stad som heiter Grawford ved Ferryvilla, Wiskonsen busette seg ein heil flokk med Sølvsbergfolk. Eg nemner dei eg har fått spurna på :

I 1868 kom ISAK og MATIAS Sølvsberg dit. (Søner til Rasmus på Kleiva som var bror til Anders Isakson, bestefar til Anders som no styrar garden). Først hadde dei ein farm ihop. Sidan kvar sin.

ISAK d. 1924, var g.m. Mari I. Myklebust, Breim. Av borna deira er nemnd Rasmus Isakson Solberg, busett i Los Angeles, Kolifornia.

MATIAS SOLBERG g.m. Brite S. Hammar, Utvik, var farmar og d. 1924. Var då blind. Ei dotter omkom ved «Norges» forlis ved Rockall.

JENS RASMUSSEN SØLVBERG (Kleiva) reiste til Amerika i 1869, d. 1921. Var farmar på same staden, g.m. Malene P. Bruland.

OLA RASMUSSEN SØLVBERG (Kleiva) og systra OLINA RASMUSDTR. reiste til Amerika i 1874 og tok foreldra med. Dei var då alt gamle. Ola var utlærd i Bergen som snekkar. Då dei kom fram til banegarden med toget, trefte dei ein nordfjording, Martin Brekke, og fekk sitje på med han 30 mil, til dei nådde folket sitt. Ei dotter av Rasmus på Kleiva var g.m. ANDERS ÅLAND. Han dreiv handel på Nordfjordeid, men gjekk konkurs og så reiste dei og over til foreldra og syskena hennar.

OLINA RASMUSDTR. SØLVBERG vart g.m. Bent A. Moldreim som kom dit seinare. Etter Bent og Olina er nemnd to søner, Robert og Andreas.

ANDREAS MOLDREIM f. 1876, var lenge styrar for ein døveskule, studerte til prest og hadde prestekall i Minnesota. G.m. Anna Larsson. Son deira A. MOLDREIM er og prest — i Illinois.

ROBERT B. MOLDREIM f. 1878, vart farmar og g.m. Anna T. Reed. Dei har ti born f. millom 1903 og 1923, Agnes, Olga (lærrainne), Bernhard, Stella, Alvin, Telman, Arnold (lærer), Clifford, Russel og Ellen.

AMERIKANARAR FRÅ ANDERSSTOVA

BENT ANDERSSON SØLVBERG

d. 93 år gl. 1939. Første stiget ut om heimen galdt gjetargutjobb på Nos. Sidan freista han ymse, skreddar, bødker og bygningsmann. Var 9 vintrar leigekar på fiske. Reiste i 1874 til Amerika ilag med Ola frå Perstova. Stogga i Wisconsin, der broren Kristian og systra Kristianna hadde slege seg ned før. Han vart gift med Rebikka Rasmusdtr. Bruland. Ho kom dit 1876 saman med 3 brør. Våren 1877 reiste dei saman med eit stort fylgje til Nebraska. Der var land å få. Det var 500 mil dit, og med oksar for vognene gjekk det ikkje fort. Der fekk dei prierieland. I ei jordhytte såg eldste guten, Anders, først dagsljoset. Der budde dei til 1886. Då hadde dei 5 søner, Anders, Rasmus, Kornelius, Henrik og Arne. Reiste så til Noreg og kjøpte gard på Kolset i Rug-



Bent A. Solberg. 4 slektledd.

sund. Budde der til 1899. Ei dotter, Kari, vart fødd der. (Døde ung). Kjøpte så halvdel av Perbruket på Sølvsberg. Det nye bruket fekk namnet Øverland. I 1911 selde dei til Nils M. Sølvsberg og reiste til Canada, der yngste sonen, Arne, hadde busett seg. Hos han vart dei resten av levetida. Rebikka døde 94 år gl. 1941. Alle gutane fekk seg land i Sask, Canada.

ANDERS BENTSON SØLVBERG

eldste son til Bent, f. 1877 kom 9 år gl. til Noreg med foreldra og var med desse til Kolset og Sølvsberg. Den tid han levde på Sølvsberg dreiv han med skomakararbeid, vart 1902 g.m. Anna



Anders B. Solberg

Lovise Kristiansdtr. Roset (d. 72 år gl. 1942). Dei reiste i 1905 til N. Dak. der Per-Kristen budde. Dei gjekk straks igong med farming. I 1912 flytte dei til Sask. i Canada der foreldra og alle brørne då hadde busett seg. Sidan han kom attende til Amerika synte han mykje kyrkjeleg interesse og hadde mange tillitsyrkje i kyrkjelyden. I 44 år har han vore styrar for sundagsskulen, 39 år sekretær og kasserar i kyrkjelyden, har vore med og skipa songkor og bibelkurs m.m. I 25 år var han finanssekretær for provstiet (28 kyrkjelydar), sekretær for indremisjonen m.m. I 11 år sekretær for Nordfjordlaget i Canada.

Anne og Anders fekk 5 born : Berent, f. i Noreg 1903, g.m. ei dame av norsk ætt. (Mora frå Eide i Olden, faren frå Trondheim.) Dei er og kyrkjeleg interessert og har tillitsyrkje i kyrkjelyden. Er farmar og har eitt barn, Taranse (18 år gl.).

2. KRISTIAN f. i Noreg 1904, vart og farmar, g.m. ei irsk dame som var lærarinne. Dei fekk to born: Patrick og Kristine. Han døde 1848. Kona gjekk då attende til læraryrket.

3. RAGNA f. 1906, g.m. ein fransk-kanadier, Jack Duckarme. Dei har 3 born i alderen 5 — 17 år, Lovise, Arnold og Odell. Lovise svært musikalsk.

4. OLGA f. 1908, har lærarutdanning og har vore lærarinne i 15 år.

5. OSKAR f. 1910, er farmar, g.m. dotter til Bent Hammar, Utvik. Oskar er tilsyn ved folkeskulen og prestemedhjelpar. Dei har to barn: Carol og Cleaton, (10 og 6 år).

RASMUS BENTSON f. 1879, var ei tid gardsarbeidar ved Bodø, seinare i grupene i Sulitjelma. Vart g.m. nordlandsgjenta Agnes Larsson. Dei har ei dotter, Josefine, g.m. telemarkingen Jon Åbo. Dei reiste til Amerika 1913 og dreiv farming i Canada til 1950. Reiste så til Vestkysten og kjøpte farm ved Freeserelva. Avlar frukt og fiskar laks.

KORNELIUS BENTSON

f. 1881, g.m. Agnete Eriksdtr. Sølvberg f. 1882. Dei reiste til Amerika 1911 og tok til med farming i Canada, men Kornelius vart sjuk i 1924, og sidan pakta dei farmen bort. Agnete er sers gåverik og har skrive mange dikt og salmar som er tekne inn i blada. (Eit av dei kjem med her). Dei har 4 born: Kari, Anna, Bent og Emma.

KARI KORNELIUSDTR. f. 1908, g.m. Gustav Adrian av tysk ætt. Ho var lærarinne nokre år. Dei har ein storfarm på 4 — 5000 mål. Tre born : Joyce f. 1931, Kenneth f. 1932 og Carlye f. 1934.

ANNA KORNELIUSDTR. f. 1909, var og lærarinne. Då krigen braut ut, melde ho seg til den kvinnelege deild ved flyvåpnet, vart sendt til England og kom heim att som kaptein A. Solberg. Studentar som var med i krigen fekk som påskjøning kostnadsfri utdanning for resten av utdanninga. Dette høvet nytta ho, fekk ein doktargrad og er no professor.

EMMA KORNELIUSDTR. f. 1914, g.m. storfarmar William Dankley. Dei har ei dotter, Barbara, f. 1944.

BENT KORNELIUSSON f. 1911, var ei tid lærar, men gjekk over til kontorarbeid i ei større forretning, var med i krigen i Frankrik som flygar. Om han ei lita soge (som eg har frå Arne Bentson).

Ein dag stod han og gantast med ei gjente. Ho stod og fikla med ei sikringsnål. «Den kan du gje meg», sa han. Ho tvika, men han fekk henne med dei orda: «Ta vare på henne, ho gjev held.» Han feste henne under våpenkjolen og gløynde henne. Om natta ut på bombetokt. Han sat og bøygde seg over instrumentbordet, då han kjende noko som stakk inn på brystet.

Han rette seg opp og skulle få greide på kva det var. Det var nåla. Med same gjekk eit projektil gjennom bordet, smadra det og sette flyet i brand. Så hoppa han ut i fallskjerm, vart fanga og sat 11 mn. i tysk fangeleir. Han var oppgjeven som «sakna». Gleda var difor stor heime, då det 1945 kom telegram at han var på heimveg. Er g.m. Ruth Huber og har ein son, Bruce, f. 1950.

HENRIK BENTSON, f. 1883, reiste til Amerika i 1911. Før han reiste hadde han arbeidd ei tid ved grupene i Sulitjelma og Kirkenes. Han hadde farm i Canada til 1922, reiste då til Brittisk Colombia, var ei tid gullgravar i Alaska, driv no fiske.

Då han var konfirmant, gjorde han seg kjend som ein flink fjellklatrar. Ein dag på heimferd frå konfirmasjonsførebuingane i Innvik rodde lesarborna frå Fjelli tett under det loddrette og fleire hundra meter høge Ulvedalsfjellet. Han sat i framskuten og steig i land i ei lita skorte ved Hengesteinsgjelet. (Namnet avdi det nær toppen hang ei svær steinblokk). Dei andre i båten rodde i frå og skremde med å fare sin veg. Så tok han til å klatre, men då var det dei andre som vart skremde. Dei ropte og bad han kome ned att, men då var han alt komen så høgt at han *torde* ikkje freiste å gå ned att. Han hadde rekna med at der han kom opp, kunne han vel og kome ned. Men dette slo ikkje til. Så laut han freiste vidare opp over. Dei som var i båten, sat «med anden i halsen», til dei såg han kraup under Hengesteinen. Dei torde mest ikkje kome heim, men så veit dei ikkje av før Henrik kjem ruslande — og smilande i møte med dei. Og glade vart dei. Alt vel. (Hengesteinen har ramla ned for nokre år sidan.)

ARNE BENTSON f. 1886, reiste til Amerika 1907. Var først i N. Dakota, men reiste så til Herbert, Sask. Canada og fekk seg farm der, og var komen bra i orden, så han kunne ta i mot foreldra då dei kom over 1911. I 1950 flytte han til Vestkysten saman med broren, Rasmus, og kjøpte farm ilag med han. Han var — og er — ein ivrig musikkelskar, og før han reiste til Amerika var han i musikkklære hos Gabriel Red, Breim. Han vart ein flink felespelar og mykje nytta som spelemann i samkomer. Også der borte har låt frå fela hans vore til hugna og glede for grannar og vener. Serleg slike som var komne frå Noreg, kjend seg gripne og «heimførde» ved å lyde på gamle norske slåttar og toner.

Som broren, Henrik er han ugift.

MARIA ANDERSDTR. SØLVBERG (VIII) vart som nemnd g.m. bykselmannen Ola Valåker (Sugg-Ola). Ein son Halvor for til Amerika. Sonesonen, Ola, g.m. ei frå Årdal, Jølster, har fleire born. To av desse er prestar og har korta namnet til Walker (Valåker).

HARRY PALMAR OLSON WALKER f. 1901, var først lærar i 3 år, gjekk så presteskulen. Vart først prest i Regina, Canada, no i Grantsburg, Wis.

EMIL ORIN OLSON WALKER f. 1904. Sidan 1936 prest i Medicine Hat, Alta, Canada.

KRISTIAN ANDERSSON SØLVBERG d. 1906. (Bror til Mattis Andersson som hadde garden og er oldefar til noverande brukar). Han hadde plassen ved Sølvsbergsnausta. Ei kjelde seier han hadde kona si frå Bentstova, dotter til Daniel Rasmussen. Ei onnor at kona heitte Abelu Olsdtr. Verlo. Dersom begge har rett, så var han gift to gonger. Han reiste til Amerika med heile huslyden i 1868. Dei hadde då 6 born, tre gutar, Anders, Ola og Rasmus og tre gjenter, Kari, Olina og Johanne. Dei fekk tre døtre sidan dei kom til Amerika, Anna, Kristina og Josefine, fekk seg land i Grawford, «og slet med sten og seige ekerøtter, men hadde god tame fra Sølvsbergsberget». I 1882 flytte huslyden til S. Dakota, der nokre av Pergutane hadde slege seg ned. Der fekk han prerieland både mykje og billeg, både åt seg og gutane. (Vilkåret var at han skulle plante ut ti acres med skog for kvar kvart land — 160 acres 640 mål). Det vart litt meir å snu seg på enn med Sølvsbergsnausta. Der ikring vart det snart 50 — 60 sølvbergfolk. kyrkjelyden fekk namnet Solberg menighet, og kyrkja Solbergkyrkja.

No er borna spreidde vidt ikring. Anders og Ola har kvar sin storfarm i Alberta, Canada, Robert farmar i S. Dakota, Kari vart g.m. ein Årevik, ho vart slegi ihel av lynet, Olina g.m. Anders J. Moldreim.

KRISTIANNA ANDERSDTR. SØLVBERG (vonleg syster til Kristian) var g.m. Mikkel Fjellkårsstad. Dei hadde Høystakkane og sleit til opphald for seg og sine, var leigekar ved fisket i 16 år. I 1870 ville også dei freiste Amerika. Dei kom til Grawford, der det alt før var så mange frå Fjelli.

AMERIKANARAR FRÅ BAKKEN

SAMUEL LARSSON SØLVBERG var vel den første frå Bakken som for til Amerika, vist nok i 1869. Han kom til Wisconsin. Han arbeidde på farm om sommaren og i skogen om vin-

teren til han hadde spart så mykje at han kunne gå igang med farming sjølv. M.a. hadde han eit større areal utplanta med tobak. Vart velstandsmann til slutt. Var gift med ei sognegjente og hadde ein son med namnet Luis, som var einaste arving, og då faren døydde gav han 1000 dollar til kyrkja på staden. Luis er og gift med ei sognegjente, Edna Ytri.

LARS LARSSON SØLVBERG reiste til Wiskonsen til broren Samuel 1871 (?). Han var ikkje sterkhelsa og tolde ikkje det tunge arbeidet på farm eller i skog. Broren fekk han inn på ein skule om hausten, men då han kom att frå skogen om våren var Lars død.


MARIA LARSDTR. SØLVBERG vart gift med Arne Kårstad (Innlegda) i Utvik. Dei reiste til Amerika i 1879 med same båt som Kornelius frå Perstova. Ho døydde på barnseng — åttande barnet. Dette var då 4. dagar og fekk namn Maria etter mora. Samuel og kona hans tok barnet til seg. Det vaks opp og vart seinare g.m. ein sogning.

LARS ANDERSSON BERGSET (Jelhaugen) f. ikr. 1880 reiste til Amerika i 1897, kom til Bigstone i Minn., vart g.m. Anne Johnson. Dei har 9 born : Arthur, Homer, Lester, Marvin, Lawrence, Alise, Lucella, Muriel og Hatzel.

ANDREAS ANDERSSON BERGSET, bror til Lars reiste og til Amerika. Han var soldat i siste verdenskrig, men kom uskadd heim.

ANNA ANDERSDTR. BERGSET reiste og til Amerika.

Om LARS ABRAHAMSON BERGSET finn ein dette i skriftet Nordfjordingenes historie i Amerika : «Lars Abrahamson Bergset f. 24/11 1868 av foreldre Abraham og Anne f. Sølvsberg, blev gift med Ingeborg Nesje fra Oppstryn. Hendes foreldre var Erik Nesje og Marta f. Øyestad. Lars Abrahamson og hustru kom med store forventninger til Amerika i 1893 og arbeidet sommeren for en irlender ved Echo, Minn. Senhøstes forsvandt irlenderen uten å betale for arbeidet. En slektning tok sig nu av dem. Næste vår fik Lars arbeide på seksjonen (1.10 d. om dagen) og holdt på med dette i to år. Så blev han selv seksjonsformand med 45 d. om måneden og da gik det raskt frem over.



Lars og Ingeborg Bergset.

De bosatte sig i Delhi (Rodvoord co.), betalte sin gjeld og bygget sig hus. De hadde 6 mil til kirke, men gikk ofte dit til fods. I 1902 flyttet de til Todd co. i selskap med andre som søkte land. Her kjøpte de i vilde skogen, så man måtte rydde fra grunnen. Deres eldste sønn døde. Datteren Edna f. 1898 er g.m. Ludvig Solem og har 6 barn. De har ryddet farm i nabolaget. Sønnen Alvin har farens farm og er gift med Alma Solem. Sønnen Albert er prest og g.m. Alise Norum og har to barn. Lars Abrahamson fikk den glede at se sønnen Albert viet til prest, men langvarig sykdom hadde allerede da tæret hans kraft og han døde samme år 1935.»

«PASTOR ALBERT ABRAHAMSON f. 1911 graduerte Concordia Colege 1932 og teologiske seminar i St. Paul 1935. Han blev kaldet til å betjene 5 menigheter i Roseau co. Min. I 1939 flyttet han til Morris Ill. hvor han nu har sit kald.»

Om brørne MATIAS og LUDVIG LARSON BERGSET finn ein i same skriftet :

«MATIAS L. BERGSET utvandret i 1892 og flakket vide om før han slog sig til ro : Crookston 10 år, Bellview 2, Minneapolis 3, Broynsville 3 og slog sig endelig ned som farmer ved Howard.

Gift med Kari Roset 1900. Har en bror og en søster i Howard. Broren heter Ludvig og utvandret i 1893 og har syslet med farming i alle disse år. Han har 200 akres land.» (Dette var skreve i 1940. Ei syster i Howard må vera feil. Matias døydde for nokre år sidan og Ludvig gifte seg med enkja.)

AMERIKANARAR FRA INNTUNSTOVA

NILS NILSSON SØLVBERG

d. 80 år gl. 1936, g.m. Eli Røberg d. 92 år gl. 1948. Budde ei tid på Røberg og nokre år ved Bergsetnausta. I 1889 reiste dei til Amerika. Dei hadde då 5 born. Budde først i S. Dakota, så ei tid i Wiskonsen, kom attende til S. Dakota og hadde land der i 10 år, flytte så til Alberta i Canada og tok land der. Dei fekk ialt 11 born. Eli var blind i 18 år og låg til sengs i 8, stelt med av dotra, Karolina. Born :

MARTE (f. i Noreg) døde ei tid etter dei kom til Amerika.

NILS NILSSON f. 1877 omkom 21 år gl. under skogsarbeid.

KAROLINA NILSDTR. f. 1880, g.m. farmar Peder Davik.

Dei har 9 born. 6 lever enno. Alle tok seg godt fram.



Nils og Eli Solberg med huslyd.

MATIAS NILSSON f. i Norge, lever i Canada og har ein større farm på 500 akres, som han elles paktar bort. Sjølv lever han ugift i byen Ryley og har arbeidd ved grønelevator.

OLA NILSSON f. i Noreg, g. m. Eda Huffmann. Dei har 8 born og lever i Lemmon, S. Dak.

ELIAS ANDREAS NILSSON f. 1894, g.m. Barbra Rees, er farmar og har 5 born.

ELLA MARIE NILSDTR. f. 1892, g.m. kjøpmann Ira Skiles. Ho var ei tid lærarinne og sidan sekretær og bankbokhaldar. Er enkje utan born.

ANNE MALENA NILSDTR. f. 1897, g.m. Torvald Brocke. Ho er enkje med 4 døtre. Ei var med i krigen og ei er bokhaldar i forretning.



Ella og Iri Skiles.



Noah Solberg m. fam. på sølvbrudlaupsdagen.



Marta og Hans Hillerud med huslyd.

NOAH NILSSON f. 1899, g.m. Edith Butler. Han er mykje nytta som talar i samkomer. Dei har 3 born. Stanly, den eldste har god utdanning og er mykje nytta som radiotalar.

ELMA NILSDTR. f. 1902, g.m. Earl Tomlinson. Dei har stor farm. 4 born.

MARTHA NILSDTR., g.m. farmar Hans Hillerud og har 5 born.

Nils og Eli har ei mangment ætt etter seg. Dei fleste bur i Canada og har ei årleg samkome og held dermed ættekjensla ved lag. Karolina skriv at det diverre er berre få av dei som kan norsk.

ELIAS NILSSON SØLVBERG

f. 1869, reiste til Amerika i 1897. Han hadde ymse arbeid i S. Dakota og Minn., skogsarbeid, jarnbanearbeid og var ei tid hyrekar på ein storfarm. Han var heim til Noreg i 1906 og vart då gift med Olina Kristiansdtr. Roset. Dei stogga ei tid hos svogeren A. B. Sølvsberg, reiste så til Canada, fekk seg farm og vart der til han døde.

Dei hadde 13 born, derav 3 par tvillingar. 3 d. som barn.

MILDA ELIASDTR. f. 1907, g.m. engelsk farmar, Herbert, Sask. To born: May f. 1929 og Frances f. 1947.

NILS ELIASSON, f. 1909, er farmar, Herbert, og har to born: ALISE f. 1947 og Adeline f. 1949.

OLEANNA ELIASDTR., f. 1911, g.m. farmar Oskar Kettelson i Sask, og har fem born: Doris, f. 1937, Orvill, f. 1939, Loise f. 1941, Oskar, f. 1948 og Anita, f. 1949.

LARS ELIASSON, f. 1913, var med som friviljug i krigen — i Frankrike og Nederland, vart der g.m. ei Hollandsk dame. Dei har tre born : Sonja, f. 1946, Donis, f. 1948 og Brian, f. 1951.

OLUF ELIASSON var også med i krigen og fall under tropelandsettinga i Frankrike.

HILDA ELIASDTR., f. 1915, g.m. ein tyskar i Alberta. To barn.

EDVIN ELIASSON, f. 1915, g.m. ei tysk dame og er mjølkekøyrar i Colgury, Alberta.

CLARA ELIASDTR., er g. og har tre born.

ELLA ELIASDTR. er g.m. ein tysk snekkar og har fire born.

ALVIN ELIASSON er farmar og er dessutan linjemann for eit telefoncompani.

Pastor RAMSUS J. WISNES og sonen pastor JON C. R. WISNES ættar frå Sølvberg. Jon Antonson Sølvberg d. 82 år gl. 1839, g.m. Kari Jørgensdtr. fekk plassen Hagen eller Gardkroken på Visnes til rudning. (Vantar opplysning om kva stove han var frå). Dotter deira Kari vart g.m. Rasmus Høgalm. Deira son Jon, g.m. Eli R. Yri og deira son, Rasmus reiste til Amerika i 1871, f. 1852. Han var første nordfjording som vart prest i Amerika, hadde fire kyrkjelydar og dessutan to preikeplassar. Var prest i 50 år. «Plikttro og stillferdig røktet han sin gjerning uten brask og bram. Den gode sæd falt i god jord og bar frukt i tolmodighet.» (Etter boka om Nordf. Historie i Am.)

Om son til Rasmus som og var prest står der :

JON C. R. WISNES, f. 1885. «Foruten prestegjeringen utførte han et meget omfattende og betydelig indremissjonsarbeide.»



Agnete Sølvberg.

*Heløing frå Agnete Sølvberg, Moose,
Faw, Sask, Canada.
(Bentstova)*

Syng mig hjem til de norske fjelde
hjem til bræens glinsende tind
der hvor vidden i hele sin velde
søger at læge hvert såret sind
der hvor urens frygtelige vildhed
runder sig om bræens fod
der i den store mektige stillhed —
Syng mig hjem til dalens stille ro.

Syng mig hjem til de søer blanke
hjem til de dybe fjorde blå
der hvor fjeldet med sin bratte manke
speiler sig i vover små.
Der hvor kirkebåt om søndag stevner
til barnedåp og til brudeferd.
Syng det ut, ja syng alt du evner,
for også her går den siste ferd

Syng mig hjem til de grønne lider,
hvor blomsterfloret så herlig står,
der hvor du til alle tider
en stille hilsen fra skogen får,
der hvor fugleskaren herlig gynger
og livlig hopper fra gren til gren,
med sin sang naturen forynger
og gir dig en sjælestemning ren.

Syng mig hjem, når elven rigtig larmer
og fosser over sten til fjordens favn,
når solen over åsen mildt opvarmer
og vekker alt til liv fra vintrens savn,

når birken i den grønne dragt sig klæder,
og aspen skjelver for den lette bris,
når vesle symra til nytt liv sig glæder,
og heggen blomstrer op til vårens pris.

Syng mig hjem at høre havets brusen,
når øens fod den vasker rundt omkring
at se dets kraft, når vildt i stormens brusen
det går mot klippen i sterke spring,
når fiskerbåten ifra landet stevner
og strekker seil for at komme frem
imellem bråt i de dype revner.
Gud sign dig Norge med de tusind hjem.

Ja, syng mig hjem til al naturens glæde,
som i min ungdom den så rigt mig gav.
Når jeg er træt og endt er mine kvæde
da giv mig i din fædrejord en grav.
En gang mer jeg lysted at få skue
din pragt underskjønne fædreland,
se lyset over dine fjelde lue
omkring din pande og skumklædte strand.

Skinnbrevet som ligg i Inntun lyder slik :

D.N. 18 nr. 4, Alda ikring 1340.

Ollum monnum peim sem petta bref sia eda heyra sender Simun prestr i Allda Torstæin kamr Gunnar a Sundi q, g. ok sina ver gerom ydr kunnikt at par varv mer i hia ok saam a handa banda pæirra Kalfs a Karstade (?) ok Azstridar Æiriks dottor lyanz um halfs manada (matar?) læigu i æfrom tonum firir nedan bergh i Sellsberghum mædr ollum lunnendum peim sem till hafva leget at formo ok at nyiu kæypti Kalfr mædr fullu kaupi ok fulri lykt af fyrnerfdu Astrid ok till sanenda her um settum mer fyrnemfde men var insigli firir detta bref ok kaup ver gud med ydr no ok iafmnan amen.

Omsett :

Til alle menn som ser eller hører dette brevet, sender Simun prest i Olden, Torstein kãm og Gunnar på Sunde Guds hel-

sing og si eigi. Me gjer kunnigt for dykk at me var til stades der og såg på handetaket millom Kalv på Kårstad og Astrid, dotter til Erik lyand, um ei halv månads (mat)-leige i det øvre tunet nedanfor berget i Sølvsberg med alle lunnende som til hev lege i gamal og ny tid. Kalv kjøpte med fullt vederlag og full betaling av fyrrnemnde Astrid, og til stadfesting på dette sette me fyrrnemnde menn våre innsigle under dette brevet og kjøpet. Gud vere med dykk no og alltid, amen.

*

H a n d t a k var stadfesting på ei avtale.

M a n a d a r m a t r var mål for landskyld.



Prøve av furu frå Sølvbergskogen.
Denne har i brysthøgde over 3 m kringmål.